

Kulturminne i Ulstein. Kva fortel dei om oss ?
Ei drøfting av kulturminnevern, identitet og nasjonalisme.



Frode Håvard Pilskog

Hovudfagsoppgåve i arkeologi
ved Det Samfunnsvitenskaplige fakultet
Universitetet i Tromsø

Hausten 2000

Forord

Arbeidet med denne oppgåva byrja hausten 1996. Det var Reidar Bertelsen som først gav meg idèen til å skrive om kulturminne og kulturminnevern. Han fortalte meg og om det komande Kulturminneåret 1997.

Brit Solli har vore rettleiar for denne oppgåva. Ho introduserte meg for ei verd full av NOU, St. meld. og Ot. prp. Takk for utvising av stort tolmod og raske tilbakemeldingar.

Ein takk går og til Bergljot Solberg ved Bergen Museum som letta tilgangen til Topografisk Arkiv for meg.

Ulstein kommune har og vore hjelpsame. Både ved tildeling av stipend frå Nordvest legatet 1997, og ved kultursjef Olav Sæter som hjalp til både ved utsending av spørjeskjema og informasjon kring Kulturminneåret 1997.

Ein stor takk går til alle informantane som har stilt opp for meg. Ikkje berre for at dei har teke seg tid til å svare på spørsmåla mine, men og fordi dei har gjeve meg sine syn og vurderingar om ting som er viktige for dei.

I tillegg til informantar vil eg særleg takke Johan Ottesen, Odd Magnus Osnes, Brita Waage Linge, Johannes Liavåg og Anders Hustadnes som har gjeve meg tilgang til eit stort og interessant materiale.

Farmora mi, Berta Pilskog, fortentar ein stor takk for all bakgrunnsinformasjon ho har gjeve meg om Hjørungavåg.

Øyunn Kleiva ved Møre og Romsdal fylkeskommune skal og ha stor takk for diskusjonar som har vore både utfordrande og stimulerande.

Delar av oppgåva vart skrive under feltarbeidet i Ulsteinvik, men eg hadde vanskar med å distansere meg frå materialet. Det har difor vore viktig for meg å ha eit stimulerande miljø rundt meg, noko eg har hatt ved Institutt for arkeologi her i Tromsø. Ein stor takk går difor til både tilsette og medstudentar.

Gro Anita Bårdseth, Bente Anita Pilskog og Marianne Eldorhagen har lese korrektur og kommentert både språk og innhald. Trude Fjæran Tveit, Arvid Pilskog, Geir Sørum og Anne Tømmervåg har lese gjennom og kommentert delar av oppgåva. Takk for all den tid og flid dykk har lagt i å rette opp feil og upresise tolkingar. Dei feil som måtte vere igjen, er det fullt og heilt eg sjølv som står for.

Sist, men ikkje minst vil eg takke foreldra mine, Arvid og Sylvei Pilskog, som i samband med feltarbeidet stilte husrom, bil og datamaskin til disposisjon.

Tromsø, 15.09. 2000

Frode Håvard Pilskog

Liste over figurar:	III
Stuttingar:	IV
KAP. 1.0 INNLEIING	1
PROBLEMSTILLING.....	1
OPERASJONELLE PROBLEMSTILLINGAR.....	2
OPPBYGGINGA AV OPPGÅVA	2
KAP. 2.0 UNDERSØKINGSOMRÅDET	5
KAP. 3.0 TEORETISKE PERSPEKTIV	8
KAP. 3.1 DEBATTEN OM POSTMODERNISME.....	8
<i>Kap. 3.1.2 Postmodernistisk påverknad i arkeologien</i>	14
KAP. 3.2 PRESISERING AV ULIKE OMGREP I KULTURMINNELOVA.....	17
<i>Kap. 3.2.1 Kulturminne</i>	17
<i>Kap. 3.2.2 Kulturmiljø</i>	20
KAP. 3.3 DRØFTING OG PRESISERING AV SENTRALE OMGREP OG TEMA.....	21
<i>Kap. 3.3.1 Identitet</i>	22
<i>Kap. 3.3.2 Nasjonalisme</i>	28
<i>Kap. 3.3.3 Kulturarv</i>	30
<i>Kap. 3.3.4 Segn, myte og historieskaping</i>	31
KAP. 3.4 OMGREP SOM KAN NYTTAST TIL STUDIE AV KULTUR.....	35
KAP. 3.5 SAMANDRAG	38
KAP 4.0 UTVIKLINGA AV KULTURMINNEVERNET OG LOVVERKET	40
KAP. 4.1 DEI FØRSTE REGISTRERINGANE PÅ VESTLANDET	40
KAP. 4.2 INTERESSENE FOR KULTURMINNE OG INNSAMLINGAR I BERGEN.....	42
KAP. 4.3 UTVIKLINGA AV KULTURMINNEVERNET	45
KAP. 4.4 SAMANDRAG	52
KAP. 5.0 METODE OG MATERIALE	55
KAP. 5.1 KVALITATIV OG KVANTITATIV METODE.....	55
KAP. 5.2 DET “ARKEOLOGISKE” MATERIALE.....	57
<i>Kap. 5.2.1 Topografisk Arkiv</i>	58
<i>Kap. 5.2.2 Reiseskildringar og bøker som omhandlar Ulstein kommune</i>	59
KAP. 5.3 EIGENPRODUKSJON AV DATA.....	59
<i>Kap. 5.3.1 Feltarbeidet</i>	59
<i>Kap. 5.3.2 Spørjeundersøking</i>	60
<i>Kap. 5.3.3 Intervjua</i>	61
<i>Kap. 5.3.4 Lokal litteratur</i>	62
KAP. 5.4 LOVER OG REGLAR FOR BRUKEN AV MATERIALET	63
KAP. 5.5 FORSKINGSETIKK OG BRUKEN AV MATERIALE I DENNE OPPGÅVA	63

KAP. 5.6	SAMANDRAG	65
KAP. 6.0	NASJONAL IDENTITET. BRUKEN AV FORTIDA I NOTIDA	66
KAP. 6.1	SLAGET I HJØRUNGAVÅG.....	67
	<i>Kap. 6.1.1 Forteljinga.....</i>	68
	<i>Kap. 6.1.2 Kven var egentleg jomsvikingane ?</i>	70
KAP. 6.2.	JOMSVIKINGSLAGET SOM EIGE FELT	72
	<i>Kap. 6.2.1 Tidlegare kampar i vikingslagfeltet</i>	74
	<i>Kap. 6.2.2 Det moderne vikingslaget 1975-1986</i>	80
KAP. 6.3	KORLEIS JOMSVIKINGSLAGET VART NYTTA I EIN NASJONAL IDENTITETSPOLITIKK	92
KAP. 6.4	JOMSVIKINGSLAGET ETTER 1000 ÅRS FEIRINGA	102
KAP. 6.5	SAMANDRAG	106
KAP. 7.0	ÅRETS KULTURMINNE 1997.....	108
KAP. 7.1	KULTURMINNEÅRET 1997 OG KULTURMINNESTAFETTEN	108
KAP. 7.2	SKJERVØYBUDA, ÅRETS KULTURMINNE I ULSTEIN 1997.....	109
KAP. 7.2	ARGUMENT FOR VERN OG FJERN.....	112
	<i>Kap. 7.2.1 Synspunkt hjå dei som vil verne.....</i>	112
	<i>Kap. 7.2.2 Synspunkt hjå dei som vil rive.....</i>	114
KAP 7.3	KONKLUSJON OG SAMANDRAG.....	116
KAP. 8.0	OSNES OG OSHAUGEN	117
KAP. 8.1	”ARKEOLOGISK” KUNNSKAP KRING OSHAUGEN OG OSNES.....	118
KAP. 8.2	LOKAL KUNNSKAP KRING OSHAUGEN OG OSNES	122
KAP. 8.3	ARKEOLOGISK UNDERSØKING AV OSNES 1999	128
KAP. 8.4	DRØFTING AV DEI LOKALE FORTELJINGANE OG KULTURMINNEVERNET	130
KAP. 8.5	SAMANDRAG	134
KAP. 9.0	KVA FORTEL KULTURMINNA OM OSS ? DRØFTING OG AVSLUTTANDE KOMMENTARAR.....	136
LITTERATUR:		140
	OFFENTLEGE UTREDINGAR OG LOVVERK:	149
	ANDRE KJELDER:	150
	<i>Dateringar:</i>	150
	<i>Internett:.....</i>	151

Liste over figurar:

<u>Figur 1 Ulstein kommune med kart over dei ulike krinsane. Ukjent målestokk.</u>	
<u>Illustrasjon: Tegneren (Inett 1)</u>	5
<u>Figur 2 Ulsteinvik med stadar og kulturminne som er nemnt i oppgåva. Foto: H. M. Valderhaug 1996 © Rolls-Royce Marine As</u>	6
<u>Figur 3 Vraket på Osnessanden. Faksimile, Vb/Vp 12. 02 1998</u>	18
<u>Figur 4 Arkeologen målar opp vraket. Faksimile: Vb/Vp 12.02 1998</u>	19
<u>Figur 5 Garden Osnes i Ulstein kommune.</u>	21
<u>Figur 6 Riksantikvaren er eit av fleire direktorat innan Miljødepartementet (Inett 5).</u>	49
<u>Figur 7 Organiseringa av kulturminnevernet (Inett 6)</u>	50
<u>Figur 8 Kart over stadar knytt til slaget i Hjørungavåg.</u>	67
<u>Figur 9 Sigvalde jarl gjer lovnad ved minneskåla. Teikning: Halfdan Egedius © Nasjonalgalleriet 1999.</u>	68
<u>Figur 10 Uveret, Hjørungavåg. Teikning:Gerhard Munthe ©Nasjonalgalleriet 2000.</u>	69
<u>Figur 11 Bue hoppar over bord med skattekestene sine. Teikning: Jon Dale.</u>	
<u>Illustrasjonen: Waage 1986:49.</u>	70
<u>Figur 12 Fortida i tabliod utgåve. Faksimile: Dagbladet 17.08 1986</u>	70
<u>Figur 13 Hjørungavåg © Hareid kommune / Fjellanger Widerøe 1997 (Inett 8)</u>	78
<u>Figur 14 Nasjonalmonumentet (Inett 9)</u>	81
<u>Figur 15 Stadar i Hjørundfjorden som er knytt til slaget i Hjørungavåg. Teikning: Anders Hustadnes. Faksimile: Sp 27.01. 1983</u>	82
<u>Figur 16 Lokalavisa ynskjer kong Olav velkomen.</u>	94
<u>Figur 17 Skjervøybuda. Faksimile Vb/Vp 04.09 1997</u>	110
<u>Figur 18 Oshaugen</u>	118
<u>Figur 19 Gullringen frå Oshaugen. Figur: Andersson 1993a Plansje 12.</u>	121
<u>Figur 20 Myrpinningar</u>	125
<u>Figur 21 Osnes 1952. Foto: © Johan Ottesen</u>	126
<u>Figur 22 Tunet på Osnes frå om lag 1860. Teikning: Peder Fritz Waage.</u>	127
<u>Figur 23 Fordelinga av teigar på Osnes rundt 1868</u>	127
<u>Figur 24 Felteikning frå Osnes.</u>	129
<u>Figur 25 Skisse av vegen mellom prestegarden i Dimnasund og kyrkja på Ulstein.</u>	132

Framsidedfoto: Ulsteinvik. Foto: H. M. Valderhaug 1996 © Rolls-Royce Marine As.
Figurar utan referanse er laga av forfattaren sjølv.

Stuttingar:

Aviser:

Vb Vikebladet.

Vp Vestposten.

Vb/Vp Vikebladet/Vestposten. Desse to lokalavisene vart slått saman i 1989.

Sp Sunnmørsposten.

M-N Møre-Nytt. Lokalavis som hovudsakleg dekkjer Ørsta kommune.

SA Sunnmøre Arbeideravis.

Db Dagbladet.

Afp Aftenposten.

Offentlege instansar:

Md Miljøverndepartementet.

Ra Riksantikvaren.

Bm Bergen museum (tidlegare Historisk Museum i Bergen).

MRfk Møre og Romsdal fylkeskommune.

Arkiv

Ta Topografisk Arkiv. Bergen museum, Universitetet i Bergen

”Men jeg tror nesten vi er gjengangere alle sammen, pastor Manders. Det er ikke bare det vi har arvet fra far og mor som går igjen i oss. Det er alle slags gamle avdøde meninger og alskens gammel avdød tro og slikt noe. Det er ikke levende i oss; men det sitter i likevel, og vi kan ikke bli det kvitt. Bare jeg tar en avis og leser i, er det liksom jeg så gjengangere smyge imellom linjene. Der må leve gjengangere hele landet utover. Det må være så tykt av dem som sand, synes jeg. Og så er vi så gudsjammerlig lysredde alle sammen”

Fru Alving i Henrik Ibsen ”Gengangere” 1881

Kap. 1.0 Innleiing

Mykje av grunnlaget for faget arkeologi slik det vert utøvd i dag, er som forskning kring og forvaltning av kulturminne. Kulturminna utgjer ein stor del av det vitenskaplege kjeldemateriale i arkeologisk forskning. For arkeologien som fag er det difor ikkje berre interessant å studere dei fysiske leivningane etter menneskeleg verksemd, men og dei ulike meiningsinnhalda knytt til desse leivningane.

I lovverket er kulturminne definert som ”alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til” (Lov om kulturminne 3. juli 1992 §2 første ledd). Med andre ord er kulturminne noko i den fysiske verda som enten er skapt av menneske eller noko som er gjeve eit meiningsinnhald av menneske. Område der kulturminne inngår i ein samanheng eller som del av ein større heilskap vert etter kulturminnelova definert som kulturmiljø. Formålet med å verne kulturminne og kulturmiljø er: “Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som ein del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning” (Lov om kulturminne 3.juli 1992 §1 første ledd). Vidare vert det slått fast at vern av kulturminne og kulturmiljø er eit nasjonalt ansvar både som “vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og fremtidige generasjoners opplevelse, selvforståelse, trivsel og virksomhet” (Lov om kulturminner av 3. juli 1992 §1 andre ledd).

Målsetjinga i denne hovudfagsoppgåva er å synleggjere ulike meiningsinnhald knytt til kulturminne, og dermed synleggjere korleis folk identifiserer seg med kulturminna. Vidare er målet å drøfte korleis fortida vert brukt og forstått av både folk, politikarar og fagfolk. Utgangspunktet for drøftingane er Ulstein kommune med omeign i Møre og Romsdal. Materialet som oppgåva byggjer på er samla inn gjennom eit feltarbeid, der det vart gjennomført 17 intervju, samt ei spørjeundersøking. I tillegg vart det samla inn materiale gjennom arkivsøk i aviser og i Topografisk Arkiv i Bergen Museum.

Problemstilling

Den overordna problemstillinga er å undersøke kva slags meiningsinnhald det vert lagt i kulturminne og kulturmiljø. Vidare vil eg undersøke utsegna i kulturminnelova

om kulturminne og kulturmiljø dannar grunnlag for nolevande og framtidige generasjonar sine opplevingar, sjølvforståing, trivsel og verksemd. Korleis identifiserer folk seg med fortida via ulike kulturminne og kulturmiljø ? Korleis vert kulturminna og kulturmiljøa forstått og brukt av dei folka som lova gjeld for ? Korleis vert kulturminne nytta for å skape identitet og kva slag identitet ?

I følgje Kulturminnelova er det eit nasjonalt ansvar å ta vare på kulturminne og kulturmiljø. Anders Johansen har hevda at “Nasjonal identitetsfølelse er mer utbredt og grunnfestet i dag enn for hundre år siden” (Johansen 1995:17). Stemmer dette, og kan det då vere slik at det ikkje berre er nasjonen som tek vare på kulturminne og kulturmiljø, men at desse “ressursane” faktisk kan ha vore, og er med på å styrke og vedlikehalde identifikasjonen til nasjonen Norge ? Korleis vert kulturminne og kulturmiljø gjeve eit nasjonalt meiningsinnhald og nytta for å skape identifikasjon til nasjonen Norge ?

Operasjonelle problemstillingar

Operasjonelle problemstillingar i denne oppgåva er korleis ein skal få tak i informasjon om kva folk tykkjer. Korleis skal ein fange opp meiningsinnhaldet folk gjev kulturminne og kulturmiljøa ?

Oppbygginga av oppgåva

I byrjinga av oppgåva (kap. 2) vil eg presentere undersøkingsområdet. Dette vil eg gjere gjennom å presentere ein del lokalhistorie. Grunnen til dette er at lokalhistoria skal danne ei bakgrunnsramme for vidare drøftingar.

Vidare vil eg gå nærmare inn på dei teoretiske perspektiva som gjer dei nemnte problemstillingane aktuelle (kap. 3.1, 3.1.2). Deretter vil eg drøfte og presisere ein del omgrep som kulturminnelova nyttar, og klargjere desse (kapittel 3.2-3.3). Eg vil og drøfte kva som eg meiner er god og dårleg forskning (kap. 3.3.4). I tillegg kjem eg inn inn på omgrep som kan nyttast i løysinga av problemstillinga (kapittel 3.4).

Alle døma eg nyttar i drøftinga av teoretiske perspektiv er henta frå undersøkingsområdet.

I kapittel 4 vil eg gje eit innblikk i korleis tanken omkring vern av kulturminne utvikla seg. Meininga er ikkje å gje ei altomfattande forskingshistorie omkring temaet, men å gje ei kort innføring med vekt på hendingar og personar knytt til undersøkingsområdet. Samstundes vil eg forklare kven som skal forvalte ressursane som Kulturminnelova seier at kulturminne og kulturmiljø er.

Dei operasjonelle problemstillingane vil verte tekne opp i kapittel 5. I tillegg vil eg synleggjere korleis eg fekk tak i og korleis eg nyttar materialet.

I kapittel 6-8 vil eg drøfte problemstillingane med tre dømer.

I det første dømet (kapittel 6) vil eg synleggjere korleis det vert kjempa om den geografiske plasseringa av ei historisk hending. I dette dømet har ein ikkje klare fysiske leivningar som klart knyt forteljinga til ein geografisk stad. Her vil eg fokusere på korleis ein identifiserer seg med fortida og kva som vert lagt i ho. I tillegg vil eg her ta opp korleis fortida vert brukt for å skape og vedlikehalde ein nasjonal identitet.

Det andre dømet tek for seg stridane rundt eit nyare tids kulturminne som står i fare for å øydeleggjast. Striden og løysinga av han vil eg kome inn på i kapittel 7. Dette kapitlet vil og kome inn på kva for verdiar ein gjev eit nyare tids kulturminne og korleis ein argumenterer for vern av det lokalt.

I kapittel 8 vil eg fokusere på det største automatisk freda kulturminne i undersøkingsområdet. Korleis vert dette kulturminne opplevd og fortolka lokalt. Kva slag "historiske hendingar, tru eller tradisjonar" vert det lagt i kulturminnet og kva tydingar kan det liggje i desse ?

Det finnast mange andre problemstillingar knytt til den overordna problemstillinga. Desse har eg valt å ikkje gå inn på. Dette er blant anna kvifor folk som finn gjenstandar i jorda vel å behalde desse framfor å gje dei frå seg til styresmakta. Grunnen til at eg ikkje har teke opp dette tema er fordi eg må avgrense dei ulike problemstillingane innanfor rammene til ei hovudoppgåve.

I tillegg har eg heller ikkje gått inn på korleis kulturminne, -miljø og fortid vert fortolka og nytta i forhold til kjønn, alder og yrke. Eit slikt fokus er interessant, men

for å gjennomføre hovudfagsoppgåva har eg valt å fokusere på folk som har uttrykt sitt syn offentleg, samt folk som bur i nærleiken av automatisk freda kulturminne. Hovudvekta av informantane var menn, sjølv om dette ikkje var tilsikta.

Hovudoppgåva har ikkje som mål å gje eit altomfattande svar på problemstillingane, men heller drøfte problemstillingane innanfor eit mindre geografisk område. Målsetjing er korkje å gje eit oversyn over kulturminne og kulturmiljø i undersøkingsområdet eller å gje eit oversyn dei immaterielle sidene ved desse.

Kap. 2.0 Undersøkningsområdet

Eg har i drøftinga av problemstillingane valt å avgrense materialet geografisk ved å nytte materiale samla frå eit mindre geografisk område, Ulstein kommune med omeign på Sunnmøre i Møre og Romsdal. Grunnen til valet av dette området er fordi eg sjølv har vakse opp her, og har opplevd både kulturminna og menneska som fortolkar desse.



Figur 1 Ulstein kommune med kart over dei ulike krinsane. Ukjent målestokk. Illustrasjon: Tegneren (Inett 1).

Ulstein kommune dekkjer 97 km² og ligg omlag 20 km i luftline sørvest for den største byen i Møre og Romsdal, Ålesund. Som topografen og presten Hans Strøm allereie omtala i 1766, har Ulstein kommune ”ei nogen Deel i det faste Land, men bestaaer af lutter Øer, som alle er smaae og lidet betydelige, undtagen Hareidlandet og Dimøe” (Strøm [1766] 1952:394). Hareidlandet er den største øya på Sunnmøre, og ”den sentrale øya i det øyriket vi møter nord for Stadlandet” (Bjåstad 1970:10). Nord for øya møtest den ytre og ei indre skipslei. Hareidlandet skal tidlegare heitt Hod, noko ein i dag finn i namnet til det lokale fotballaget Hødd.

Totalt i Ulstein kommune bur vel 6550 innbyggjarar, der om lag 3600 bur i kommunesenteret Ulsteinvik. Når folk i Ulstein snakkar seg i mellom er Vik (som er gardsnamnet) den vanlegaste omtalen for Ulsteinvik. Stadnamnet Ulsteinvik vart fyrst nytta frå midten av 1700-talet då personar utanfrå sette saman gardsnamnet med namnet på soknet. Dermed skilte ein Ulstein (soknet) si Vik frå dei mange andre stadane med same gardsnamn (Steinnes 1991:59). Ulstein (jfr. fig. 1) er kjent som kyrkjestad frå mellomalderen fram til 1878. Kyrkja som stod her brann ned i 1848 og

den nye kyrkja som var sett opp på Ulstein vart i 1878 flytta inn til Vik. Dette har samanheng med at Vik peika seg frå slutten av 1800-talet ut som eit sentrum. Dette kan kome av det frå byrjinga av 1800-talet vart bygt vegar (initiert av administrasjonen med lokale bøndene som pliktarbeidarar) og at kommunikasjonsvegane endra seg (Bjåstad 1977:332:361).



Figur 2 Ulsteinvik med stadar og kulturminne som er nemnt i oppgåva. Foto: H. M. Valderhaug 1996 © Rolls-Royce Marine As

Vik vart det naturlege sentrum etter kvart som vegane fekk meir å seie for samferdsla og hamnetilhøva var gunstige for dampskipsruter der. Ei folketeljing frå 1865 syner at dei to landhandlarane i kommuna heldt til på dei små øyane (Borgarøya og Håkonsholmen) ved skipsleia, medan alle landhandlarane i 1891 var samla i Vik (Rinde 1968:5-12). På 1800-talet klaga Amtmannen stadig over bøndene i området. Sal av jordbruksprodukt kom seint i gong, då fangsten frå fiskeria i det vesentlege vart seld og skaffa kontantar (Rinde 1968:105-106). I byrjinga av 1800-talet var det sjeldan at ein person kunne leve av fiske åleine, men mot slutten av hundreåret vart fiske (med skøytedrift og bankfiske) etter kvart meir eit heilårsyrke (Rinde 1968, Bjåstad 1977:287-299). På slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet vart det sett opp fleire sjøbuder i Vik og på Saunes (som i dag er ein del av Ulsteinvik sentrum).

Frå desse vart det teke imot fisk og frå her kunne ein ruste ut til nye turar (jfr. kap7). Frå 1930-talet vart det starta opp fleire skipsverft i området, blant anna Kleven (som ligg i nærleiken av den gamle prestegarden i Dimnasundet), Ulstein (ligg mellom Vik og nabogarden Osnes) og Hatlø (som låg ved odden av Osnes) (jfr. fig 2). Desse skipsverfta som i byrjinga dreiv repressasjonar for fiskeflåten, ekspanderte og vart frå 1960-talet dominerande i økonomien, både lokalt og regionalt. Verfta driv i dag på den internasjonale marknaden.

Dei siste 40 åra har medført store endringar i ikkje berre økonomien i området, men og i landskapet. Ein del av endringane var planlagt i tråd med reguleringsplanane til ingeniør P.A. Melbye frå 1941, arkitekt Sverre Pedersen frå 1953 og arkitekt firmaet Fjellanger frå 1969. Desse planane har ført til at heile sjøsida av Vik er i dag fylt ut og asfaltert. Ikkje alle landskapsendringane i Ulstein vart utført i tråd med reguleringsplanar. På Osnes førte ekspansjonen innan verftsindustrien til at store delar av landskapet vart sprengt ut og fylt igjen. I løpet av 1970-talet tok verftsindustrien seg til rette på Osnesodden og starta sprengningsarbeid utanfor området som var avsett til deira føremål (Steinnes 1991:115-120). Ulstein og Hatlø verft vart samanslått til ei bedrift i 1974 og det vart då naudsynt å byggje ein transportveg mellom dei to delane. Dette førte til at vika imellom desse (Ottavika) vart fylt igjen. På Osnes er det fortsatt (sommaren 2000) strid kring ein ekspanderande industri og dei fastbuande. I kapittel 7 og 8 kjem eg inn på kulturminne og kulturmiljø som vert påverka av desse landskapsendringane og ein del av stridane dette medfører.

Tidlegare såg innbyggjarar på seg sjølv som bygdefolk (jfr. kap. 3.3.1), men sommaren 2000 fekk Ulstein bystatus. Grunngevinga for at Ulstein skulle ha bystatus var at dette skulle styrke Ulstein som eit næringssentrum på ytre søre Sunnmøre. Bygdefolket vart ikkje rådført gjennom val og var lite budde på at dei skulle verte bymenneske. Om ein i Ulstein vil identifisere (jfr. kap. 3.3.1) seg som bymenneske får framtida syne.

Kap. 3.0 Teoretiske perspektiv

I 1992 vart det gjort ein del endringar i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner (Kulturminnelova). Ei av endringane var at omgrepet “kulturminne” vart redefinert (jfr. definisjon i innleiinga kap. 1.0). I høve til tidlegare legg ein meir vekt på kulturminne er noko er knytt “historiske hendelser, tro eller tradisjon til” (Kulturminnelova 3. juli 1992). Med ein slik definisjon kan eit kulturminne vere nesten alt mogleg berre det er i det fysiske miljøet. Definisjonen opnar for å studere korleis ein knyt historiske hendingar, tru og tradisjon til kulturminna.

Kulturminnelova sin definisjon av kulturminne forutset at kulturminna er del i ein sosial prosess. Nokon må knyte/ha knytt historiske hendingar, tru eller tradisjon til kulturminna. Målsetjinga med denne oppgåva er nettopp korleis folk knyt historiske hendingar, tru og tradisjonar til desse fysiske objekta. For å gjennomføre dette vil eg i kapittel 3.2 drøfte og presisere omgrep som er nytta i kulturminnelova. Vidare vil eg diskutere omgrep som er sentrale for oppgåva (kapittel 3.3). For å nytte desse i praksis treng ein og eit vidare omgrepsapparat (kap. 3.4). Dette omgrepsapparatet skal klargjere sosiale prosessar kulturminne er ein del av, noko eg vil nytte i kapittel 6. Problemstillingane og målsetjinga i denne oppgåva har tradisjonelt ikkje vore så vanlege innan arkeologien. Eg vil difor fyrst gå inn på vitskapsfilosofiske debattar som eg meiner har påverka arkeologien, og som har gjort det mogleg å fokusere på problemstillinga. Kapittel 3.1 vil difor gje ein introduksjon til debatten kring postmodernisme, ein debatt som eg meiner har hatt påverknad for kva problemstillingar, arbeidmetodar og materiale eg kan arbeide med. Vidare vil kapittel 3.1.2 syne at debatten kring postmodernisme har påverka arkeologien og at dette har ført til at temaet som denne oppgåva tek opp er aktuelt. Introduksjonen vil og gje ein bakgrunn for drøftinga av sentrale omgrep i oppgåva (jfr. kap. 3.4). Postmodernisme har skapt debattar innan mange fagfelt om kva vitskap er og om det finst standardar for vitskap i det heile. Kva er god og kva er dårleg vitskap ? Eit døme på kva eg meiner er dårleg vitskap og kvifor vil eg gje i kap. 3.3.4.

Kap. 3.1 Debatten om postmodernisme

Både i vitskaplege avhandlingar, aviser og i dagleglivet støyter ein ofte på omgrepet postmodernisme. Omgrepet er så mykje nytta at det kan vere vanskeleg å forstå kva

det viser attende til. Kapitlet vil klargjere kva eg legg i omgrepet og korleis eg vil nytte det.

I staden for å skrive om postmodernisme som ei felles nemning, vil eg nytte omgrepet til å omhandle ulike teoretiske perspektiv innan vitskapen. Dette i relasjon til postmodernitet som eg vil nytte om samfunnstilstandar. Den samme distinksjonen vil eg leggje i modernisme og modernitet.

Det er særskilt tre omgrep som kjenneteiknar moderniteten. Desse er omgrepa kan karakteriserast som store-forteljingar (meta-forteljingar) om *det frie individ*, *fornufta* og *framsteget* (Østerberg 1999:11-13). I følgje sosiologen Dag Østerberg utgjer desse omgrepa den kulturelle "hovedkoden", ikkje berre i Vesten, men snart over heile verda (Østerberg 1999:11-13). I tidsperspektiv så kan ein seie at desse forestillingane byrja å gjere seg gjeldane frå 1600-t og utover. Dette medførte ei mentalitetsending i folks syn på omgjevnadane sine. Ein får ei meir mekanisk oppfatning av naturen, der idear om sjel, mening og formål i naturen vert erstatta av ei forestilling om naturen som ei samling av materielle (sjellause) objekt som er underlagt naturlover. Forandring, utvikling og rytmar i naturen vert tilskrivne mekaniske krefter og påverknader (Guneriusen 1996:35).

Moderniteten har samanheng med erkjenningsmessige brot innan filosofi og utviklinga av nye syn på vitskap. Kring 1600-talet skjil ein modernistisk vitskap seg ut og dannar ei eiga sfære. Idehistorikaren Espen Schaanning (1993a) har sett opp 5 punkt som han meiner kjenneteiknar modernismen. Desse er:

- 1) trua på sanninga og metoden,
 - 2) på siste-instansar,
 - 3) på avsløringsstrategien,
 - 4) på framsteget,
 - 5) fridomen
- (Schaanning 1993a:8-25).

Innan modernistisk forskning vert desse fem punkta sett på som meir eller mindre sjølvsgatte. Eg skal ikkje gå nærmare inn på dei fem punkta her, då desse allereie er skildra av Schaanning 1993a:8-25) sjølv. Innan arkeologisk litteratur er fem liknande punkt drøfta av Lise Nordenborg Myhre (Myhre 1994:29ff).

Hjå filosofen Descartes og fleire etter han vert *metoden* nærmast vert ein naudsynt føresetnad for eit kvart filosofisk system (Schaanning 1993a:9). Modernismen er

positivistisk, det vil seie at ein trur det er mogleg å kome fram til sikker viten. For å nå målsetjinga må ein utviklar dei rette metodane. Metoden vert dermed ein garantist for sanninga. Målsetjinga med den cartesianske metoden er å skilje fornuft og kjensler, og deretter byggje den sanne erkjenninga på *fornufta* (Descartes, Kant o.s.b.). Ein kunne og byggje erkjenninga på *sansane* (empirismen frå Locke, Berkeley, Hume o.s.b.). Ved å referere til *sansane* og *fornufta* hadde ein og som mål å avsløre og fjerne fordomar, overtru, vanetenking og falsk medvit. Strategien vart då å avsløre tenking og kome fram til bakomliggjande årsakar. Tenkning vart hjå Karl Marx avslørt til å vere ideologi, hjå Nietzsche vart det avslørt ein vilje til makt og hjå Freud driftene (Schaanning 1993a:11-12). Bak desse avsløringsstrategiane var ei forestilling om utvikling og framsteg knytt til dei ”fornuftige” metodene ein nytta. Frå 1800-talet vert den optimistiske framstegstrua frå opplysningstida kopla til utviklinga av fornufta i romantikken (særleg hjå Herder og Hegel). Utviklinga vert no driven fram av fornufta sitt arbeid med seg sjølv (Hegel), økonomiske interesser sin innbyrdes kamp (Marx) eller forskjellige artar sin kamp mot kvarandre for å overleve (Darwin). Ei utbreidd forestilling var at utviklinga var noko som menneske sjølve kunne styre og forme. Denne forestillinga set menneske i sentrum, og gjev det både fridom til å utvikle sin eigen personlege individualitet og fridomen til å kunne setje historia inn på rett spor (Schaanning 1993a:12-14).

Omgrepet postmodernitet vert nytta i ei tid der ein har hatt erfaringar Holocaust, atombomber, og naturkatastrofer. Erfaringar som desse har gjort at folk har byrja å tvile på framsteget, fornufta og det frie individ. Det har vorte lettare å sjå baksida ved utviklinga. Atom- og genteknologi gjev oss like mange problem som løysingar. Framsteget fører ikkje framover, vår ”viten” er korkje uskyldig, enkel eller utvetydig, og fornufta er ikkje berre fornuftig. Dei store forteljingane kring framsteget er ikkje lenger så truverdige (Lyotard 1996, 1999:320, Røssaak1998:21-22, Østerberg 1999:11-13).

På 1970-talet fekk den franske filosofen Jean-Francois Lyotard i oppdrag av Universitetsrådet i Quebec å skrive ein rapport om vitskapen i høgt utvikla samfunn (Lyotard 1996:9). Det var her at omgrepet om ”det postmoderne” fyrst vart lansert i ein større filosofisk og intellektuell samanheng, og det er særskilt denne boka som har gjort termen ”postmodernisme” meir kjent (Alvesson og Sköldberg 1994:223).

Termen postmodernisme har vore nytta i fleire samanhengar og innafor fleire fagområde sidan byrjinga av det 20. århundre, men frå 1960 åra byrja ein debatt om postmodernisme med utgangspunkt hjå amerikanske kunst- og litteraturkritikarar, som Leslie Fiedler, Susan Sontag og Ihab Hassan (Røssaak 1998:16-18). Debatten spreidde seg til fleire felt og endra karakter. Inspirasjonen til postmodernismen kom frå nyare fransk vitskapsteori. Amerikanske institusjonar og tidsskrifter oppfordra franske filosofar og teoretikarar som Michel Foucault, Jacques Derrida, Jean-Francois Lyotard og Julie Kristeva til å ta opp problemstillingar knytt til postmodernisme (Røssaak 1998:19-21). Termen ”postmodernisme” var meint å femne om analyser og teser som allereie eksisterte i europeiske og amerikanske teoriar kring kultur og samfunn (Røssaak 1998:21).

I staden for å knyte utviklinga av vitskapen som fornuftig, tek Lyotard utgangspunkt i Ludvig Wittgenstein sine omgrep kring språkspel (Lyotard 1996:23-26). Meininga her at språket ikkje primært er eit teiknsystem som uttrykker ting i verda, men at språket er eit ”spel” som brukarane nyttar kvar gong dei brukar det. For å kunne delta i dei ulike spela må ein ha ein viss kompetanse, eit visst kjennskap til terminologi, metode, forklaringsmodellar, gangbare argumentasjonsmåtar o.s.b. For å verte sett på som ”innafor” må ein kjenne til og kunne bruke dei riktige spelereglane (Schaanning 1993a:26-27). Det vitskapelege språkspellet er berre eit av fleire språkspel. Den postmoderne tilstand vert då ei verd der det ikkje finst nokon privilegert diskurs (d.v.s drøftingar, disputtar og tekster), der ulike diskursar konkurrerar i evige språkspel. Språkspela ser Lyotard på som ”forteljingar” eller ”små forteljingar” (Lyotard 1996:53-56). Postmodernisme vert då eit nemning for ulike teoretiske retningar som har det til felles ein kritikk av dei ”fornuftige” forteljingane om verdinøytral forskning gjennom bruken av dei ”riktige” metodane.

Ein av dei som klarast har kritisert metoden si tyding for etablering av vitskapeleg kunnskap er vitskapsteoretikaren Paul Feyerabend (1924-1994). I boka *Against method* (første gang utgjeve i 1975) skriv han:

“The history of science [...] does not just consist of facts and conclusions drawn from facts. It also contains ideas, interpretations of facts, problems created by conflicting interpretations, mistakes, and so on. On closer analysis we even find that science knows no ‘bare facts’ at all, but that the ‘facts’ that enter our knowledge are already

viewed in a certain way and are therefore, essentially ideational” (Feyerabend 1993:11).

Kunnskap og fakta er med andre ord ikkje nøytral, og det eksisterer ikkje ein universiell metode som gjer at ein kjem fram til sanninga. I følgje Feyerabend har vitenskapen i praksis aldri fulgt faste metodiske reglar for å finne fram til brukbare teoriar. Skal ein fyrst nytte ein metode, tykkjer Feyerabend at det er best å nytte ein anarkistisk metode med motto ”Anything goes !” (Feyerabend 1993:14-19). I dette ligg det at forskarar må få tenke og gjere som han/ho sjølv vil, og forfølgje dei ideane han/ho meiner er dei beste. Å tru på ein fiksert metode eller teori har sin bakgrunn i eit naivt syn på menneske og dens sosiale omgjevnad, ”There are no general solutions” (Feyerabend 1993:xiii). Ein må medvite eller umedvite sjå bort frå faste sett med metodiske reglar (Feyerabend 1993:18-19). Med andre ord argumenterer Feyerabend for eit kreativt anarki. Med mottoet ”anything goes” meiner ikkje Feyerabend at ein kan skrive kva som helst og kalle det for vitenskap, tvert om:

”it means that scientists have to check *all* ingredients of their trade and not only those which philosophers and establishment scientist regard as characteristically scientific” (Feyerabend 1987:284).

Feyerabend argumenter for at det er mogleg å sette standardar for evaluering av vitenskapleg rasjonalitet (Feyerabend 1993:230-237) og at forskarane sjølve er ansvarlege for bruken av desse standardane (Feyerabend 1987:284).

I 1976 heldt filosofen Michel Foucault to forelesingar der han kjem inn på korleis ein kan utvikle forskningstrategiar som ikkje føyer seg inn i det tradisjonelle mønsteret (Foucault 1980:78-108, Schaanning 1993b:152). I desse forelesingane seier Foucault at ein må legge opp strategiar for forskning der ein må ta i seg *lokal* kritikk. Det vil seie kritikk som vert produsert andre stader enn det som vanlegvis vert akseptert (Foucault 1980:81). Ein må kunne konsentrere seg om *fortia* diskursar, det vil seie diskursar som vert tagde av dei som skriv historie og sosiologi. I tillegg må ein kunne sjå nærmare på *diskvalisert* kunnskap, som vert rekna for naiv, ikkje fullstendig, ikkje samanhengande og sjølvmotseiande (Foucault 1980:81-82, Schaanning 1993b:152). Med dette meiner han at det eksisterer andre sanningar enn den etablerte og normative. Dette er og noko Feyerabend kjem inn på;

”All I say is that non-experts often know more than experts *and should therefore be consulted* and that prophets of thruth (including those who use arguments) more often

than not are carried along by a vision that clashes with the very events the vision is supposed to be exploring” (Feyerabend 1993:xiii).

Den hardaste kritikaren mot postmodernisme er den tyske filosofen Jürgen Habermas, som forfektar trua på fornufta og at ho skal føre oss til sanninga (modernisme). I denne samanheng har han utvikla sin eigen kommunikasjonsteori som forskarar innan fleire samfunnsfag syner til (bl.a. Lunden 1993). I samband med Habermas sin kritikk av postmodernismen har Espen Schaanning (1993b) studert korleis Habermas mistolkar tekstar av Michel Foucault og konkluderer med at Habermas fører sine lesarar bak lyset (Schaanning 1993b:111-129). Filosofen Øvind Pålshaugen (1994) har sett nærmare på korleis Habermas vel å tolke tekster av Derrida (Pålshaugen 1994). Konklusjonane til Pålshaugen (1994) liknar dei Schaanning (1993b) kjem fram til;

”Som enhver sirkusdirektør vet, får elefantens bevegelser alltid et komisk skjær over seg når den er satt inn i fremdede omgivelser. Og Habermas` ekskurs om Derrida mangler da heller ikke underholdningsverdi. Når latteren likevel blir sittende fast i halsen på oss, skyldes det vår viten om bruken og virkningen av denne og beslektede typer tekster fra Habermas` hånd” (Pålshaugen 1994:38-39).

Eg skal ikkje kome inn på alle drøftingane kring postmodernisme, då desse rasar innan mange fagområder. Sitatet frå Pålshaugen kan illustrere temperaturen i drøftingane.

Eit større problem med postmodernismen er at nemninga er nytta i så mange samanhengar at ho kan verte det meiningslaus. For denne oppgåva nyttar eg nemninga for å syne korleis forskarar knytt til postmodernismen som Foucault (1980), Feyerabend (1993) og Lyotard (1996) har sett spørsmålsteikn både på kva som er vitskap, kva metoder ein kan nytte og kva ein kan forske på. Denne type vitskap har danna grunnlaget for arbeidprosessen i denne oppgåva. Gjennom arbeidsprosessen er det ikkje fulgt nokon fast metode (Anything goes !), for å forske på eit ”materiale” som enno ikkje hadde manifestert seg (jfr. kap. 5, 7 og 8). På førehand kunne eg ikkje vite kva diskursar som ville utspele seg under arbeidet med oppgåva, sjølv om eg kjende til og rekna med at Kulturminneåret 1997 (jfr. kap. 7.1) ville vere ein pådrivar for at noko ville skje. Strategien i denne oppgåva er i tråd med Foucault (1980:78-108) å ta i seg lokal kritikk, fortia diskursar og diskvalifisert kunnskap (jfr. kap. 6-8) og synleggjere desse. Kva metoder eg nytta for skaffe ”fakta” eller materiale i denne oppgåva vil eg kome nærmare inn på i kapittel 5.

Kap. 3.1.2 Postmodernistisk påverknad i arkeologien

I arkeologien kan ein sjå ei endring kring 1980 der postmodernistisk kritikk byrja å sette preg på faget. Arkeologar prega av postmodernistiske "teoriar" har fått merkelappen postprosessuelle, for å markere avstand til dei prosessuelle arkeologane som var dominerande på den tida. Postprosessuell arkeologi er ingen felles teoretisk retning innan arkeologien, noko postmodernismen heller ikkje er i sin heilskap. Eg skal ikkje diskutere dei ulike forskjellane på prosessuell og postprosessuell arkeologi, men heller kome inn på ein forskjell som eg meiner er relevant for denne oppgåva. Ein viktig forskjell mellom desse retningane innan arkeologien er synet på og bruken av kvalitative metodar. Innan prosessuell arkeologi legg ein meir vekt på kvantitative metodar (jfr. kap 5.1), medan ein innanfor den postprosessuelle retninga legg vekt på kvalitative. Dette har ført til eit fokus på m.a. meningsproduksjon, makt, ideologi, symbolisme, hermeneutikk (Keller 1978, Hodder 1982, 1986, Shanks og Tilley 1992, Miller og Tilley (red.) 1984, Olsen 1990). Ved at ein innan den arkeologiske teoridebatten har teke opp desse tema har det og opna for eit auka fokus mot det narrative og folk sine egne historier (Solli 1996a, 1996b, 1997, 2000, Burström 1993, 1996a, 1996b, 1999, Bender 1993, 1998, Burström et. al. 1996, Gazin-Schwartz og Holtorf (red.) 1999, Holm 1999). Mats Burström syner i sine studier til den postmoderne debatten kring meningsproduksjon der det "framhållits att mening inte exklusivt ligger hos objekten själva, utan mening uppstår först när ett objekt konfronteras med en uttolkare" (Burström 1996a:105). Ut frå dette synet vert då arkeologien og kulturminnervernet sitt arbeid avgrensa til å finne fram til kulturminnene si opphavsmeining, men "i stället att framhålla mangfalden av innebörder" (Burström 1996:105). Med andre ord er det ikkje eit mål å finne fram til ei sann fortid. Andre arkeologar arbeidar og ut frå likande målsetjingar. Som Amy Gazin-Schwartz og Cornelius Holtorf skriv er målsetjinga;

"to develop rich and sensitive interpretations, in order to make the past intelligible in the present. Many such interpretations and understandings of the past are possible" (Gazin-Schwartz og Holtorf 1999:6).

Dermed vert den lokale kunnskapen og tradisjonane kring landskap og automatisk freda kulturminne erkjent som interessant kunnskap for arkeologar. Ingunn Holm har påpeika at;

“These are kinds of information that Norwegian archaeologists have not collected or used to any degree. But this information would make valuable contributions to our research. It is a challenge to start working with these questions” (Holm 1999:227).

Ein ting ein bør vere klar over dersom eit skal arbeide med spørsmål kring tradisjonar og tolkingar av fortida, er eksistensen av det Foucault (1980:78-108) kallar ”skjulte diskursar, diskvalisert kunnskap og lokal kritikk”. Ulike tolkingar og forståingar av fortida er ikkje berre mogleg, men i følgje David Lowenthal er fortida ei slagmark (“battleground”) av rivaliserande tilknytingar. Konkurrerande grupper;

”struggle to validate present goals by appealing to continuity with, or inheritance from, ancestral and other precursors. The politics of the past is no trivial academic game; it is an integral part of every people’s earnest search for a heritage essential to autonomy and identity. In this search, archaeologists form part of a cadre of historians, social scientists, and other scholars increasingly pressed to defend or resist claims to this or that interpretation of the past” (Lowenthal 1990:302).

Som Lowenthal nemner vert det lagt press ”forskarar” for at dei skal tolke fortida på ”riktig” måte. Det vert difor viktig for forskarar å fokusere på korleis kunnskapen om fortida vert nytta og presentert. Dette temaet var noko Christian Keller tidleg sette fokus på: ”holdningen til vår egen fortid har avgjørende betydning for hvordan våre holdninger til andre, nålevende kulturer og mennesker skal være” (Keller 1978:27). Med dette set han fokus på korleis ein framstiller fortida. Keller argumenterer for at arkeologi og politikk er knytt uløseleg saman, då arkeologien alltid har noko med folks sine verdinormer å gjere (Keller 1978:80). Arkeologar bør i følgje Keller (1978:80) syne ei kritisk fagleg innstilling der ein ser sitt fag frå ein politisk synsvinkel og arbeide deretter. Ein måte å presentere fortida på kan vere at arkeologar:

”selv til stadighet forteller oss hvilke deler av kulturbildet de *ikke* får tak i. Og kanskje at det presiseres at vår filosofi og forståelse ikke alltid strekker til når det gjelder å tolke kulturytringar fra fortiden” (Keller 1978:27).

Ein slik måte å framstille fortida er noko som Brit Solli (1996b) tek i seg når ho argumenterer for eit annleis perspektiv på fortida (1996b:88-89, 1997:176ff). Ho kallar dette perspektivet for eit “annerledeshet- og forbløffelsesparadigme” (Solli 1996b:88-89, 1997:176ff). Dette skal stå i opposisjon til eit “identitetsparadigme”, der ein tidlegare har argumentert med at:

“Vi/nasjonen eier territoriet i dag, vi kan takke våre forfedre og alt hvad de har kiæmpet [...] Vi må kjenne våre røtter, vår historie, for å kunne møte fremtiden [...] Felles bånd til fortiden knytter folk sammen i et kulturelt felleskap som skaper

identitet og trygghet. Slik motvirkes fremmedfrykt og intoleranse mot det som er anneledes og de som er annerledes. Først med en trygg identitet våger folk å åpne seg for det som er annerledes” (Solli 1997:176).

Som eit alternativ til dette perspektivet, argumenterer Solli for eit perspektiv der identitet vert sett på som dynamisk, mangesidig og omskifteleg, og ikkje som statiske situasjonsbilete:

“Vi/nasjonen råder over territoriet i dag, vi har det til låns fra våre etterkommere, vi forvalter rester etter det som har vært her før, selv om disse tingene er forskjellige fra oss [...] Først med kunnskaper om fortidens veldige annerledeshet slutter folk å frykte fremtiden, man ser at virkeligheten er en åpen prosess og ikke en kamp om kulturelle ikoner. Kulturelle endringer betyr ikke at kulturer forsvinner. Kulturer eksisterer ikke, kun kulturelle prosesser [...] Kulturminner muliggjør tanker og minner om kultur” (Solli 1997:177).

Dette perspektivet er ikkje utan politiske komplikasjonar. Perspektivet kan nyttast av dominante grupper til å hindre minoritetar og urfolk i å nytte identitetsperspektiv til fordel for sine saker, til dømes når samer eller kvener hevdar sine rettar (Solli 1996b:88-89). I følgje Solli er faren for at dominatne grupper skal misbruke historia til eigen fordel redusert dersom historia vert innskrive i eit «annerledes- og forbløffelsesparadigme» (Solli 1996b:89). Dette perspektivet på fortida kan då gje kulturminnevernet ein sjanse til å spele ei aktiv og meiningsfull rolle i samtida og for framtida, samstundes som at ein er merksam på at forhistoria og i visse tilfelle kanskje bør ”misbrukes”.

Sjølv om ho ikkje seier det eksplisitt, ser ein at perspektivet til Solli er inspirert av postmodernismen, der ein korkje trur på ei sanning, vitskapen eller dei store forteljingane.

Samtidig med denne oppgåva vart det ved Universitetet i Tromsø gjennomført eit større prosjekt ”Vernet av faste kulturminner i skjæringen mellom tradisjon og modernitet” (Bertelsen et. al. 1996). Gjennom ei fleirfagleg tilnærming drøfta ein under dette prosjektet forholdet mellom forskning, kulturminnevern og lokalfolk si oppfatning av kulturminne og si eiga fortid (Hansen og Olsen 1997:38). Som del av dette arbeidet har Mia Krogh og Marthe Pramli (Krogh 1999, Pramli 1999) drøfta problemstillingar som til dels samanfell med problemstillingane denne oppgåva tek opp (jfr. kap1). Drøftingane til Krogh og Pramli er knytt til ei målsetjing om å få innsikt i kva faktorar som påverkar vern eller tap av kulturminne (Krogh 1999:1, Pramli 1999:5). Denne oppgåva har som målsetjing å synleggjere ulike

meningsinnhald knytt til kulturminne, og korleis folk identifiserer seg med kulturminna (jfr. kap. 1).

Som tittelen for oppgåva spelar på, ligg ikkje meininga til eit kulturminne i sjølve dei fysiske leivningane, men at meiningane oppstår først når leivningane vert fortolka. I denne prosessen er arkeologar berre ein av fleire som tilskriv leivningane; ”mening i överensstämme med sina referensramar” (Burstrom 1996:105). Eit mål med oppgåva er å synleggjere ulike tolkingar, stridar om og syn på fortida. Med dette som mål er det difor naudsynt å presentere og utdjupe omgrepa ein vil nytte og korleis ein vil nytte desse.

Kap. 3.2 Presisering av ulike omgrep i kulturminnelova


Oppgåva innleia (kap. 1.0) med Kulturminnelova sin definisjon av kulturminne og kulturmiljø. I dette kapitlet vil eg utdjupe og presisere desse omgrepa. Dette vil eg gjere gjennom å nytte døme frå undersøkingsområdet. Samstundes skal døma vere med på å presentere delar av garden Osnes, som eg vil kome nærmare inn på i kap. 8.0.

Kap. 3.2.1 Kulturminne

Kulturminne skiljast i to typar. Dei som i følgje lova er automatisk freda og dei som ikkje er det. I Lov om kulturminner (av 9. juni 1978 nr. 50) ramsar ein opp kulturminne som er automatisk freda (§ 4). Kort sagt er dette kulturminne frå før reformasjonen (eldre enn år 1537), og samiske kulturminne eldre enn 100 år. I tillegg reknar staten seg som eigar av båtar og skipsvrak med alt som høyrer til, som er eldre enn 100 år (§ 14). Skal ein frede andre kulturminner enn desse, så må dette gjerast ved enkeltvedtak (§ 15). Ved tvilstilfelle er det departementet ved Riksantikvaren som avgjer om eit kulturminne er automatisk freda eller ikkje (§ 4).

Eit døme på kulturminne er vraket av ein båt som ligg Osnessanden tilhøyrande garden Osnes i Ulstein kommune (Møre og Romsdal). Osnessanden vert nytta som badestrand av hundrevis av menneske kvart år.

«Hild frå Hetland»



Figur 3 Vraket på Osnessanden. Faksimile, Vb/Vp 12. 02 1998

Til dette vraket er det knytt minst to ulike segn. Ein lokal lærar og folklorist Martin Bjørndal (1873-1951) omtalar båtvraket og staden slik:

“Ned under oss strekkjer so den kvite Osnessanden seg i ein fin boge frå Oshaugen til Solaberget. Dette er laugarstranda i Ulstein [...] I sørenden av sandstranda ser me noko svart som stikk opp or småbylgjene. Det er vraket av shetlands-skonnerten Rona.” (Bjørndal 1949:9).

Vidare fortel Bjørndal segna om den tjue år unge jenta Svanhild frå øya Rona på Shetland. Ho er med faren og broren på ein fisketur i Nordsjøen. Då mannskapet gjekk i småbåtane for å drage line vart Svanhild igjen i båten. Ei tjukk skodde kom brått på og kontakta med småbåten vart broten. Neste dag vart det storm og skuta dreiv av garde. For å unngå å falle over bord batt Svanhild seg fast i masta. Under stormen gjekk båten klar av holmar og skjær. Med Svanhild bitt fast kom båten drivande rett mot Osnessanden. Her vart det gjennomført ein redningsaksjon, der helten seinare giftar seg med Svanhild.

“Av bygdefolket i Ulstein vart Svanhild kalla Hild frå Hetland. Ho fekk ei stor ætt etter seg, og det er endå mange på Sunnmøre som kan rekne ætta si frå henne.” (Bjørndal 1949:12).

Etter denne segna døydde helten i “den store pestilense” (“Svartedauen” ?), medan Svanhild frå Shetland levde til ho vart ei gamal kone (Bjørndal 1949:12).

Dette er berre ein kort versjon av segna, der eg har utelate mange av dei spanande handlingane og poenga. Poenget er at ei segn er knytt til noko i vårt fysiske miljø, og vraket er då i følge Kulturminnelova (av 9. juni 1978 nr. 50) eit kulturminne.

Det er og knytt ei anna segn til vraket, som skjil seg frå ho som er omtala over. Ho fortel at vraket tidlegare var ein gamal båt som låg ankra til ved ei øy i nærleiken. Dei som budde der skulle ha skore over reipet og lete båten drive av garde, då dei vona han skulle søkke. Dette skulle ha skjedd i førre hundreår (pers. med Johan Ottesen), og ikkje før den ”store pestilense”.

I og med segnene står i motsetnad til kvarandre har dette lokal ført til ein diskusjon omkring kva for ei segn som er den rette (Vikebladet/Vesposten 12.02 1998). Fleire instansar i kulturminnevernet har vore kontakta, og dette har ført til at arkeologar frå Bergen Sjøfartsmuseum har undersøkt og dokumentert vraket, jfr. figur 4.

Figur 4 Arkeologen målar opp vraket. Faksimile: Vb/Vp 12.02 1998

Gjennom sin kunnskap om eldre fartøytypar og bruken av desse kan ein innan kulturminnevernet seie noko om kva segn som er mest sannsynleg (Marøy Hansen in prep). Ein kan blant anna utifrå kronologi seie noko om bruken, typen og alderen på vraket. Det ser ut til at vraket er frå 1800-talet (pers. med Arild Marøy Hansen, Bergen Sjøfartsmuseum). Sjølv om ingen av segnene nødvendigvis treng vere sanne, så kan ein seie at den eine segna er meir sannsynleg enn den andre. Med tida har vraket på Osnessanden stadig endra

form. Martin Bjørndal skriv blant anna at ”Dei svartbrune eikespanta stikk upp av sanden som ribbene på ein daud kjempekval. Den høge stammen vart lenge nytta til stupetårn av dei badande ungdommane, men no er dei burte” (Bjørndal 1949:9). I dag



Arild Marøy Hansen frå Sjøfartsmuseet i Bergen har tidlegare byrja på ei oppmåling av vraket som ligg på Osnessanden. Han meiner at skuta må ha vore over 80 fot lang.

kan ein ikkje sjå vraket ved flo sjø. Om eit par generasjonar har truleg vraket rotna vekk. Vraket vil dermed ikkje vere i vårt fysiske miljø, og det er då ikkje lenger eit kulturminne. Ein vil sitje att med historiene kring kulturminnet og sine egne minne om det.

I dette tilfelle har personar i Ulstein diskutert og stridast om kva segn som er den ”rette” å knyte til vraket, så har dette ført til at dei fysiske leivningane av vraket har vorte dokumentert. Det fins dermed eit potensiale for å produsere/skape meir kunnskap kring vraket. Her kan ein seie at dei immaterielle sidene ved kulturminnet har vore med på å få kulturminnet dokumentert.

I litteratur om kulturminne støyter ein ofte på omgrepet ”immaterielle kulturminne”. Dette omgrepet er blant anna nytta på eit informasjonsark utarbeida av Riksantikvaren i samarbeid med den øvrige kulturminneforvaltinga i 1998 (Inett 2)

Informasjonsarket, som er mynta på grunneigarar, seier at kulturminne gjerne er delt inn i: *faste kulturminner, løse kulturminner og immaterielle kulturminner*. Med omgrepet “immaterielle kulturminner” meiner ein her “*omfatter sagn og tradisjoner*” (Inett 3). Slik eg ser det verkar dette omgrepet upresist. Kulturminne er per definisjon noko fysisk og materielt, noko som er i vårt fysiske miljø. Det verkar då paradoksalt at ein då nyttar omgrepet “immaterielle kulturminne”. Noko som etter definisjonen er materielt, kan då ikkje samstundes vere immaterielt ? Eg trur eg forstår meininga og bruken av omgrepet, men det er upresist, og heller ikkje nemnt i lovverket. Kanskje burde ein heller nytta uttrykk som “den immaterielle sida ved eit kulturminne” eller noko liknande.

Forvaltinga av kulturminne og dei immaterielle sidene ved kulturminne er forvalta forskjellig. Dette vil eg kome inn på i kapittel 4.3 som omhandlar utviklinga av lovverket og kulturminnevernet.

Kap. 3.2.2 Kulturmiljø

I lovverket vert kulturmiljø definert som “områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng” (Lov om kulturminner av 3. juli 1992 nr. 96 §2 andre ledd). Idéen bak dette er å tenke heilskapleg og ikkje berre vurdere

kulturminne som ein skilde objekt. Kulturmiljø kan fredast “for å bevare området kulturhistoriske verdi” (Lov om kulturminner av 3. juli 1992 nr. 96 §20 første ledd). I førre kapittel (kapittel 3.2.1) nytta eg eit skipsvrak som døme på eit kulturminne. Eit døme på kulturmiljø er sjølve det området som dette vraket ligg i.



Figur 5 Garden Osnes (gardsnummer 7) i Ulstein kommune.

I fig. 5 er det på Osnes markert tre automatisk freda og eit nyare tids kulturminne. Osnes er eit område ”hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng”. Det kan vere problematisk å gripe heilheita og samanhengane, då desse kulturminna er fragmenter av fortida til dei som lever i dette området.

Kap. 3.3 Drøfting og presisering av sentrale omgrep og tema

I Stortingsmelding nr. 39 1986-87 om bygnings- og fornminnevernet vart det slått fast at ”Samanheng formidlet gjennom utforminga av det fysiske miljøet og bevaring av kulturminner, gjør det mulig å oppleve fortiden og gir forankring og identitetsfølelse” (St. meld. nr. 39 1986-76:4). Ved revideringa av Kulturminnelova i 1992 (verksatt 1993) vart det formulert ein formålsparagraf, der det heiter at kulturminna skal vernast som ein “del av vår kulturarv og identitet” (Lov om kulturminne 3. juli 1992

nr. 96 § 1 første ledd). Kva ligg egentleg i omgrep som ”identitet”, ”nasjonalisme” og ”kulturarv” ?

Etter Kulturminnelova er kulturminne er per definisjon noko i vårt fysiske miljø som det er knytt historiske hendingar, tru eller tradisjonar til (jfr. kap. 1). I kapittel 3.3.4 vil eg drøfte og presiserere korleis eg vil nytte omgrepa segn, myte og historie. Kan ein skilje mellom myte og historiske hendingar gjennom forskning ? Eg meiner at ein ikkje alltid kan gjere dette, men eg er sams med Feyerabend (Feyerabend 1993:230-237) at det er mogleg å setje standardar på forskinga. I kapittelet vil eg gjennom eit døme frå Sunnmøre drøfte kva eg meiner er dårleg forskning.

Til slutt i kapitlet (3.4.) vil eg greie ut om og presentere omgrep utvikla av sosiologen Pierre Bourdieu. Dette fordi at eg tykkjer at ein del av omgrepsapparatet hans kan nyttast til å klargjere for kva prosessar m.a. identitet og nasjonalisme vert nytta i. Dette omgrepsapparatet vert nytta i kapittel 6.0.

Kap. 3.3.1 Identitet

Før 1970 var ”identitet” eit omgrep som sjeldan vart brukt utanfor filosofane og psykologane sitt fagfelt. I løpet av få år har omgrepet vorte sentralt både i forskingsmiljø, i litteraturen og i delar av politikken (Eriksen 1997:34). Omgrepet har sitt utgangspunkt i psykoanalysen utvikla av Sigmund Freud. Seinare vart omgrepet nytta og omdefinert av blant andre George Herbert Mead, Erving Goffman, Peter Berger, Thomas Luckman og Anthony Giddens. Identitet kom inn i Kulturminnelova i 1992, der omgrepet er nytta i argumentasjonen for å verne og forvalte kulturminne. Sjølv omgrepet kan vere vanskeleg å definere, men vert ofte nytta i ulike samanhengar. I dette kapitlet vil eg drøfte og presisere ulike sider ved omgrepet.

Zygmunt Bauman har hevda at identitet er ei moderne oppfinning (Bauman 1996:122) knytt til uvissheit; ”En tenker på identitet når en *ikkje* er sikker på hvor en hører til, d.v.s. når en ikkje er sikker på hvordan en skal plassere seg i det forvirrende mangfold av atferdsformer og –mønstre rundt en, og hvordan en kan være sikker på at folk vil akseptere denne plasseringa som rett og riktig, slik at begge sider kan vite hvordan en kan komme videre i hverandres nærvær. *«Identitet» er et navn som er gitt den etterlengtede utveien ut av denne uvissheten*” (Bauman 1996:123). Ein kan då definere identitet til det som gjev oss ein ”tilvere i verda og presenterer ei knyting

mellom oss og samfunnet vi lever i” (Woodward 1997:1, eiga omsetjing). Identitet er dermed alltid knytt til andre menneske og samfunnet rundt oss. Kva ein sjølv er (personleg identitet) vert då utspelt i kontrast til det ein trur andre er. Desse erfaringane vert skapt gjennom mennesker sine livslaup. Erfaringar kan ikkje veljast bort, sjølv om ein kan handtere dei på forskjellige måtar (ein kan lengte tilbake til barndommen, ta avstand frå oppvekstmiljø, prøve å gløyme o.s.b.) (Eriksen 1997:38). Eit døme på identitet er ein eldre kar som kom bort til meg under eit arkeologisk feltarbeid i Ulsteinvik. Han klaga seg over ungdommen i dag, og sa ”Dei veit knapt kva ei stø er !” (pers. med. 8. juli 1997). For meg verka det som at støer var ein viktig del av hans personlege identitet. Dette kan vere fordi han voks opp i ei bygd (Ulsteinvik), der båtar og sjøliv var ein del av kvardagen, både mentalt og fysisk. I dag er heile sjøsida i Ulsteinvik fylt ut og dei fleste støer fjerna (jfr. kap. 2 og fig. 2). Her er no asfalt, butikkar, parkeringsplassar og vegar. Korleis skal ungdom vite kva ei stø er ? Det finst nesten ingen støer, og dei få som er att vert ikkje nytta. Dei som veks opp i dag erfarer og vektlegg heilt andre verdiar, enn det dei som var unge for 50 år sidan gjorde. Til tross for forskjellar kan både ungdommen og dei eldre føle tilhøyre til den same bygda, Ulsteinvik. I andre kontekstar, som til dømes ved fotballkampar kan folk i alle aldersgrupper sitte saman og føle tilhøyre til laget som representerer bygda. Identitet er ikkje noko fastlagt (Eriksen 1996:52). Dette vert klarast markert og definert gjennom forskjellar (Woodward 1997:2). I dette tilfelle vart støa (eit nyare tids kulturminne) nytta som ein markør på forskjellen mellom yngre og eldre i Ulsteinvik. Dette vart uttrykt i ei samanheng der eg arbeidde som ”arkeolog” ved ei arkeologisk registrering. Då eg noko seinare snakka med han i eigenskap å vere ”student”, var han ikkje interessert i å verte intervjuet. Det hadde han allereie vore av lokalavisa. Med andre ord hadde konteksta endra seg og det vart lagt vekt på andre identitetar.

Eit anna poeng med dette dømet er at ikkje berre har identifiseringa til støa endra seg over tid, men og innhaldet i sjølve praksisen med å identifisere seg har og endra seg. Merkelappen postmodernitet (jfr. kap. 3.1) vert nytta til å setje ord på desse endringane. I Norge har det i løpet av det 20. århundre skjedd endringar på identitetsfeltet. Dei ”eldre” kollektive identitetane har gått i oppløysing som ei fylgje av sosiale prossessar, som vert kalla ”individualisering” (Meyer 1999:16). Tidlegare spela arbeidet ei viktig rolle i identitetsdiskursane. Arbeidet var knytt til bestemte

handlingar og sosiale praksisar, og var dermed ein del av livsformene, slik at det ikkje var viktig å skilje mellom person og yrke.

”Individet var tendensielt ett med sin gjerning – uten en utviklet refleksiv distanse som skiller mellom hvem du er og hva du er, mellom den individuelle identiteten og den kollektive eller sosiale identiteten: «Hvert yrke hadde sin egen mentalitet, sin egen væremåte.» Og denne væremåten gav livet mening og intensitet” (Meyer 1999:17).

Ein var arbeidar, fiskar, bonde, husmor o.s.b. Ofte fekk personar kallenamn eller tok seg etternamn som reflekterte det ein arbeidde med. Gjennom arbeidet vart det i dei enkelte sine liv tilført meining og verdi frå naturen og det sosiale fellesskapet.

Samfunnsidealet med arbeid som utvetydig moralsk verdi som berar av eit sosialt og nasjonalt fellesskap har tapt si makt (jfr. omgrepet modernitet, kap. 3.1.). I dag er det meir fokus på at den individuelle identiteten er noko som du reflekterer deg fram til og prøver utan å verte fastlåst i det tradisjonsfomidla, sjølvssagte førebilete og handlingsmønstre (jfr. omgrepet postmodernitet kap. 3.1 og habitusomgrepet kap. 3.6). Teikna har ein usikker status, der ein i prosessen med å skape seg ein individuell identitet låner identitetsmarkørar frå ulike hald (Meyer 1999:16-20). I følgje sosiologen Zygmunt Bauman er ikkje det postmoderne eit brot med det moderne, men ei radikaliseringsprosess av kjende tendensar (Bauman 1996:126, 1999:368). Denne radikaliseringa har ført til eit drastisk skifte av identitetsstrategiar. Der det moderne identitetsproblemet gjekk ut på å forme solide og stabile identitetar, så er det ”postmoderne identitetsproblemet først og fremst hvordan en skal unngå fiksering og holde alle muligheter åpne” (Bauman 1996:122). Ifølge Bauman er då;

”En velkonstruert og varig identitet er ikke lenger en fordel, men en ulempe. *Kjernen i en postmoderne livsstrategi er ikke å danne en identitet, men å unngå å bli fastlåst*” (Bauman 1996:126).

Korleis vil då folk med velkonstruerte identitetar kring kulturminne og kulturmiljø reagere på at andre prøver å unngå å verte fastlåst i dei same identitetane ? Dette kjem eg nærmare inn på i analysa kring jomsvikingslaget i kapittel 6.0.

For den eldre mannen som klaga seg over ungdommen er ikkje støa berre ein stad der ein tek opp båtar, men kanskje er støa meir eit symbol på praksisar knyta til eit yrke, samstundes andre menneske knytt til denne kollektive identiteten som er i ferd med å forsvinne. For den eldre vert då dette nyare tids kulturminne (ut frå

kulturminneforvaltinga sine definisjonar) noko meir enn eit fysisk miljø. Støene er samstundes ein levande del i hans erfaring, og ikkje noko (kultur)minne.

Eit yrke (fiskar) som tidlegare var det ”stabile”, er no i ferd med å forsvinne frå bygda. For ungdom er ikkje støa ein identitetsmarkør knytt til eit yrke og egne erfaringar. Dei få støer ein har igjen i dag har gjennom sin praksis vore knytt ikkje berre til ein funksjon (der ein kan dra opp båtane), men og til identiteten til einskilde menneske (personleg identitet) og kollektive identitetar (yrkesidentiteten).

Er dette ein lærdom å formidle ? I kapittel 7.0 drøftar eg korleis ein forsøkte å formidle denne type lærdom i ein diskurs kring vern av ei sjøbud.

Kollektiv identitet “er dels valgt, dels påtvunget” (Eriksen 1997:38). Ein valt kollektiv identitet er t.d. konteksta ”fotballkamp”, der både eldre og yngre kan føle tilhøyre til det same fotballaget når det kjempar mot ”andre” lag. Andre kollektive identitetar kan vere forskar/amatør, kristne/ikkje kristne, sunnmøring/andre, arbeidar/kapitalist o.s.b. Identitetar som til dømes mann/kvinne, gamal/ung og svart/kvit vert til dels tvungne på menneske då dei er markerte med forskjellar som det krev mykje å gjere noko med. I seg sjølv er ikkje alle desse identitetar, dei vert det i kontekster der desse vert tillagt verdi og forhandla om. Innhaldet i meiningane og vektlegginga av forskjellane endrast etter kva kontekst og situasjonar dei er uttrykte i. Dersom ein identitet ikkje lenger vert nytta (gjennom uttrykking av meiningar og forskjellar) vert identiteten redusert.

Som eit døme på dette er forskjellane mellom by og land. I lokalavisa for Ulstein, Vikebladet (Vb) vart det før lagt stor vekt på forskjellane. På byrjinga av 1930 talet vart det arbeidd med å stifte eit museum for heile Sunnmøre. I denne prosessen følte folk på bygdene seg tilsidesette. I Vikebladet (Vb) vart det skriva om eit skipnads møte:

“Der vart det rauste tilbodet frå bygdene um å vere med å skipe eit Sunnmøre museum i Ålesund avslege. Byen vil styre med slikt sjølv. Fingrane av fatet. Alle dei gilde dyre ting som bygdefolk hev gjeve til museet i Aalesund er no byens eigedom. Og dei veit nok å gjera forretning av mindre kostesame ting enn antikviteter, ervegull [...] Vil no eit bygdemenneske sjå att bestefars eller bestemors gjævaste eignelutar lyt dei både takke og betale. Heretter må ingen gi eller selje noko antikvarisk til Aalesund museum.

Som me ser vil der straks etter påske verte halde eit møte av interesserte frå alle bygder på Sunnmøre for å gjere upptaket til eit Sunnmøre museum”
(Vb 27.03 1931)

Det ser ut at truslane hjalp. Etter eit møte i Ålesund 29. mars 1931 vart der oppnemnd ein tillitsmann i kvar bygd til å samle inn gamle gjenstandar til museet. Grunnen til dette var at ein;

“Vonar at folk er velviljuge; for dette vert då endeleg vårt museum, so slepp me å reise til Bergen eller andre stadar for å sjå korleis våre fedre hadde det i gamle dagar” (Vb 29.05 1931).

Som ein ser har identiteten endra seg. Frå å vere eit museum der ein måtte takke og be for å sjå ”bestefars eller bestemors gjævaste eignelutar”, så vert dette i løpet av kort tid endra til at ein slepp å dra til andre stadar for å sjå korleis ”våre fedre hadde det”. Dette er eit døme på korleis identitetar vert nytta og endra. I dette tilfelle vart dei antikvariske gjenstandane tillagt verdi som ein markør på forskjellane mellom ”oss” og ”andre”. Ved å argumentere med identitetar kunne ein forhandle om antikvariske gjenstandar. Skal ein analysere bruken av identitetar i dette dømet er det nyttig å drøfte skilnaden mellom essensielle og ikkje-essensielle perspektiv.

For å klargjere skiljet essensielt og ikkje-essensielt perspektiv, vil eg nytte eit tenkt scenario for korleis identitet kring eit kulturminne kunne ha vore/kan nyttast. Eg vil då ta utgangspunkt i skipsvraket som eg tidlegare i oppgåva nytta for å definere og presisere omgrepet ”kulturminne” (side 17). Innan eit essensialistisk perspektiv hevdar ein at der er eit klart, autentisk sett av karakteristika som ei viss gruppe har, og som ikkje endrar seg over tid. Ved bruk av dette perspektivet på identitet vert det ofte lagt fram krav som er basert på ein essensialistisk versjon av historia og fortida, der fortida er konstruert eller representert som ei uforandra sanning (Woodward 1997:12). Det er dette perspektivet Solli (1996b) kallar identitetsparadigme, jfr. kap. 3.1.2. Innan eit slikt perspektiv kan ein seie at skipsvraket på Osnessanden er spor etter ”våre forfedre” og knyte dette til menneska som lever i Ulsteinvik i dag. Ved å vise til alle barna som Svanhild frå Shetland (jfr. side 18) fekk, og at desse er forfedra til mange av dagens innbyggjarar i Ulsteinvik, kan då skipsvraket vere med på å skape ein identitet til det å vere ”Ulsteinvikar”. Ein kan då tenke seg at ein kan sjå på etterkomarane til Svanhild som ”oss”, medan dei som nyleg har flytta til Ulsteinvik vert dei ”andre”. Med andre ord kan ein her skape eit klassifikasjonssystem som kan skilje folk. Kulturminne (skipsvraket) kan då nyttast i eit symbolsystem som markerer kven som er inkludert og kven som er ekskludert. Alle som forskar på fortida og

særskilt arkeologar bør vere merksame på korleis utsagna deira kan nyttast i diskursar der det vert lagt vekt på essensielle perspektiv.

Eit ikkje-essensialistisk syn legg derimot vekt på forskjellar, både på felles og delte karakteristika. I eit slikt perspektiv kan ein fokusere på korleis innhaldet i identiteten har endra seg over tid. Langs Vestlandet finst det fleire segn som er lik ho som er knytt til skipsvraket på Osnessanden (Vb/Vp 12.02. 1998). Ein kan dermed fokusere på kva meiningar sagnet vert tillagt andre stader. Ein kan og setje eit fokus på det å vere "Ulsteinvikar" og sjå korleis identiteten har vorte uttrykt og endra seg opp gjennom tidene.

Det nemnte døme på kva eit essensielt og eit ikkje-essensielt perspektiv, er som tidlegare nemnt eit tenkt scenario. Ofte står essensielle og ikkje-essensielle perspektiv i motsetnad til kvarandre, og ofte fører det til at identitet vert markert ved ei polarisering. Dette vil eg kome inn på i kapittel 7.0 der eg tek for meg ulike syn på vern kva kultuminne ein bør verne og kvifor.

I dømet frå opprettinga av Sunnmøre museum vart identiteten markert ved ei polarisering bygdefolk/byfolk. Her såg ein og eit døme på at identitetar ikkje skjer i eit tomrom. Identitetar vert i følgje sosialantropologen Kathryn Woodward produsert, nytta, og regulert innan ein kultur der desse skapar meiningar gjennom symbolske system omkring identitetsposisjonar som vi kan knyte oss til (Woodward 1997:2). Sosialantropologane Paul du Gay, Stuart Hall, Linda Janes, Hugh Mackay og Keith Negus argumenteter for at ein skal få ei forståing av ei kulturell tekst eller ein gjenstand, er det nødvendig å analysere prosessane av representasjon, identitet, produksjon, konsumsjon og regulering (du Gay 1997:3, Woodward 1997:2). Altså treng ein eit omgrepsapparat kring kultur, dersom ein skal kunne analysere identitetar og prosessane desse vert nytta i.

Grunnen til at eg skriv kunne ha vore/kan nyttast er fordi identitet er relasjonell (Woodward 1997:11-12, Eriksen 1996:52), det vil seie at vår kjensle av tilhøyre kan endre seg frå situasjon til situasjon, samstundes som at meiningssinnhaldet i ein identitet endrar seg (i både tid og rom). Dette har eg synt med ulike dømer i dette kapitlet (bl.a. side 23ff). For å illustrere dette poenget seier Thomas Hylland Eriksen at han foretrekker "identifikasjon" framfor å nytte omgrepet "identitet" (Eriksen

1996:52). Eg vil i denne oppgåva likevel nytte omgrepet "identitet" då eg tykkjer poenget med at identiteten er relasjonell kjem fram i drøftinga av omgrepet.

Kap. 3.3.2 Nasjonalisme

Ein viktig del av argumentasjonen for kulturminnevernet er at "Fortidsvern er på mange måter samtidig et framtidvern, fordi det gir identitet og knytter generasjoners virke sammen på en helhetlig måte" (Miljøvernpolitisk redegjørelse T-890:4). Vidare heiter det at kulturminne og kulturmiljø er ein del av *vår kulturarv og identitet* som representerer ikkje-fornybare ressursar (Innst. O. nr. 73 (1991-92)). I ein Odeltingsproposisjon vert det presisert at det er "de nasjonale kulturminneverdier" som ein skal take vare på ved anvending av kulturminnelova sin § 2 (Ot.prp. nr. 51 1991-92). Dersom det er dei nasjonale kulturminneverdier ein skal verne, er det for å skape eit framtidvern for nasjonen ? Kva er det nasjonale ?

"Jeg vil foreslå at nasjonalisme må behandles som et fenomen av samme type som religion" (Anderson 1996:24). Dette er eit viktig utgangspunkt i Benedikt Anderson si bok "Forestilte Fellesskap" som kom ut i 1983. Anderson foreslår då følgjande definisjon av kva ein nasjon er: "Det er et forestilt, politisk fellesskap - og blir oppfattet som både begrenset og suverent" (Anderson 1996:19). Han går og vidare og seier at "Faktisk er det slik at alle samfunn som er større enn den opprinnelige landsbyens ansikt-til-ansikt fellesskap (og kanskje til og med denne), er forestilte" (Anderson 1996:20). Ein nasjon som t.d. Norge, består av personar der flesteparten aldri har møtt eller nokon gong høyrte om kvarandre, likevel klarer mange av desse personane å forestille seg at dei tilhøyrer eit fellesskap. Å tenke seg nasjonen som eit fellesskap er eit moderne fenomen som har vorte skapt i løpet av dei siste hundreåra. For å omtale endringar i vitskapen som dannar utgangspunktet for denne oppgåva kom eg inn på nemningane modernisme og postmodernisme, der modernitetet vart nytta til å skildre samfunnstilstandar (kap. 3.1). I følgje Ernest Gellner er "Nasjonalismen er forankret i moderniteten" (Gellner 1998:27). Dette er og noko av konklusjonen til Benedict Anderson ettersom han har som utgangspunkt at ein må; "lete etter nasjonalismens røtter i de store omveltningene som fundamentalt forandret hverdagslige oppfatninger om tid og rom, og som ved å ødelegge gamle fellesskap kontinuerlig gjorde det nødvendig å skape nye forestillinger om oss selv" (Anderson 1996:9).

Andre prosessar som og spela ei rolle i skapinga av dei nye fellesskapa var bl.a. samhandlinga mellom kapitalismen og trykkekunsten, utviklinga av folkespråk som statsspråk, større migrasjon, raskare kommunikasjonsmiddel og svekking av monarki (Anderson 1996). Dei auka migrasjonane (blant andre millionar av Europearar og afrikanske slavar som drog til Amerika). Desse skulle seinare skape seg forestillingar om tilhøyrighet til gamle/nye stadar. I følgje Anderson er det frå slike forestillingar ein har den første bølga med det ein gjenkjenne som nasjonalismar. Om Europa, men ikkje i Europa (Anderson 1996:10). ” Man fikk briter som aldri hadde sett Storbritannia; franskmenn, spanjolar, og portugisar som aldri direkte ville lære å kjenne Frankrike, Spania eller Portugal.” (Anderson 1996:10). Måten å forstille seg tilhøyre på vart understreka innan romantikken si lære, der ein heldt fast ved ei forestilling om at menneske var forma av sine røter (Gellner 1998:83). I følgje Ernest Gellner så tilfredstilte;

“Dominansen til ideen om “røtter” [...] alle behovene til nasjonalismen. Den avspeilet “nasjonalstatenes” fremherskende stilling, som kulturelt homogene, internt udifferensierte og kulturelle politiske systemer. En politisk enhet skulle defineres som det frivillige, sågar det emosjonelt nødvendige forbund mellom mennesker med samme “røtter”. Dette frigjorde det politiske systemet fra å være et system av statuser. Men gjennom å tillate en “tilbake-til-røttene-tenkning”, krevde denne forestillingen ikke at den kulturelle identiteten var tilstede i utgangspunktet: Det var nok om der fantes en erindring om opphav og en dyp trang til å vende tilbake til kildene for menneskets vitalitet og sanne identitet” (Gellner 1998:83).

For å skape oppslutning kring nasjonalistiske forestillingar har det vore effektivt å knytte den “nasjonale” identiteten tett opp til ein “personleg” identitet, med anna vekt på ordbruk som nasjonens mor, brør, nasjonen lider. Nasjonalismen har dermed fungert i politisk samanhengar for å skape oppslutning kring ulike målsetningar (t.d. i krigføring, innvandring, idrett o.s.b.). Kulturminne og kulturmiljø vert nytta i slike samanhengar (jfr. m.a. Keller 1978 og Myhre 1994)

Michael Ignatieff har presisert at nasjonalisme ikkje berre er ein politisk doktrine.

Nasjonalisme kan sjåast på både som ei politisk doktrine, kulturelt og moralsk ideal:

”As a **political doctrine**, nationalism is the belief that the world’s peoples are divided into nations, and that each of these nations has the right of selfdetermination, either as self-governing units within existing nation states or as nation states of their own. As a **cultural ideal**, nationalism is the claim that while men and women have the many idenitites, it is the nation wich provides them with their primary form of belonging.

As a **moral ideal**, nationalism is an ethic of heroic sacrifice, justifying the use of violence in the defence of one's nation against enemies, internal or external. These claims – political, moral and cultural – underwrite each other” (Ignatieff 1994:3, eiga utheving).

Eit viktig poeng hjå Anderson er fellesskapa må skiljast frå kvarandre etter korleis dei vert oppfatta, og ikkje etter om dei kan karakteriserast som “ekte” eller “falske” (Anderson 1996:20). Korleis fellesskapa vert oppfatta er til dels styrt av korleis ulike mennesker individuelt eller kollektivt handlar.

Det er i følgje politikarane i dette presisert at det er ”de nasjonale kulturminneverdier” som ein skal take vare på ved anvending av kulturminnelova sin § 2 (Ot.prp. nr. 51 1991-92). I kulturminne og kulturmiljø ser politikarar eit potensiale som kan nyttast både politisk, kulturelt og moralsk. Det er opp til kulturminnevernet korleis kulturminne og kulturmiljø kan vernast og framstillast. Kulturminnevernet kan då spele ei rolle (og gjer det, jfr. kap. 4.3) i forhold til folks nasjonale, kulturelle og moralske verdiar.

Kap. 3.3.3 Kulturarv

Som nemnt i foregåande kapittel (kap. 3.3.2 og 3.3.1) kan ein få oppslutning kring nasjonale identitetar ved å spele på essensialistiske perspektiv der ein blant anna kan vise tilbake til sine røtter. Dette er det Solli (1996b) kallar eit identitetsparadigme. Innan eit slikt paradigme vert det ofte synt til ei kulturarv, som ein nyttar til å skape tilslutning til ulike identitetar. Omgrepet kulturarv er og noko som Kulturminnelova syner til som eit av formåla med å forvalte kulturminne og kulturmiljø (Lov om kulturminne 1992 § 1). Fordi dette er eit av formåla med kulturminnevernet og gjev ein grunn til at ein skal forvalte dei same kulturminna og kulturmiljø som folk lever blant er difor drøfte og presisere dette omgrepet.

Anders Johansen har i ein pamflett advart mot bruken av omgrep som ”kulturarv” og ”nasjonal egenart” i Norgesreklame og politisk kultur (Johansen 1995). I han kjem Johansen med tre påstandar:

- 1) Kulturen i Noreg er ikke utpreget norsk
 - 2) Identitet er en følelse som har lite og ingenting med kulturelt særpreg å gjøre
 - 3) Det er trær, ikke mennesker, som har røtter
- (Johansen 1995:18).

Desse tre punkta har eg allereie vore inne i kapittel 3.3.1 og 3.3.2. Med utgangspunkt i kritikken mot desse tre påstandane kjem Johansen (1995:18-41) fram til ein definisjon av kva som er ”norsk”. Ein kulturell identitet treng ikkje støtte seg på ein røynd likskap eller semje. Kulturelle identitet er ei ”*oppfatning* vi har av oss selv, og en *følelse*, og den er grunnet – ikke på påviselig særpreg, men på *forpliktelse til symboler*” (Johansen 1995:26). Skal ein dermed definere kva som er norsk foreslår Johansen denne definisjonen: ”Norsk er ethvert kulturelement som skapes i Norge, eller verdsettes av mange nordmenn” (Johansen 1995:25).

Med utgangspunkt i denne definisjonen på kva som er norsk vil eg definere kulturarv som ”alle fysiske og immaterielle restar etter norske kulturelement”. Med ein slik definisjon kan både fridomsgudinna i New York (både ettersom metallet i ho er frå Norge og tusenvis av nordmenn har verdsett ho i det dei emigrerte frå Norge), jantelova (sjølv om forfattaren er født og oppvaksen i utlandet) og jugendhusa i Ålesund (sjølv om dei vart bygt etter utanlandsk arkitektur) vere ein del av norsk kulturarv. Kulturminne og kulturmiljø er då delar av norsk kulturarv. Som nemnt i døma treng ikkje norsk kulturarv vere noko som fysisk er i Norge, heller ikkje noko som ein føler ein har einerett til. Jugendhusa i Ålesund er ikkje berre norske eller tyske, dei er ein del av ein felles global kulturarv. Soleis har nasjonalisme liten tyding for korleis ein skal verne dei.

Kap. 3.3.4 Segn, myte og historieskaping

Innan folkloristikken har det vore vanleg å dele segn inn i to hovudkategoriar, mytiske og historiske (Bø, Grambo og Hodne 1995). I si hovudfagsoppgåva kring bygdeborger og folketru, har Hanne Aannestad (1999) sett opp ei oversikt over korleis ein kan klassifisere segn ut frå hovudgruppene mytiske (natur og sosial), historiske (riks og lokal) og opphavsegn (Aannestad 1999:61). I denne oppgåva vil eg ikkje skilje mellom ulike myter og segn. Dette fordi eg ikkje kjem til å bruke dette skilje i oppgåva. Derimot vil eg drøfte forskjellar på vitskapelege og ikkje-vitskapelege forklaringar. Dette til tross for dei store likskapane mellom det som vert akseptert som vitskap og det som ikkje vert det (Feyerabend 1993).

I røynda er det nødvendigvis ikkje noko klare skille mellom dei ulike kategoriane av segner. Ei segn kan godt innehalde fleire av kategoriane. Eit døme på dette er ein

bautastein som står på Osnes i Ulstein kommune (jfr. fig. 4 og kap. 3.2). I ei spørjeundersøking utført i samband med denne oppgåva (jfr. kap. 5.3.2) vart det i to av svara fortalt ei segn om denne bautasteinen, som og er kalla Kyrkjesteinen (Fasteland 1981). Opphavet til bautaen var at eit troll på Bø (Herøy kommune) var sint på eit troll som heldt til i eit fjell, Hasundhornet (Ulstein kommune), på den andre sida av fjorden. Han kasta bautaen, men den nådde ikkje fram, og landa på Osnes. ”*Det er og trykk i steinen etter fingrane til kjempen*” (Spørjeskjema 151600701g). Segna er både mytisk, samstundes som ho og er ei opphavssegn. Med andre ord passar ikkje segna inn i ein einskilt kategori. Både sjølve segna og klassifiseringa av ho er måtar å snakke på som gjev ei forklaring og ein teori som skaper orden og klargjer noko som er uklart eller uryddig (i denne samanhengen bautasteinen). All forklaring er bruk av teori (Wadel 1990:21). Dette fordi teori er noko som går ut over enkelt fakta, og forsøker å forklare desse i ein samheng. I denne oppgåva vil eg hevde at forskjellen mellom vitskap og ikkje-vitskap er bruken (praktiseringa) av teori og forklaringar. Vitskap prøver eksplisitt å klargjere problem, syne korleis ein kjem fram til materiale og kva metodar ein nyttar i eit forsøk på å løyse problemet. Hjå folkelege forklaringar er ofte det teoretiske implisitt i det som vert uttrykt (Wadel 1990:21).

Ein annan viktig forskjell mellom vitskap og ikkje-vitskaplege forklaringar er forholdet til materialet. Som eit av seks arkeologiske moment framføre eit nytt årtusen, nemner Brit Solli kjeldekritikk. Innan faget arkeologi er kjeldekritikk ein vesentleg del av argumentasjonen, noko som inneber at ein må stille kritiske spørsmål kring kjeldene sine.

”Hvorfor finner vi det vi finner akkurat her ? Hvorfor finner vi det ene og ikkje det andre ? Hvordan samsvarer det vi finner et sted med det som finnes andre steder ? Dannes et mønster, og har dette mønster med noe utenfor våre teoretiske og metodiske utgangspunkt ?” (Solli 2000:27-28).

Desse spørsmåla kan ein og stille til den nemnte segna om Kyrkjesteinen på Osnes. Ser ein nærmare på segna kan ei i samme kommune finne igjen ei identisk segn som blitt fortalt av Magnus Flø i 1937 (Bjørndal 1949:41-42), men ho er knytt til to heilt andre bautasteinar i kommuna. At ei segn knytt til bautasteinen på Osnes, samstundes er omtrent identisk med ei segn som vart dokumentert 60 år tidlegare kan danne problemstillingar for vidare forskning på korleis ein tilskriv kulturminne meiningar.

Skilje mellom kva som er vitskap og kva som ikkje er det, er forskjellig ut frå kven som tolkar vitskapen (jfr. kap. 3.1). I forskarmiljø eksisterar det rangordningar og hierarki (Bourdieu 1984). Uttalingar, tolkingar og meiningar vert ulikt vektlagt utifrå kva posisjon desse vert uttalt frå. Ein professor sitt studie veg tyngre enn ein students, ein professor frå eit prestisjefullt universitet tel meir enn ein professor frå eit mindre universitet (Solli 2000:28). Likevel er det slik at sjølv om ein forfattar av ei studie er vitskapleg skulert, tyder ikkje dette automatisk på at forskingsresultat vert bra.

Eit døme på dette er førsteamanuens i pedagogikk, Per Eldar Linge, si bok ”Gangerolvs mektige Møre, - veien til Sigtuna og Birka ” (Linge 1992).

Det er ofte spanande når forskarar frå andre fagområder gjer nye tolkingar av forhistorisk materiale. Linge (1992) nyttar materiale frå mange disiplinar, både språk, stadnamn, historiske kjelder, religion og arkeologiske kjelder. Samstundes tek han og opp lokale myter og lokal kunnskap, noko denne oppgåva og har ei målsetjing om. Gjennom behandlinga av materialet sitt kjem Linge fram til at Birka, Sigtuna og Uppsala ligg på Sunnmøre, og ikkje i Sverige slik arkeologane har trudd (Linge 1992:9-10, 177-182).

I boka skriv Linge om seg sjølv:

”Den 21. august, klokka 05.15 etter PC-en å dømme, vet han med hundre prosent sikkerhet at han har gjort det mest fantastiske oldtidsfunn i dette århundre, og det som uten tvil vil revolusjonere Nord-Europas historie mer enn noe funn i moderne tid” (Linge 1992:37).

Dette til tross for at han i byrjinga har sagt:

”Det kan virke som om jeg har ambisjoner som historiker, ja, for utenforstående endog at jeg har ambisjoner som arkeolog. På disse feltene er jeg i beste fall en amatør. Gi meg en sjanse til å bli akseptert som en bidragsyter i pedagogikkens univers. Pedagogens oppgave er til syvende og sist å skape identitet, og respekt for identitetens verd” (Linge 1992:12).

Korleis kan han då påstå at han har gjort det mest fantastiske oldtidsfunn i det 20. århundre ? Og kva slag identitet snakkar han om ?

Linge (1992) nyttar eit ”vitskapleg” noteapparat og syner kvar han har kjeldene sine ifrå. Han går gjennom eit stort materiale og syner til mykje relevant litteratur.

Problemet med tolkingane hans er ignoreringa av delar av materialet han sit med. Når arkeologar som grev på Aure (jfr. fig. 8) finn stolpehol etter hus der førebels datering er sett til folkevandringstid (400-500 e.Kr.), klarer Linge å ignorere dette og tolkar materialet til å vere restar etter Sigtuna frå vikingtid (Linge 1992:39). Dette gjer han

ut frå stadnamn. Denne måten å ignorere materiale på tykkjer eg er dårleg vitskap. Dersom ein har empiri som strider mot hypotesene må desse takast opp, og ikkje ignoreras. Dersom ein har kulturminne på eit område kan ein ikkje late som om dei ikkje er der.

Det er her eg vil setje eit skilje mellom god og dårleg vitskap. God vitskap kan ikkje tolke vekk openbare materiale som talar stikk imot konklusjonane.

No seier Linge at han ikkje har ambisjonar som historikar eller arkeolog, og at det er identitet som er hans fag. Det er difor interessant å sjå kva identifikasjonar han vil skape. I boka syner Linge fleire stader til lokale folk og lokal kunnskap. Folk som kjem frå ulike grender med kunnskapar om heimgarden vert titulert som ekspertar. Folk frå Aure og Fauske vert omtala som ”aurologen” og ”fauskologen” (Linge 1992:124, 131). Dette fordi dei skal vere stolte av sin kunnskap. Dette er greitt nok, men det eg reagerer på er at Linge vil skape identifikasjonar til fortida, der folk skal vere stolte av sine røter. Linge skriv innan eit essensialistisk identitetsparadigme (jfr. side 16, 26, 37) der han vil at folk skal vere stolte av kulturlandskapet og forhistoria si. I Volda (jfr. fig. 8) har han tolka steingardar og geilar (det som ein i kap. 3.2.1 ville ha definert som nyare tids kulturminne) som bymurar:

”Birka lå på neset mellom ”drabantbyene”, Ivar Aasens hjembygd Ørsta og nabobygda Volda, i Birkevik og på det neset som i dag kalles Birkenes!. Nå kan dere glemme det idiotiske navnet dere bruker på flyplassen deres, den behøver ikke hete Ørsta-Volda når den kan hete Birka flyplass. Gjør dessuten klar en rød løper for Svenskekongen, han vil sette pris på et besøk på Birka, etter all den gravinga de har utført på det vesle vintermarkedet i Mälaren i håp om å finne Birka der [...] Men den gang som nå kan bygder og byer ha samme namn. De historiske stedene, med Hednatempelet og det hele, slik de omtales av Adam, de ligger på Sunnmøre, og bare på Sunnmøre, ingen tvil om det. Kjære kommunepolitikere, jeg vet dette setter dere i en vanskelig situasjon. Vis dere situasjonen verdig!” (Linge 1992:150).

Folk har kunnskapar, segner og myte om landskap ein lever i, men er det nødvendig å prøve å skape identifikasjonar til ei tolking som er basert på ei ignorering av arkeologisk materiale og kunnskap som har vorte utvikla gjennom fleire hundre år (jfr. kap. 4). I sin vitskaplege praksis forvaltar arkeologar kulturminne og kulturmiljø blant anna som eit vitskapleg materiale (jfr. kap. 4.3). På Birka og Sigtuna i Sverige har ein kulturminne og kulturmiljø som Linge (1992) ikkje kan ignorere. Skal han gjere det må han forklare lesarane kvifor desse kulturminna i Birka ikkje er spor etter

vikingby, medan steingardane på Birkenes i Volda er det. Ved at ein tek vare på kulturminne kan ikkje Linge (1992) med fleire skrive kva som helst om fortida og prøve å folk til å tru på deira teoriar. Ved å verne og forvalte kulturminne, kan desse nyttast som standardar i sjølve forkinga på fortida.

Kap. 3.4 Omgrep som kan nyttast til studie av kultur

I presiseringa av omgrepet identitet (kapittel 3.3.1) vart det avslutta med at skal ein analysere identitetar og prosessane desse vert konsumert i, så treng ein og eit omgrepsapparat omkring kultur (du Gay et al. 1997, Woodward 1997:2). Eg vil difor i dette kapitlet presentere eit omgrepsapparat omkring kultur. Omgrepsapparatet som eg vil konkretisere er henta frå den franske kultursosiologen Pierre Bourdieu. Grunnen til at eg vel å nytte Bourdieu sitt omgrepsapparat er at han i sitt arbeide er empirisk retta (særleg mot kulturell praksis) og at eg tykkjer omgrepa hans om felt, habitus, kapital og makt er gode å tenke med når eg i oppgåva skal analysere korleis identitetar vert nytta i ulike samfunnsprosessar.

Grunnlinene i Bourdieu sin praksisteori vart utarbeida i boka "Outline of a theory of practice" (Bourdieu 1977), og han har seinare arbeida med å utvikla og utdjupa synspunkta sine.

Omgrepa til Bourdieu kan vere vanskelege å definere, noko som er eit poeng for han. Målet til Bourdieu er ikkje å lage nokon veldefinert teori eller ferdiglaga sett med omgrep. Omgrepa hans er ikkje "faste" omgrep, men meir som ei verktøykasse (etter Wittgenstein) for å løyse problem (Wacquant 1993:42) eller som;

"ein permanent måte å minne om at omgrepa ikkje har nokon annan definisjon enn den dei får innan eit system, og dei blir laga for å *brukast empirisk på systematisk måte*" (Bourdieu og Wacquant 1993:81).

Målsetjinga til Bourdieu er då å utvikle teori og metodar med sterk fokus på eit spesifikt empirisk materiale;

"Hele min vitenskapelige virksomhet springer ut av overbevisningen om at for å gripe den sosiale verdens innerste logikk må en gå inn i det spesifikke i en empirisk virkelighet, som er historisk og geografisk situert" (Bourdieu 1995:30).

Ein kan dermed ikkje berre ta eit omgrep som er konstruert utifrå ein fransk målestokk og bruke det på eit arkeologisk eller sosiologisk materiale korkje i Norge

eller nokon annan stad i verda. Skal arkeologar nytte omgrepa, må desse definerast i forhold til kva materiale ein arbeidar med og kva kontekst ein arbeidar i.

I sine studie gjev Bourdieu korkje agenten eller systemet forrang. Bourdieu sjølv seier at "Det er feltet som bør vere i sentrum for forskingsoperasjonane" (Bourdieu og Waquant 1993:92). Samfunn kan sjåast på som samansett av ulike felt, som er relativt sjølvstendige, men som ikkje kan underordnast ein felles sosial logikk. Sjølv har Bourdieu blant anna studert distinksjonane innan ulike felt i Frankrike (Bourdieu 1995), sjølv det akademiske feltet (Bourdieu 1984), byråkratiske felt (Bourdieu 1996) og journalistiske felt (Bourdieu 1998). For Bourdieu er eit felt:

"samansett av eit sett av objektive historiske relasjonar mellom posisjonar som er forankra i visse former for makt (eller kapital), medan habitus tek form av eit sett av historiske relasjonar som er «nedfelte» i sjølv dei individuelle kroppane i form av mentale og kroppslege skjema for åtgåing, vurdering og handling" (Bourdieu og Waquant 1991:34).

Feltet er difor:

"et strukturert, sosialt rom [...] av styrkeforhold, med dominerende og dominerte, og med varige ulikheter innenfor dette rommet. Samtidig er det et felt for kamper om å endre eller bevare disse styrkeforholdene. Innenfor disse universene setter hver enkelt sin (relative) styrke inn i konkurransen med de andre, og den styrken den enkelte har bestemmer hvilken posisjon han eller hun har, og dermed også hans eller hennes strategier" (Bourdieu 1998:55).

Omgrepet felt krev dermed at noko er i endring, der det har vore og vert skapt historie. Det som avgjer strukturen i eit felt er på eit kvart tidspunkt styrkeforhaldet mellom spelarane (Bourdieu og Waquant 1993:84). Eit felt kan og oppløysast:

"Når den som dominerer maktar å knuse og tilinkjesgjere motstanden og reaksjonane frå dei dominerte, når alle rørslar går ovanfrå og nedover, er det ein tendens til at kampen og dialektikken som er grunnleggjande for feltet forsvinn. Det finst berre historie så lenge som folk gjer opprør, står imot, reagerer" (Bourdieu og Waquant 1991:88).

Innan feltet er det for Bourdieu ikkje roller, men posisjonar som menneske er tildelte eller skaffar seg. Skal eit menneske kome til eller halde på ein posisjon er det visse ureflekterte og ikkje klart medvitne disposisjonar (tilbøyelegheiter, legningar) som gjer seg gjeldande og legg føringar på kva som kan verte mogeleg (Kvalsvik 1993:12). For å skaffe seg eller vedlikehalde posisjonane innan feltet må ein investere kapital (eller ha makt) av økonomisk, sosial eller kulturell art, samt å få dei

andre i feltet til å godta denne kapitalen som verkande på posisjonen. Med dette meiner Bourdieu at:

”Ein kapital eksisterer ikkje og fungerer ikkje utan i samband med eit felt: Den utøver ei makt over feltet, over dei materialiserte eller kroppsleggjorte reiskapane som utgjer sjølve strukturen i feltet, og den utøver ei makt over dei reglane som definerer den vanlege funksjonsmåten til feltet, og dermed også over profitten som blir henta ut der” (Bourdieu og Wacquant 1993:87).

Menneska som handlar innan ulike felt kallar Bourdieu agentar. Agentane er ikkje det verkelege menneske, men delar av forskaren sine konstruksjonar, som han/ho lagar ut frå det materialet han/ho nyttar (intervju, statistiske analyse o.s.b.). Ein *agent* er ”eit menneske som er ein del av praksis-samanhengar og som har ei historie som gjer mennesket disponert for å té seg og handle på visse måtar innafor desse gitte samanhengane” (Kvalsvik 1993:12).

Eit av poenga til Bourdieu vert då at:

”Dei sosiale agentane er ikkje «partiklar» som blir mekanisk dregne og skubba ikring av ytre krefter. Dei er snarare berarar av kapital, og alt etter livsløpet deira og posisjonen dei inntek i feltet i kraft av den utrustninga dei har av kapital (volum og struktur), har dei ein hang til å orientere seg aktivt, anten det er i retning av å verne om fordelinga av kapitalen eller det er i retning av å omkaste denne fordelinga” (Bourdieu og Waquant 1993:94).

Agentane er handlande, dei spelar ikkje roller, samstundes som at dei ikkje er fristilte subjekt. For å forklare kvifor agentane ikkje er fristilte subjekt nyttar Bourdieu omgrepet *habitus*. Habitus omgrepet prøver å forklare kva som gjer agentar disponert for å handle på den måten dei gjer. Med det meiner Bourdieu at individet, jamvel det subjektiv personlege, er sosialt, kollektivt (Bourdieu og Waquant 1993:111-112).

Habitus er då ein strukturerande mekanisme som verkar i det indre av agentane, sølv om den korkje er retteleg individuell eller aleine styrer åtferda (Bourdieu og Waquant 1993:35). Habitus er det prinsippet som avlar strategiar (det gjev den praktiske sansen) som gjer agentane i stand til å møte svært ulike situasjonar. Som eit produkt av historia produserer habitus individuelle og kollektive praksisar (meir historie) i samsvar med skjema som er historisk generert (Bourdieu 1999:109). Med praksisteorien sin vil Bourdieu syne at:

”the objects of knowledge are constructed, not passively recorded, and [...] that the principle of this construction is the system of structured, structuring disposisjons, the habitus, which is constituted in practice and is always oriented towards practical functions” (Bourdieu 1999:107).

Habitus bidrar dermed til å konstruere feltet som ei forståeleg verd for agentane, der det finst meiningar og verdiar, som det er bryet verdt å investere energi i (Bourdieu og Waquant 1993:113). Med omgrepet *investere* meiner Bourdieu;

”hangen til å handle, slik denne blir fødd av sambandet mellom eit felt og eit system av disposisjonar som er justerte i høve til dette feltet, ein sans for spelet og for kva som står på spel inneber på ei og same tid at ein er tilbøyeleg til så vel som i stand til å spele spelet, desse eigenskapane er sosialt og historisk konstituerte og ikkje universelt gitte” (Bourdieu og Waquant 1993:103).

Det som vert investert er *kapital*. Bourdieu sjølv opererer med tre fundamentale former for kapital (økonomisk, kulturell og sosial), der ein i tillegg har ein symbolsk kapital som er den forma som økonomiske, kulturelle og sosiale kapitaltypar kler seg i når dei vert erfart gjennom dei persepsjonskategoriane som erkjenner den spesifikke logikken til kapitaltypen (Bourdieu 1977:180-183, Bourdieu og Waquant 1993:103-105). Kapitalen kan ha eit mangfald av former, alt etter kva felt den vert nytta i.

I denne oppgåva vil eg nytte delar av Bourdieu sitt omgrepsapparat i drøftinga av jomsvikingslaget (kap.6) som eg ser på som eit felt. Derimot vil eg ikkje bruke dette omgrepsapparatet på det andre dømet (kap. 7), av omsyn til materialet.

Omgrepsapparatet ser eg heller ikkje nyttig for materialet eg nyttar i kapittel 8. Dette fordi eg vel å fokusere på personleg identitet og lokale kunnskap.

Kap. 3.5 Samandrag

I dette kapitlet har eg drøfta teoretiske perspektiv som dannar basis for oppgåva. Eg har argumentert for at postmodernistisk teori har verka inn på faget arkeologi og gjort problemstillingane og vinklinga for denne oppgåva mogleg.

Uttrykka modernitet og postmodernitet vert i oppgåva nytta om samfunnstilstandar/prosessar. Det er ikkje eit klart skilje mellom desse omgrepa, postmodernitet skildrar aukande tendensar innan moderniteten. Den viktigaste forskjell er at medan ein innan moderniteten søker etter stabile identitetar (røtter), er målet innan postmoderniteten å unngå å verte fastlåst (føtter), jfr. kap. 3.1 og 3.3.1. Ein liknande distinksjon kan ein og sjå innan vitskap, der modernisme legg vekt på positivistisk forskning der ein kan finne noko å måle og samanlikne (jfr. kap. 5.1), kritiserer postmodernisme positivismen og set fokus på at makt, symbolisme og narrativitet.

Omgrep som verdisyn, kulturarv, identitet, nasjonalisme, segn, myte og historie, kulturminne og kulturmiljø har vorte drøfta og presisert. Dette fordi omgrepa vert nytta i Kulturminnelova og kulturminnevernet generelt (jfr. kap. 4) for å legitimere vern og forvaltning av kulturminne og kulturmiljø.

Ved eit syn på identitet, nasjonalisme, kulturarv, lovverk og kulturminnevern som kulturelle prosessar, noko som heile tida er i rørsle, kan ein igjen spørje seg korleis ein framstillar og nyttar fortida for å oppnå noko i dag. Brit Solli (1996b og 1997) har kritisert eit ”identitetsparadigme” og har satt fram eit anna perspektiv som vil fokusere på det som er ”annerledes og forbløffande” (jfr. side 15). Den viktigaste forskjellen mellom desse to perspektiva tilsvarar forskjellane mellom essensiell og ikkje-essensiell bruk av identitet. Er eit slikt perspektiv aktuelt i dag ? Har ein behov for ikkje-essensielle perspektiv på fortida ?

I følgje avisa Verdens gang (VG) planlegg Vidar Kleppe, ein representant for eit av dei største partia i landet (Framstegpartiet), eit lovforslag der han vil endre Grunnlova slik at det i framtida skal vere grunnlovstridig å vere statsminister utan samstundes å vere medlem av statskyrkja. I avisa argumenterer han med: ”Jeg synes et land som Norge i praksis må følge opp sin kristne kulturarv og historie” (VG 14.07. 2000). Her kjenner ein igjen eit essensielt perspektiv på identitet (jfr. side 27). Dersom Kleppe klarer å få folk til å identifisere seg med dette essensielle perspektivet på fortida og få endra Grunnlova, vil dette føre til at demokratiet i framtida vert forringa. Dette fordi berre personar knytt til ein religion med opphav i midt-austen skal få styre landet. Ved å fokusere på eit ”annerledes- og forbløffelsesperspektiv” innan kultur- og kulturminnevernet kan ein presentere eit syn på kulturelle prosessar og kor annleis både fortida, notida og framtida kan vere. Med dette meiner eg at kulturminnevernet spelar ei politisk rolle i samfunnet i dag, som ikkje berre vil påverke fortida vår, men og framtida for dei som skal bu her etter oss. Dette fordi det finst innarbeidde essensielle perspektiv på fortida som politikarar, vitskapsmenn og andre prøver å nytte til sine formål. Fortida og kulturminne vert nytta som argument for saker som kan sette preg på det notidige og framtidig liv. Synet på og bruken av fortida og kulturminne er difor eit aktuelt tema. Eg vil difor i det neste kapittel presentere kva kulturminnevernet er og utviklinga av det.

Kap 4.0 Utviklinga av kulturminnevernet og lovverket

I dette kapitlet vil eg ei forskingshistorie om korleis tankane kring kulturminne og -vern vaks fram og konstituerte seg.

Målet med kapitlet er ikkje å gje ein altomfattande gjennomgang av utviklinga av kulturminnevernet. Eg vil prøve å syne hovudtrekk, med vekt på personar og miljø knytt til undersøkingsområdet og frå Bergen (dette fordi ein del av forvaltinga av kulturminna i undersøkingsområdet ligg under Bergen Museum).

Vidare i dette kapitlet vil eg syne at omgrepa kulturminne og kulturmiljø som vart definerte innleiingsvis (side 17-20) ikkje er naturleg gjevne, men at det ligg mange år med konflikter, stridar, teoretisk utvikling og praksis bak defineringa av omgrepa. Korkje lova eller synet på kulturminne er noko konstant og bestemt. Tanken om kva som er verdt å verne og grunngjevinga endrar seg og er ein del av dei kulturelle prosessane i samfunnet elles.

I tillegg til gje ein introduksjon til personar og miljø som med sitt arbeida har tileigna seg materiale frå undersøkingsområdet, skal kapitlet danne ein bakgrunn for diskusjonar og analysar vidare utover i oppgåva.

Kapitlet vil syne til dei første registreringane av kulturminne i området. Deretter vil eg gå nærmare inn på den vidare utviklinga av arkeologien og lovverket fram til i dag.

Kap. 4.1 Dei første registreringane på Vestlandet

Frå Danmark og Tyskland kjenner ein til fleire arkeologiske utgravingar på 1500-talet (Tanderup og Ebbesen 1979:9-12). Felles for desse er at dei er initiert av overklassa for å undersøke ulike segn og forteljingar. Den leiande personen innan antikvarisk forskning på byrjinga av 1600-talet var professor ved universitetet i København, Ole Worm (1588-1654). På oppfordring av bl.a. Worm sendte kong Christian IV hausten 1622 ut eit brev til alle biskopane i Danmark-Norge der desse vart bedne om å oppsøke og teikne alle slags antikvitetar og dokumenter (Steinnes 1972:9, Lidèn 1991:11 og Svestad 1995:86). Biskop Niels Paaske i Bergen sendte difor prestesonane og studentane Jonas Andersson (frå Skånvik i Hordaland) og Samuel Hansson Bugge (frå Etne i Hordaland) ut på ei registreringsferd. I løpet av sommaren og tidleg haust 1626 reiste dei rundt og registrerte runesteinar, innskrifter og bautae i heile Bergen bispedøme, frå Vikebygd (i Hordaland) i sør, til Giske på Sunnmøre i nord (Steinnes

1972:22-33). Dette området dekker det som i dag er forvaltningsgrensene for Bergen Museum. Resultata av registreringa vart sendt til og nytta av Ole Worm. I sjølve registreringa til Jonas Anderson (Steinnes 1972:43-96), ser ein at det vert lagt særleg vekt på bautaer, kors og mynter som inneheld inskripsjonar. Desse inskripsjonane vert skrive nøyaktig ned. I dei samanhengane bauta eller gravhaugar utan inskripsjonar vert nemnt, så vert dette påpeika. Registreringane tek med dei lokale segna og mytene som er knytt til haugane og bautaene. Registreringa til Jonas Anderson passar inn i den type vitskap som dominerte innan det Svestad (etter Michel Foucault) kallar ”renessanse-epistemem” (Svestad 1995:76). Karakteristisk for renessanse-epistemem var at ein la vekt på forestillingar om at alt i verda og universet var knytt i hop (Svestad 1995:76). Ting var mogleg å forstå fordi dei likna på eller hadde ei dragning mot kvarandre. Rundt 1650 kan ein gjenkjenne eit erkjenningsbrot, der tilhøvet mellom den etablerte kunnskapen og verda transformerte seg og ein ny positivitet kom til å gjere seg gjeldande (Svestad 1995:112). Innan eit klassisk-episteme byrjar ein no å forstå verda ved at ting vart skilt frå kvarandre og representert. Ting vart knytt til kvarandre og klassifisert i ein orden av tablå, der matematisk kalkulasjon kom til å spele ei avgjerande rolle (Svestad 1995:143,227). Ei forenkla nemning for å forklare desse endringane finn ein i omgrepet modernisme, jfr. kap. 3.1. Eit døme på denne måten å forske på kan ein finne hjå presten og seinare professoren Hans Strøm (1726-1797) sitt hovudverk “Physisk og Oeconomisk Beskrivelse over Fogederiet Søndmøre” (1762-66). I si hovudfagsoppgåve syner Marit Brekke korleis Strøm i dette verket klassifiserer materialet sitt ut frå ein streng matematisk orden, der han legg vekt på dokumentasjon (å syne kjeldene for opplysingane) og samt sin eigen observasjon om det han skriv om (Brekke 1996). Strøm tek og med fablar, men desse vert fortalt i ein nøytral tone, utan vekt på observasjon og dokumentasjon. Det er ikkje alle stadar Strøm har vore like presis i si kjelde vurdering. Stein Ugelvik Larsen har påpeikt dette i omtalen av slaget i Hjørungavåg, der Strøm baserer seg på andre (dei lokale) sine opplysingar om kvar slaget stod (Larsen 1999:73).

Slutten av 1700-t skjer bar i seg store endringar ikkje berre i synet på historia, men og nye idear kring forståinga av tid, fridom, skrifter og nasjonalisme, jfr. kap. 3.3.2. Idéane breidde seg, og til Norge kom dei via studentar, embetsfolk og akademikar som oppheldt seg i København. Blant desse vart det *Det Norske Selskab* danna i 1772. Hjå desse kan ein kjenne igjen ei ”tilbake til røtene” haldning som forherliga og

lengta etter “fedrelandet”, jfr. Gellner side 29ff. Denne gruppa spela ei initierande rolle i skapinga av ein nasjonal identitet i Norge.

I ei rekkje tyske statar (blant anna i Sächsen) vart det mot slutten av 1700-talet og byrjinga av 1800-talet stifta fortidsmerkeforeiningar, der ein heldt foredrag og skreiv artiklar. I byrjinga var desse foreiningane berre for det tyske aristokratiet, men seinare fekk ein underavdelingar der den som ynska det kunne løyse medlemskap (Wexelsen 1975:50). Dette gjorde det mogleg for både den norske kunstnaren Johan Christian Clausen Dahl (1788-1857) og den teologiske kandidaten Andreas Faye (1802-69) å få kontakt med blant andre Goethe og brødrene Grimm (Wexelsen 1975:48). Alle desse prega kulturlivet i Europa både i samtida og ettertida. Tilbake i Norge ga Faye ut bøker som “Norske folkesagn” (1833) og forskjellige historiebøker og artiklar til ulike tidsskrift. J. C. Dahl heldt kontakt med leiande kulturpersonlegheiter i sin fødeby Bergen, og sendte desse saksiske skrifter om fortidsminne (Wexelsen 1975:51). Dette gjorde at eit kulturinteressert miljøet i Bergen med Lyder Sagen, Wilhelm Frimann Koren Christie (1778-1849) og Jacob Neuman i spissen, var fullt oppdatert på skrifter om fortidsminner i Tyskland.

Kap. 4.2 Interessene for kulturminne og innsamlingar i Bergen

I 1825 sendte stiftamtmann Wilhelm Frimann Koren Christie ut ei innbyding til “at oprette et Museum og Naturalie Cabinet i Bergen” (Ertresvaag 1982:312-313, NOU 1996:28). Med seg i styret hadde han blant andre lærar Lyder Sagen og biskop Jakob Neuman. Christie var den av dei som samla inn mest materiale til museet sine arkeologiske og zoologiske samlingar (Ertresvaag 1982:313).

På sine visitasreiser på Vestlandet gjennomførte biskop Neuman registreringar av kulturminne, samt sette i gang utgravingar. Resultata av desse vart publisert i “et norsk antiqvarisk historisk Tidsskrift” som Neuman sjølv var med å stifte i 1833. Tidsskriftet URDA vart eit medium for kommunikasjon med eit lærd publikum utanfor både Bergen og Norges grenser (Thue 1996:441-442). I tillegg til bidraga til direksjonen ved Bergens Museum fekk ein og inn bidrag frå blant andre Christian Thomsen i København. Etter at Rudolf Keyser hadde ordna Universitetets oldsakssamling i Christiania etter Thomsens treperiode system, vart katalogen publisert i Urda (Thue 1996:442). Tidsskriftet fekk ikkje så lang levetid. Urda kom ut i åra 1837-1847 (Inett 4). To av grunnane til at tidsskriftet gjekk i stå i 1847 kan ha

vore at stiftarane var byrja å kome langt opp i åra, samt at dei byrja å skorte på stoff. Christie, Neuman og Sagen var saman med J.C. Dahl nøkkelpersonar ved stiftinga av *Bergens Kunstforening* (1838) og den landsomfattande *Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring* (1844).

Den private Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring (Fortidsminneforeninga) vart stifta i 1844 med målsetting å oppspore, undersøke og vedlikehalde norske fortidsminnesmerker, samt å formidle til almenheita (Trøim 1999:22, Hagen 1997:27). Den første formannen i foreninga var dåverande leiar for Oldsaksamlinga, Rudolf Keyser (1803-1864). Saman med Peter Andreas Munch (1810-1863) er Keyser rekna som grunnleggjarar av den sokalla "norske skulen". Keyser framsette teoriar om folkevandringar som var sterkt prega av eit nasjonalistisk historiesyn som vekte patriotiske sjølvmedvit (Hagen 1997:25-26). Opprettinga av sjølvve Fortidsminneforeninga kan knytast til nasjonalromantikken. Innan åndsrettinga nasjonalromantikken vart det lagt vekt på å skape ei nasjonal forhistorie, som skilde ein nasjon frå andre nasjonar, jfr. 3.3.2. I Norge var fyrst og fremst Nicolay Nicolaysen som kom til å prege foreninga sitt arbeid som formann frå 1851 til 1900.

Fortidsminneforeninga ga frå 1845 ut ei årsberetning, der nye funn og innberetningar frå reiser og utgravingar vart presenterte (Hagen 1997:27). I 1859 valte Stortinget i 1859 (verksett 1860) å løne ein mann som berre var sysselsett med fortidsminna. Stillinga vart lagt under Foreninga for norske fortidsminnesmerkers Bevaring, der Nicolay Nicolaysen fungerte i stillinga (Lidèn 1991:40-41, Trøim 1999:23). Fortidsminneforeninga vart på denne tida tillagt forvaltningsansvaret for bygningar og ruinar frå mellomalderen (Lidèn 1991:63).

Etter at Christie døde i 1849 mista Bergens Museum litt av sitt preg som privat museum. Ei profesjonalisering av arkeologidelen på musèet skjer ved tilsetjinga av Anders Lund Lorange (1847-1888) i fast konservatorstilling i 1874. I 1876 vedtok Stortinget at denne konservatorstillinga skulle ha eit særskilt ansvar for arkeologiske utgravingar på Vestlandet. Dette vedtaket gjordet i følge Anders Hagen (1997:60) at tanken om eit nasjonalt arkeologisk museum med ansvar for heile landet vart vanskeleg å gjennomføre.

Mats Burström har påpeika at då faget arkeologi fekk sitt gjennombrot som moderne vitskap, gjennom introduksjonen av den typologiske metode og opprettinga av store kronologisystem, fekk arkeologien eit slags meiningsmonopol på fortida (Burström 1993:9-11). Følgjene av dette vart:

”De folkliga föreställningarna om fornminnen framstod därmed som okunnig vidskepelse och intresset för dessa upphörde i det närmaste. Dette framgår bl.a. av att uppgifter om folkliga föreställningar ej längre regelmässigt noteras i fornminnesuppteckningar” (Burström 1993:9-10).

Det kan verke som ein hatt ei liknande utvikling i Norge. Med ei aukande profesjonalisering av faget vart det lagt mindre vekt på historie, segn og myter knytt kulturminne enn hjå Neuman, Strøm og Jonas Anderson. Ved at arkeologien tok denne retninga vart interessa for historer, segn og myter under andre fagområder som etnologi og folkloristikk. To av unntaka er artiklane til Haakon Schetelig (1877-1955) og Jan Greve Thaulow Petersen (1887-1967) som i tidsskriftet *Maal og minne* tok opp temaet folketru kring gravhaugar (Schetelig 1911, Petersen 1914). Eit seinare unntak er Per Fett, som drøftar namn på gravhaugar (Fett 1959).

Noko særleg vern at kulturminne i lovverket fanst ikkje. Unntaka er Lov om veivesenet 1851, der det vert sagt at:

”oldtidslevninger maa i anledning af veiarbejder i intet tilfælde tilintetgjøres eller beskadiges, uden at eierens samtykke og amtmandens bestemmelse i forveien er indhentet” (Lov om veivesenet §29 1851, Lidèn 1991:51).

I tillegg kom det i 1897 ei lov som verna kyrkjer og kyrkjegardar.

Den første utdanna arkeologen som vart tilsett i ved museet i Bergen var svensken Gabriel Gustafson (1853-1915). Etter 11 år i Bergen vart han i år 1900 utnemnt til styrar for Universitetets Oldsaksamling. I samband med utnemninga heldt han eit tildredingsforedrag, der han oppsummerer arkeologien si historie og legg fram eit framtidsprogram. I framtidsprogrammet sitt (Gustafson 1901:14-25) argumenterer Gustafson for ”at landets oldtidslevninger bør blive beskyttet ved lov” (Gustafson 1901:19). Grunngevinga er at oldtidslevningane er ein felles nasjonal eigedom fordi leivningane er dei einaste ein kan bygge kjennskapen til landet si fortid på. Det er ikkje kven som helst som skal få grave i kulturminna;

”Loven maa framhæve, at det *kun* er videnskaben, som har ret til at røre disse mindesmærker, som *burde ligge urørt*, hvis det ikke var *nødvendigt* at hente kundskab af deres undersøgelse” (Gustafson 1901:20).

For at ei slik lov skal vere effektiv meiner Gustafson at ein må gjennomføre ”en planmæssig undersøgelse af landet i antikvarisk retning, gaard efter gaard, sogn efter sogn” (Gustafson 1901:21). Med dette meiner han og å gjennomføre registreringar (”streife i terrænget”) og få kartfesta alle oldtidslevingane (Gustafson 1901:22). I følge Gustafson er naudsynt å drive formidling, ikkje berre ved utstillingane, men og gjennom populære foredrag og skrifter (Gustafson 1901:24).

Gustafson (1901) ville med andre ord arbeide for at kulturminne skulle vernast ved lov, at desse skulle forvaltast av profesjonelle, som og formidla arbeidet sitt til eit breiare publikum.

Kap. 4.3 Utviklinga av kulturminnevernet.

Allereie då Gustafson heldt foredraget sitt (1901) var det lagt fram eit lovforslag om å verne oldtidslevningane (Gustafson 1901:21). Gustafson var framfor nokon den som deltok i diskusjonen og arbeida med ei lov som skulle verne oldtidsminna (Trøim 1999:51-55). Andre viktige personar som arbeidde med eit lovforslag var Jørgen Brunchorst (1862-1917) direktør for Bergen Museum og venstrepolitkar på Stortinget, og Hans Jacob Aall (1869-1946) direktør for Norsk Folkemuseum i Oslo (Trøim 1999:49-55).

Arbeidet med ei fredingslov var omstridt, også mellom arkeologar. Leiande arkeologar og høgrepolitikarar som Oluf Rygh (1833-1899) ved Oldsakssamlinga, bror hans Karl Rygh (1839-1915), museumsstyrar og preses i ”Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab” i Trondheim og Nicolay Nicolaysen direksjonsformann i Fortidsminneforeningen arbeidde mot lovforslaget. Deira argument var at dersom lova gjekk gjennom ville ho uthule den private eigedomsretten (Hagen 1997:83-84). Som nemnt tok Gustafson over etter Oluf Rygh etter hans død i 1899. Året etter gjekk Nicolaysen av, og dermed vart det lettare for Gustafson m.fl. å argumentere for lovforslaget.

Lovforslaget gjekk igjennom, slik at lova om ”Lov om Fredning og Bevaring af Fortidslevninger” vart vedteken av Stortinget 13. juli 1905 (Hagen 1997:85, Trøim

1999:63). I kraft av denne lova fekk Foreningen for norske fortidsminnesmerkers bevaring myndighet over vernet av bygningar frå mellomalder (både ruiner og ståande bygningar), samt kyrkjer og bygningar i offentleg eige (Lidèn 1991:64-66). Frå 1909 vart foreininga styrt av eit representantskap med utsendingar frå dei forskjellige avdelingane (Lidèn 1991:64). Representantskapet såg det som naudsynt at ein fekk ei offentleg antikvarstilling som ikkje låg under foreininga. Dette var fordi ein meinte at dersom antikvaren var statstenestemann eller embedsmann kunne det vere mogleg å oppnå meir enn som foreininga sin funksjonær. Ei slik stilling vart oppretta då Riksantikvarembudet vart oppretta i 1912. Den første riksantikvar vart Hermann Major Schirmer, som døde omlag 7 måneder etter. Frå 1913 til 1946 var Harry Fett Riksantikvar (Lidèn 1991:63-72). Oppgåva til Riksantikvaren var å følgje vernet av kulturminne frå mellomalderen, både ruiner og ståande bygningar, samt kyrkjer og andre bygningar i offentleg eige.

I 1920 fekk ein innført Bygningsfredningsloven. Denne lova medførte at bygningar eldre enn 100 år, samt yngre bygningar av lokalhistorisk verdi kunne fredast. Dette medførte at eigarar av freda bygningar var pliktige til å halde desse i stand. Dersom eit freda hus forfall eller vart skada på nokon annan måte, kunne bygget setjast i stand på eigaren si rekning. Vart istandsetjinga dyrare av "antikvariske" grunnar skulle eigaren ha vederlag for dette. Tilskota til reparasjon og vedlikehald av freda hus kom i mange år frå Pengelotteriet. Fyrst i 1950 åra vart det sett av pengar til slike tilskot på statsbudsjettet (Lidèn 1997:75). Bygningslova inneheld ingen omgrep som gjorde det mogleg å plukke ut freda bygningar automatisk. Ut frå dei to kriteria "kunsternisk" og "historisk" verdi skulle ei gruppe ekspertar (Den antikvariske bygningsnemnd) velje ut kva som var verneverdig. Desse kriteria vart etter kvart avløyst av eit nytt kriteria "antikvarisk verdi". Kva som var av antikvarisk verdi er og vanskeleg å vurdere, sjølv om fagfolk meinte ein kunne gjere det ut frå fagleg skjønn (Lidèn 1991:76).

I forskingshistoriske gjennomgangar av kulturminnevernet er Hans Emil Lidèn (1991) og Dag Myklebust (1999:15) einige om at grovt sett hendte det lite i kulturminnevernet frå 1920-1970. Dette vil eg hevde hovudsakleg er riktig for sjølve bygningsvernet, når det gjeld det museumsdistriktet som denne oppgåva omhandlar eg usamd med skissa. Det arbeid som vart utført i denne tida (blant anna med å registrere alle dei automatisk freda kulturminna på Vestlandet) har gjeve sjølve

grunnlaget for forvaltninga av kulturminne i dag. Utan registreringsarbeidet som vart utført av Per Fett ved Bergens Museum hadde forvaltningssituasjonen vore ein heilt annan i dag.

Tidleg på 1930-talet utdanna sonen Per Fett seg til cand. mag. med arkeologi. Per Fett drog til Bergen, der han i 1935 fekk han ei assistentstilling ved Bergens Museum.

Under den andre verdskrig i 1942 fekk Historisk Museum i Bergen pengar til å drive verksemda. I eit intervju med tidsskriftet ARKEO fortel Fett at pengane;

”gikk i første omgang til registrering på Sunnmøre, hvor vi visste det var mye, både på peishyller og i jorden. Sunnmøre museum hadde nettopp startet sin virksomhet, og det hadde vært en stemning der nord mot å sende ting til Bergen, for det var så langt unna. Jeg gikk derfor inn i samarbeid med museet der oppe om å samle materialet inn til Bergens Museum, hvor all forskningen foregikk” (Bergsvik 1988:21).

Frå 1942 og dei neste 20 år åra registrerte han automatisk freda kulturminne over det meste av Vestlandet, og byrja på det arbeidet som Gustafson hadde etterlyst, jfr. kap. 4.2. I alt skreiv Fett 80 registreringshefter frå like mange prestegjeld (Bergsvik 1988:20). Under dette arbeidet skaffa Fett seg ei utruleg kontaktflate. I nesten alle intervju eg har gjort i samband med denne oppgåva har folk fortalt om Per Fett som kom til garden og såg på kulturminna. Dersom ein fann noko i jorda, så var det ”*han Fett i Bergen*” dei kontakta. Dersom ein fann noko i jorda vart det sagt: ”*Her fe ingen begynne å grave. No må vi kontakte håna konservator Per Fett i Bergen*” (99011201). I tillegg desse haldningane kan informantar fortelje at;

”*han grov ut ei grav i kanten av dinna haugen som var frå år 300 etter Kristi fødsel. So gamale e dinna haugen*” (99011201).

Når informantar i tillegg til å fortelje at Fett grov, også kan fortelje kva han fann og dateringa på funna, syner dette at Fett har vore glimrande til formidle resultatata frå arbeidet sitt. Per Fett arbeidde og ein del saman med kona si, Eva Nissen Meyer Fett, som var den første kvinnelige magister i arkeologi i Norge. Ho har arbeidd ein god del med arkeologisk materiale frå Ulstein og Hareid kommune, samt skrive førhistoriske delen av bygdeboka (Fett 1970).

I intervju vert Per Fett omtala som ”*den fremste forskar*” (99011201) og dei fleste av informantane forbind Bergen Museum med Per Fett. I det arkeologiske miljøet vart ikkje alltid arbeidet til Per Fett like godt verdsatt;

”Jeg fikk høre av professor Anders Hagen først mye senere, at egentlig syntes de det jeg drev med var nokså uinteressant” (Fett i Bergsvik 1988:21-22).

Eit døme på dette kan ein sjå i Anders Hagen (Hagen 1997) si forskingshistorie over sør-norsk arkeologi, der korkje Per eller Eva Fett sitt arbeid er nemnt i det heile.

I Bergen Museum sitt distrikt vart Per Fett sine registreringar nytta som grunnlag for blant anna registreringa for Økonomisk Kartverk (Ø.K.). I samband med kartverket har ein drive arkeologiske registreringar frå 1963 fram til 1989. Prinsipielt skulle registreringane følgje framdrifta av kartverket, men grunna økonomi og knapp bemanning var ikkje dette mogleg. For Ulstein kommune sitt vedkomande vart det gjennomført arkeologiske registreringar i samband med Ø.K. i 1979 (Fasteland 1981).

Frå 1975 har Sekretariatet for registrering av faste kulturminner (SEFRAK) drive registrering av nyare tids kulturminne (NOU 1982:111). For Ulstein kommune har ein valt å berre registrere bygningar eldre enn 1900, noko som har ført til at ein berre har registrert 51 objekt for heile kommunen (Steinnes 1991:78-79).

På 1960-talet voks det fram ein ny type miljøvern. Fleire forbund av naturvernere slo seg saman og danna i 1963 Norges naturvernforbund. Første formann i forbundet var professor i arkeologi Anders Hagen (Gundersen 1996:43). Hagen var formann frå 1963-1969. Hagen har i eit intervju fortalt at:


”Den gongen la jeg merke til at naturvern kun var ivaretatt av strengt naturvitenskaplige interesser [...] Sjelden så man det ut fra en annen vinkling. Jeg tenker på kulturlandskapet – hele den kulturarven som er innebygd i et område hvor det har bodd mennesker [...] Min idé var å integrere dette” (Bergsvik 1989:25).

Dette medførte ei utvikling mot eit meir heilskapleg syn på vern av natur, der kulturminne og kulturmiljø vart tekne med. I lovverket vart det i 1965 innført ei ny plan- og bygningslov som sa at områder av ”historisk, antikvarisk eller annan kulturell verdi” kunne regulerast til spesialområde vern (Myklebust 1999:15). Kulturminnevernet fekk med denne lova ein sjanse til å delta i den generelle utviklinga av samfunnet. Mot slutten av 1960-talet førte ein vidare arbeidet med å gjere Kulturminnevern til ein del av miljøvernet. I 1971 vart det lagt fram ei innstilling for Kirke- og undervisningsdepartementet, der ein foreslo at ein måtte få eit samla lovverk for bygningsfredningslova og fornminnelova frå 1951 (Lov om

forminne 1951). Forslaget vart liggjande då det på denne tida vart gjennomført endringar i departementa.

I 1972 vart Miljødepartementet oppretta. Riksantikvaren vart overført dit frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Tanken bak dette var at kulturminnevern no skulle integrerast i samfunnsplanleggjinga (Myklebust 1999:15). Miljødepartementet førte arbeidet med lovverket vidare, og i 1978 vart ei ny kulturminnelov vedteke. Det er denne som ligg til grunn for dagens kulturminnelov.

Ved Lov om kulturminne 1978 vart fornminnelova og bygningsfredingslova slått saman. I tillegg tok denne lova også for seg samiske kulturminne. Ein hadde no eit meir heilskapleg lovverk, men dei organisatoriske systema skulle ta i vare lova var splitta. Fordelinga av ansvar låg mellom dei fem landsdelsmusea (i Tromsø, Trondheim, Bergen, Stavanger og Oslo) og Riksantikvaren. I tillegg hadde ulike sjøfartsmuseum ansvar for marinarkeologien (Myklebust 1999:17). I løpet av 1980-talet vart organisasjonssforhalda i kulturminnevernet drøfta, og ein gjekk til slutt inn for endringar (NOU 1982:36, Stortingsmelding nr. 39 (1986-87)). Riksantikvaren vart frå 1. juli 1988 omgjort til eit direktorat (jfr. fig. 6), noko som førte til at Riksantikvaren fekk ansvar for områder som førhistorisk arkeologi, samisk kulturminnevern, fartøyvern og marinarkeologi (Miljøverndepartementet 1989:2).



Figur 6 Riksantikvaren er eit av fleire direktorat innan Miljødepartementet (Inett 5)


I 1988 hadde ein gått inn for at kulturminnevernet skulle knyte seg til fylkeskommune nivået, noko som vart gjennomført i 1990 (Innst. S. nr. 135 (1987-88), Myklebust 1999:17). Grunnen til endringane var fordi kulturminnevernet no skulle kome

nærmare arealplanlegginga, ved at plan- og bygningssaker vart gjennomgått på fylkesnivå.

I undersøkingsområdet (jfr. kap. 2), førte dette til at plan- og bygningssaker vert gjennomgått av arkeologar tilsett ved Møre og Romsdal fylkeskommune i Molde. Dermed er avstanden mellom kommunene og forvaltinga kortare enn før (tidlegare var det Bergen). Som førsteinstans for kulturminnevernet kan no arkeologar frå Molde ivareta dei samla verneinteressene i plan- og utbyggjingsaker, samt å drive skjøtsels- og vernearbeid (Miljøverndepartementet 1989:7, Indreliid 1994:52-53). Dette har ført til at mange fleire saker har vorte gjennomgått og kulturminnevernet har vorte effektivisert.

Fylkeskommunene kan ikkje fatte vedtak om freding eller vern, men hjå desse er det bygt opp fagleg ekspertise som kan anbefale freding for Riksantikvaren, og regulering til spesialområde vern for kommunane, etter Plan- og bygningslova. Eit unntak er at fylkeskommunene kan fatte vedtak om førebels freding inntil saka vert handsama hjå Riksantikvaren (Delegering av myndighet etter kulturminneloven § 22 nr. 4). Gjennom desse endringane fekk kulturminnevernet ei organisering som grafisk kan sjåast slik ut:

KULTURMINNEFORVALTNINGEN



Figur 7 Organiseringa av kulturminnevernet (Inett 6)

Hovudansvaret for forvaltinga av kulturminnevernet vart då lagt til forvaltingsnivåa: departement (Miljøverndepartementet), direktorat (Riksantikvaren) og fylkeskommune (19 fylkeskommuner inkludert Oslo), samt Sysselmannen på Svalbard og Samisk kulturminneråd (Miljøverndepartementet 1989:2).

Ansvar for utgravingar ligg som før hjå universitetsmusea (Bergen, Oslo, Trondheim og Tromsø), samt Arkeologisk museum i Stavanger (AmS).

I tillegg til at fylkeskommunene fekk myndigheiter etter kulturminnelova, vart det og bygt opp eit forvaltingsapparat knytt til samiske kulturminne. Det samiske kulturminnevernet er underlagt Sametinget. Eg skal ikkje gå djupare inn i denne delen av kulturminnevernet, då Samisk kulturminneråd ikkje opptrer i undersøkingsområdet.

På Norsk arkeologmøte (NAM) i 1990 vart dei komande endringane i kulturminnevernet drøfta. I diskusjonen tok Bjørn Myhre sjølvkritikk for forskingsprogram han sjølv var med på å setje i gong i si tid ved Historisk Museum i Bergen, der:

”bar våre tiltak i Bergen altfor sterkt preg av tenkning i elfenbeinstårnet, av tenkning isolert fra samfunnet omkring oss. Forskingen var også i altfor sterk grad rettet mot kunnskapsproduksjon og for lite mot kulturminnevern og kulturminnenes sosiale og politiske verdi for samfunnet” (Myhre 1991:26).

Myhre ynskjer at arkeologar ikkje berre driv med vern ut ifrå kriteriar som *alder*, *beliggenhet*, *mangfold*, *sjeldenhet*, *typiskhet* og *tilstand*, men at arkeologar skal kunne bidra i debatten om dei meir idelogiske prega vernekriteria. Med dette ser han for seg at:

”Forskeren blir en bidragsyter til et mangfold av oppfatninger som skaper større bredde i diskusjonen og gir andre muligheten for flere alternative løsninger” (Myhre 1991:31).

Opprettinga av fylkesarkeologar tilsett i fylkeskommuna ser han på som ei eineståande moglegheit:

”for arkeologiske forskere til å få kontakt med, påvirke og motta impulser fra lokalpolitikere og lokalsamfunn. Fylkesarkeologene har bedre muligheter til å få forskning og lokalt verdigrunnlag til å svinge sammen, enn vi som representerer de såkalte sentralmyndighetene. De blir viktige bindeleddet mellom sentralt og lokalt miljø” (Myhre 1991:32)

Eit viktig premiss for å gjennomføre dette er i følge Myhre at fylkesarkeologane fagleg må vere i forskingsfronten. Dette til tross for at forskning ikkje inngår i jobben til fylkesarkeologane.

Målsetjinga med denne oppgåva (jfr. kap. 1) er å gå inn på problemstillingar som Myhre (1991) sakna i byrjinga av 1990-talet, m.a.o. søker eg å klargjere kulturminne sine sosiale og politiske tydingar i samfunnet.

I sin artikkel om utviklinga av kulturminnevernet, skriv Myklebust at:

”Kulturminnevernet ble postmoderne allerede i 1906, i alle fall dersom en fragmentering av virkeligheten kjennetegner det postmoderne samfunn” (Myklebust 1999:33).

Det er klart at kulturminna vi kjenner berre er fragmenter av fortida, men dette tyder likevel ikkje på at kulturminnevernet var postmoderne allereie i 1906. Ser ein korleis kulturminna vart behandla frå 1905-1980 vil eg heller seie at kulturminnevernet heilt klart vart modernistisk. Ein var for det meste oppteken å klassifisere og å ordne kulturminna i forskjellige grupperingar etter kva ”antikvarisk” verdi ein meinte kulturminna hadde. Eit meir postmodernistisk prega kulturminnevern vil vel heller fokusere på meiningane og handlingane som vert skapt av folk og institusjonar kring kulturminna. I staden for berre å klassifisere etter verdier som alder, beliggenhet, mangfald, sjeldsynt, type og tilstand o.s.b., kan eit meir postmodernistisk kulturminnevern fokusere meir på kva samanhengar kulturminna har vorte skapt og nytta i, og kva folk legg i desse i dag. Ein kan og fokusere på kva konflikter og diskusjonar kulturminna skaper og kva diskusjonar lokalfolk, politikarar og kulturminneforvaltinga legg i desse. Eit slikt kulturminnevern har vorte mogleggjort ikkje berre gjennom dei teoretiske debattane gjennom 1980-90-talet, men og gjennom lovendingar (særleg då ved endringa av kulturminnelova i 1992). Som nemnt i kapittel 1, er det desse endringane som set agendaen i denne oppgåva.

I år 2000 vert på politisk hald diskutert om Fylkeskommuner bør omleggast eller nedleggast. Ei politisk endring av organiseringsleddet mellom stat og kommune vil tvinge fram organisatoriske endringar av kulturminnevernet i nær framtid. Med andre ord vil prosessen med å organisere kulturminnevernet fortsette vidare framover.

Kap. 4.4 Samandrag

I dette kapittelet har eg gjennomgått delar av den historiske bakgrunnen for kulturminnevernet slik det fungerer i dag. I framstillinga har eg lagt vekt på personar og miljø knytt til Bergen, då undersøkingsområdet ligg under Bergen Museum sitt distrikt.

I knytning til miljøet kring Christie, Neuman og Sagen vart det i Bergen stifta eit arkeologisk museum (1826), der dei nemnte personane dreiv registreringar,

utgravingar og innsamlingar av både oldsaker og dialekter. Eldsjelene hadde gode kontakter i utlandet og var fullt oppdatert på utviklinga av ulike museer og fortidsminneforeiningar i Sverige, Danmark, Tyskland og England. Desse tre hadde ei enorm kontaktflate innad i Norge, både ved Christie i embedtsverket, biskop Neuman innan kyrkja og katedralskulerektor Sagen i skuleverket. Mot slutten av 1800-talet utvikla arkeologien seg i ei retning der praksisen vert sett på som eit fag som kravde særskild utdanning. På denne tida byrja ein å sjå at kulturminna her i landet var i ferd med å øydelagde i eit stadig høgare tempo, og at det var nødvendig med lover for å verne desse. Ei kulturminnelov som automatisk verna kulturminne eldre enn 1537 vart innført i 1905. Frå 1940-talet og utover vart det utarbeida ei god oversikt over automatisk freda kulturminne på Vestlandet gjennom arbeidet til Per Fett. På 1960-talet endra natur- og miljørørsla seg og fekk større slagkraft. Det førte til at ein i 1973 fekk oppretta eit eige miljøverndepartement som Kulturminnevernet vart innlemma i. Forvaltninga av kulturminne har gjennomgått store endringar dei siste 20 åra. Samla kan ein seie at kulturminnevernet har blitt effektivisert, samstundes som det har vorte meir knytt opp mot politiske styringsorgan. Delar av kulturminnevernet har vorte sentralisert ved at Riksantikvaren vart omgjort til direktorat under Miljøverndepartementet. Tidlegare hadde Riksantikvaren frå stiftinga i 1912 hatt til oppgåve å følgje vernet av kulturminne frå mellomalderen, både ruiner og ståande bygningar, samt kyrkjer og andre bygningar i offentleg eige. Kulturminna som Riksantikvaren arbeidde med var, med unntak av kulturminner frå mellomalderen (kyrkjer og bygningar i bygrunn), ikkje automatisk freda. Dette førte til at Riksantikvaren måtte argumentere for å gjennomføre vedtak om vern. I byrjinga argumenterte ein for vern gjennom omgrep som "antikvarisk verdi", der ein la vekt på sjeldsyn, tilstand, alder o.s.b. I andre halvdel av 1900-talet byrja ein å leggje mindre vekt på desse omgrepa. I dag kan eit nyare tids kulturminne fredast utan omsyn til alder, sjeldsyn eller tilstand. Fylkeskommunane har gjennom 1990-talet opparbeida seg arkeologisk kompetanse, slik at dei opptrer som førsteinstans for kulturminnevernet.

Sidan 1905 har det vorte gjort ein god del endringar i kulturminnelova. Stort sett har lova vorte endra i takt med aktuelle saker, samt teoretiske endringar innan arkeologien. Endringar av kulturminnelova i 1992, samt eit endra teoretisk fokus innan fagområdet arkeologi (jfr. kap. 3) har gjort det meir aktuelt å gå inn på

problemstillinger som søker å klargjøre kulturminne sine sosiale og politiske tydingar i samfunnet.

Kap. 5.0 Metode og materiale

Som nemnt tidlegare (side 11f) er metodene ein nyttar på materialet alltid hefta med teori, og ein aldri kan heilt fri seg frå teorien (Feyerabend 1993:11). Det åtvarar og den franske sosiologen Pierre Bourdieu mot, i det han hevdar at sjølv:

“dei mest tekniske «empiriske» val ikkje kan løysast ut frå dei mest «teoretiske» vala som blir gjorde i konstruksjonen av objektet” (Bourdieu og Wacquant 1993:206).

I kap. 3 har eg drøfta og presisert teoretiske perspektiv og omgrep med døme henta frå undersøkingsområdet. Dermed har eg søkt å implisere materialet i dei teoretiske presiseringane.

I kap. 3.3.4 gjekk eg inn på kva eg meiner er døme på dårleg forskning og kva god forskning bør innehalde. Blant anna bør ein vere kritisk til kjeldene, samstundes som ein syner kvar ein har materialet frå, samt at forklaringane og tankar ein nyttar kjem eksplisitt fram. Eit vitenskapleg materiale ligg ikkje berre der og ventar. Sjølv om ein del av materiale kan ligge i eit eller anna arkiv, så er det forskaren sjølv som vel ut kva han/ho skal nytt, kva han/ho vel å utelukke og korleis ein skal vektlegg ulikt materiale og kjelder. Materialet kan sjølvst og ha ei materialistisk side, t.d. eit bein, ein stein eller eit ark, men det er forskaren sjølv som skaper og produserer noko meir ut av det (Fossåskaret 1997:34-35). Dette kapitlet vil dermed synleggjere materialet og korleis det vart produsert.

Kap. 5.1 Kvalitativ og kvantitativ metode

Innan samfunns- og humanistisk vitenskap finst det eit uttal metodar å arbeide etter. To grunnleggjande metodar er kvalitativ og kvantitativ orientert metode.

Kvalitativt orientert metode handlar om å karakterisere. Sjølve ordet kvalitativ syner til kvalitetane, det vil seie eigenskapane eller karaktertrekka ved fenomen (Repstad 1998:13). Ein legg fokus på meningsinnhald, karakter og tyding (Wadel 1991:9-13). Med eit slik utgangspunkt kan ein fokusere på samhandling, relasjonar og symbolbruk mellom personar, institusjonar og ulike roller. Sjølve forskinga prøver skal vere ein slags “runddans” mellom teori, metode og data som vert produsert undervegs medan ein produserer oppgåva (Wadel 1991:129-137).

Kvantitativ metode legg vekt på det som kan målast. Denne metoden er utbreidd innan blant anna faget arkeologi, der ein ofte prøver å lage kategoriar for deretter å fokusere på utbreiing og mengde. Innan ein slik metode kan ein til dømes lage intervjukjema der ein har faste spørsmål og svaralternativ. På denne måten kan ein klassifisere og kvantifisere svara. Kulturminne kan klassifiserast ut frå ”alder, beliggenhet, mangfald, typiskhet og tilstand” (jfr. kap. 4.3), eller tilleggast ulike verdiar som til dømes økonomisk-, oppleving-, identitets-, pedagogisk- og vitskapleg verdi. Ved å telje antal svarverdiar i kvar klassifisert gruppe, kan ein lage tabellar som syner (med tal i prosent eller mengde) kva folk meiner om kulturminne og kulturmiljø. Døme på bruk av slike metoder finn ein blant anna hjå Markeds- og Mediainstuttet (MMI) sine rapportar kring ulike grupper sine kjennskap og haldningar til kulturminne (Flaatten et. al. 1996).

Skiljet mellom desse to metodane er ikkje så klart og eintydig som det i første omgang kan sjå ut til. Innan kvalitativ forskning er det nesten ikkje til å unngå å bruke mengde- eller frekvensvurderingar (Repstad 1998:13). “Ofte” vert dette uttrykt som “mange meiner”, “ei rekkje med”, “stort sett”, “dei fleste” o.s.b. Å kvantifisere ser ut til å vere så sentralt i menneskeleg tankeverksemd at det er vanskeleg å kome unna lenge om gangen (Repstad 1998:13). Det som likevel kjenneteiknar ei kvalitativ orientert undersøking er at teljinga er underordna.

Innan samfunnsforskning finst det mange som søker å inkorporere og å blande desse to metodane. Ein av dei mest kjente er Pierre Bourdieu (jfr. kap. 3.4), som blant anna i “Distinksjonen” (Bourdieu 1995) nyttar ustrukturerte intervju saman med store mengder statistikk. Forskingsmetoden er for Bourdieu ein slags hermeneutisk sirkel: ”For å konstruere feltet bør ein identifisere dei formene for spesifikk kapital som verkar der, og for å konstruere formene for den spesifikke kapitalen, bør ein kjenne den spesifikke logikken til feltet. Det er eit ustøppeleg fram-og-tilbake i forskingsprosessen” (Bourdieu og Wacquant 1993:93).

På denne måten produserer Bourdieu materialet gjennom intervju som utdjuar det statistiske materialet. Skal ein gjennomføre ein forskningsprosess der ein heile tida må gå fram-og-tilbake, og fokusere på ulike meiningssinnhald er det ein fordel å bruke kvalitative metoder. Den største fordelten med dette er at ein kvalitativ orientert studie kan vere fleksibel. Dersom ein under arbeidet med t.d. intervju eller

spørjeundersøkingar finn ut at ein stiller feil spørsmål, kan ein endre spørsmåla. Dette kan vere vanskeleg innan kvantitative undersøkingar der ein er ute etter materiale ein kan måle og samanlikne. Dersom ein til dømes utførte ei spørjeundersøking der ein spurte folk om dei viste kva eit kulturminne er, og ga dei svaralternativa ja, nei eller veit ikkje, kunne dette gje fine tabellar og diagram. Problemet er at folk kanskje forstår omgrepet kulturminne forskjellig. Ei kvalitativ spørjing ville difor bedt intervjuobjekta om kva dei tykkjer eit kulturminne er, og gje døme på det. Ved denne type intervju har ein større sjansar til å fange inn ulike syn på kva kulturminne er, enn dersom ein utfører reine kvantitative spørringar. Eg meiner det difor kan vere ei bjørneteneste å utføre reine kvantitative undersøkingar og handle etter slike innan kulturminnevernet. Ein får fine tabellar og diagram, men kan ha gått glipp av innhald og mening. Denne oppgåva fokuserer på innhald og mening (jfr. kap. 1), og det er difor eg her nyttar ein kvalitativ metode for å finne ut kva folk meiner og tenke kring kulturminne.

I intervju har informantar fortalt meg om ulike kulturminne, og korleis desse har vore sett på og nytta. Intervjua var lagt opp slik at informanten styrte delar av samtalen inn på hans/hennar eigne interesser. Grunna innsamla bakgrunnsinformasjon la eg merke til at i eit av intervju lot informanten vere å fortelje om at han/ho hadde teke stein frå ei gravrøys for å utføre vedlikehald på fjøset. Av ulike grunnar kan informasjon verte haldne tilbake i intervju. Dette bør ein vere merksam på i handteringa av materialet. I denne oppgåva har eg ikkje sitert frå det nemnte intervjuet.

Kap. 5.2 Det “arkeologiske” materiale

Det arkeologiske materialet i denne oppgåva består i hovudsak av tekst, bileter og teikningar som har vorte produsert, samla og arkivert av arkeologar. For at eit objekt skal ha oppnådd statusen som automatisk freda kulturminne, så har det krevt at kulturminnevernet har godkjent det som eit slikt. Altså, det fysiske objektet (som oftast haugen, røysa, bautaen, buplassen o.s.b.) må ha hatt ei kulturhistorie, der kulturminnevernet på ein eller annan måte har vore involvert. I prosessen med å gje dei forskjellige fysiske objekta verdi som kulturminne har det vorte produsert og arkivert ei mengde med materiale. Dette kan finnast igjen i forskjellige arkiv, brev, rapportar og bøker. Det er dette materialet ein kalle det “arkeologiske materialet” i

denne oppgåva. Dette materialet kan få fram ”fagfolk” sitt syn på kva eit kulturminne er, og kva meiningar og tolkingar kulturminnevernet gjev kulturminna og kulturmiljøa. Dette har relevans for studier av korleis kulturminne og kulturmiljø vert opplevd og fortolka i dag, då kulturminnevernet allereie har gjeve sine fortolkingar av desse (jfr. kap. 4). Skal ein forske på korleis fortida vert fortolka av folk i dag, er det difor naudsynt å sjå korleis ”forskarar” tidlegare fortolka fortida og korleis dette har påverka forteljingane kring fortida i dag.

Kap. 5.2.1 Topografisk Arkiv

Det meste av materialet som omhandlar automatisk freda kulturminne og kulturmiljø kan ein finne igjen i Topografisk Arkiv hjå Bergen Museum. Forutan rapportar frå utgravingar og registreringar finn ein her brev som syner kontakta og relasjonar mellom museum, fylkeskommune, kommune og privat personar. Materialet i Topografisk Arkiv er omfattande og mangearta. Det skriftlege materialet her har vore samla over lang tid (jfr. kap. 4) av mange personar med ulike motiv og haldningar. I det Topografisk Arkiv ligg og avisutklipp. Nokre av desse har vore samla saman av profesjonelle firma. Materialet i arkivet er sortert etter kommuner og gardsnummer. I tillegg til materialet for Ulstein kommune, måtte eg i samband med kapittel 6, søke gjennom arkivmateriale frå Hareid kommune (gnr. 070 og 071) og Ørsta kommune (gnr.135).

Materialet i Topografisk arkiv kan nyttast til å danne problemstillingar knytt til ulike kulturminne, samt å gje eit innsyn i kulturhistoria og tidlegare konflikter som er knytt til desse. Kunnskapen eg tileigna meg frå arkivet hadde eg i ”bakhovudet” når eg var ute i felt og gjennomførte intervju. Produksjonen av eit topografisk arkiv er ikkje heilt tilfeldig. Sjølv om motiva for produksjonen av arkivet har endra seg, så må ein hugse at eit kvart arkiv er eit strukturert heile (sjølv om det heile tida er under endring) som legg føringar på dei personane som nyttar det. Måten arkivet er strukturert på kan påverke utveljinga av informantar, intervju og samt haldningar til informantane. Dermed kan arkivet som ei strukturert samling legge føringar på meg under prosessen med å produsere fleire data.

Anna arkeologisk materiale er bl.a ulike registreringar (Fett 1951 og Fasteland 1981) og utgravingsrapportar. I tillegg er nyare tids kulturminne er registrert i SEFRAK, jfr. side 48.

Kap. 5.2.2 Reiseskildringar og bøker som omhandlar Ulstein kommune

I tillegg til materialet som ligg i Topografisk arkiv i Bergen, finst det og ein del reiseskildringar og bøker som omhandlar Ulstein kommune. Blant desse er Hans Strøm ([1766] 1952, 1997), Lorentz Diderich Klüwer (1823), Jacob Neuman (1826, 1837, 1838), Guldbrand Thesen (1861), Bendix Edvard Reutz Bendixen (1881). I tillegg omtalar tidsskrift som Budstikken (1820- ?) og Urda (1837-47) kulturminne frå Ulstein kommune.

Kap. 5.3 Eigenproduksjon av data

I samband med oppgåva har eg i tillegg til tilgjengeleg arkeologisk materiale, og produsert nytt materiale. Dette var naudsynt fordi problemstillinga var å undersøke korleis folk identifiserer seg med kulturminne, og stridar og diskusjonar kring desse, (jfr. kap 1). I tillegg var dette naudsynt fordi eg søker ein forskingsstrategi der eg vil setje fokus på lokal kritikk, diskvalifisert kunnskap og fortia diskursar (Foucault 1980, jfr. side 12ff). For å løyse problemstillingane som denne hovudoppgåva tek opp er det då naudsynt å sjølv produsere kvalitativt materiale som kan nyttast (jfr. kap. 5.1).

Kap. 5.3.1 Feltarbeidet

Ein av dei viktigaste grunnane til at eg valte å studere Ulstein kommune er fordi eg sjølv er oppvaksen i kommunen. Dette ga meg både fordelar og ulemper. Før sjølve feltarbeidet starta i mai 1997, las eg gjennom ein del lokal litteratur (jfr. 5.2.2), samt ein del av materialet som er i Topografiske Arkiv i Bergen Museum (jfr. kap. 5.2.1). Meininga var at eg skulle opphalde meg i Ulstein kommune over lengre tid (og fungere som ein ”deltakande observatør”), og arbeide gjennom ustrukturerde intervju (både med og utan bandopptakar). Frå før av hadde eg ein del tilskrivne posisjonar i bygda, og i tillegg måtte eg tileigne meg nye (nokre identitetar er valfrie medan andre er faste, jfr. kap. 3.3.1.). Dei nye var blant anna som ein student som var ute og “grov” etter ”minner”. Frå før hadde eg ein posisjon som ein “frå bygda” eller “slektning”, og eg vona då å kunne få tilgang til informasjon raskare enn dersom eg

kom "utanfrå". I tillegg vona eg at ved å vere knytt til eit universitet langt borte (Tromsø), ikkje ville bli sett på som ein representant frå muséet (Bergen Museum). Dette i tilfelle eg skulle verte sett på som "ein som var ute etter gjenstandane som folk hadde heime". Gjennom perioden med feltarbeid tok eg del i ulike arrangement knytt til kulturminne, men deltok ikkje i dei ulike diskusjonane som gjekk føre seg i lokalavisa. På denne måten har eg ikkje argumentert og diskutert i offentlege fora. Dette fordi eg ikkje ville vert sett på som ein part i det materialet som er nytta i kap. 6-8.

Etter at dei første intervjuar var gjennomført, arbeidde eg med ein del arkeologiske registreringar for Møre og Romsdal fylkeskommune. På denne måten tok eg del i den lokale forvaltinga av kulturminne, jfr. kapittel 4.3. Arbeidet på fylkeskommunalt nivå (jfr. side 49ff) ga meg nye innfallsvinklar til materialet i denne oppgåva, jfr. kap. 8.

Kap. 5.3.2 Spørjeundersøking

Før eg byrja med intervjuar gjennomførte eg i juni 1997 ei spørjeundersøking. Eit spørjeskjema vart sendt ut til 56 grunneigarar som hadde automatisk freda kulturminne på eigedomen sin (i følgje Ø.K. registreringane). Av desse var det 20 som svarte i løpet av eit par veker. Med spørjeskjemaet hadde eg fleire målsetjingar. På den eine sida å prøvde eg å skaffe meg ei kjapp oversikt om kunnskapar og haldningar til kulturminne hjå grunneigarar i Ulstein kommune. På den andre sida kan ei slik undersøking verke som ei påminning om at ein har automatisk freda kulturminne på eigedomen og at grunneigarar vert meir merksame på dei.

I utgangspunktet ville eg at spørsmåla skulle vere stilt slik at mottakarane skulle ha stor plass til å svare. Spørsmåla var formulert slik at det ikkje vart altfor mange ja eller nei svar. Vona var at eg skulle få kvalitative svar, der grunneigarar med eigne ord omtala korleis kulturminna såg ut og kva slag kulturminne desse var. I ettertid ser ein at eg ikkje lukkast heilt med denne intensjonen, då det vart ein god del ja/nei svar på spørsmåla. Likevel fekk eg ein god del interessante svar som eg kunne følgje opp. Spørjeundersøkinga fekk dessutan ei utilsikta effekt i at grunneigarar kontakta meg og ynskja at eg skulle kome og sjå på "kulturminna deira" og intervjuar dei. Dermed vart personane eg intervjuar og rekkjefølgja intervjuar vart gjennomført delvis tilfeldig og delvis etter i informantane si interesse.

Kap. 5.3.3 Intervjua

Dei fem første intervju vart gjennomført i 1997, sju intervju vart gjennomført i 1998 og dei siste fem vart gjennomført i byrjinga av 1999. Til saman vart det gjennomført 17 intervju av 18 personar (d.v.s. at i eit av intervju vart to personar intervju samstundes). Metoda i oppgåva har eit fokus på det kvalitative (kap. 5.1) og for å arbeide med dette fokuset nytta et ustrukturerte intervju.

I ustrukturerte intervju prøver ein å absorbere eit levande menneske sine nyanserte erfaringar, meiningar og haldningar. Ein følgjer ikkje eit detaljert skjema med spørsmål, men har eit klart tema og prøver å oppmuntre informanten til å utdjupe og begrunne svara sine (Repstad 1998:65). I mange av intervju startar eg med å få informantane til å definere omgrepa kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. Deretter vart ofte intervju styrt etter interessene til informanten. På førehand hadde eg laga intervju-guider som var tilpassa etter kven eg skulle intervju og kva eg på førehand visste at informanten var interessert i. Intervjuguiden fungerte mest som ein hugselapp. Ofte var det slik at informanten byrja å svare på spørsmål eg hadde tenkt å kome vidare inn på seinare. I slike situasjonar prøvde eg å la vere å avbryte svara for å få dei i “riktig” rekkjefølgje. Sosialantropologen Pål Repstad har åtvare mot dette og syner til at dersom ein bryt av svara til informant for å få “riktig” rekkjefølgje, så kan dette føre til at svarpersonen lett vert “usikker, sur - og dermed passiv” (Repstad 1998:65).

Lydbandspelaren var så liten som mogleg. Sjølv er eg ikkje van med å snakke i mikrofon og til større bandopptakarar, så eg vona at ein liten bandopptakar kunne skape ei bra atmosfære der korkje intervjuar eller informant følte seg hemma.

Ei ulempe med denne arbeidsmetoden (ustrukturerte intervju) fekk eg oppleve i ettertid. Det er tidkrevjande, men samstundes oppdaga eg nyansar som eg ikkje la merke til under intervjuet. Ein sparar mykje tid på å la vere å skrive ned intervju etterpå. Dersom ein fyrst og fremst er ute etter fakta opplysingar er dette den rette måten å arbeide på. Men er ein ute etter vurderingar, kjensler og meiningar misser kan ein lett misse nyansar og verdifull informasjon om ein ikkje har oversikta over materiale. I samband med denne oppgåva har eg difor skrive ned dei fleste av intervju som eg nyttar i oppgåva. Kwart intervju er på mellom 12-29 tekstsider. Det er meir oversiktleg å ha teksta framfor seg, enn å spole fram og tilbake på bandet. Intervju har eg forsøkt å skrive ned på dialekt, slik at det meir naturleg munlege kjem

fram. Sitat frå intervju er i denne oppgåva merka med kursiv. Dette kan kanskje medføre vanskar for lesaren, men eg vonar å få fram det som vedkomande informant har uttalt.

Kor mange intervju skulle ein utføre ? For meg vart dette eit problem, fordi eg heile tida følte at eg måtte ha fleire og at materialet ikkje var komplett. I følgje sosialantropologen John Lofland (Lofland 1971) går det ei psykologisk grense ein stad mellom 20-30 intervju for kor mange virkeleg grundige intervju ein forskar kan yte rettferd ovanfor i analysefasa av prosjektet. Repstad (1998) åtvarar og mot å utføre for mange intervju;

”Blir antallet intervjuer for stort, kan analysen lett bli overflatisk, og dermed mister et kvalitativt forskningsprosjekt noe av det som gjør det noe annet enn en kjapp journalistisk jobb eller en kvantitativ meningsmåling” (Repstad 1998:69). Sjølv forslår Repstad at ein skal slutte av når ein kjenner seg mett på informasjon (Repstad 1998:69). Konklusjonen er; ”Det finnes ikke noe standardsvar for hvor mange intervjuer en kvalitativ undersøkelse må ha” (Repstad 1998:70). På førehand kan ein heller ikkje seie kor mange intervju ein skal utføre, då ein må avgjere dette ved skjønn i kvart enkelt tilfelle. Under innsamlinga av materiale følte eg at dette var altfor lite og at eg trengte meir materiale, men under analysefasane skjønnte eg at desse var meir enn omfattande nok for ei hovudoppgåve. Mange av intervju vert ikkje nytta eller sitert til i sjølve oppgåveteksta, men dei har vore ein naudsynt (men no ein ikkje synleg) del av arbeidsprosessen.

Kap. 5.3.4 Lokal litteratur

Mykje av materialet er henta frå aviser, og då særleg avisa “Vikebladet/Vestposten” (Vb/Vp) som er lokalavisa for Ulstein og Hareid kommune. Mykje av informasjonen omkring Kulturminneåret 1997 og stridane om ulike kulturminne utspant seg i lokalavisa.

I tillegg til aviser finst det ein del bøker av lokal forfattarar som omhandlar kulturminne og kulturmiljø i Ulstein (desse vert det henvist til i teksta).

Under intervju fekk eg tilgang til materiale som ikkje er publiserte. Dette gjeld mellom anna eit intervju Martin Bjørndal (jfr. side 18ff) gjennomførte i 1909 (jfr. side 128). Det vert sitert frå dette intervjuet sjølv om det ikkje er publisert. Dette gjeld og for ein del bileter, teikningar og lokalt historisk materiale.

Kap. 5.4 *Lover og reglar for bruken av materialet*

Sjølv om det er forskaren sjølv som vel ut kva materiale han/ho skal bruke, kva som må utelukkast og korleis ein skal vektlegge materialet, fins det grenser for korleis materialet kan nyttast. Store delar av det eigenproduserte materialet (kap. 5.3) i denne oppgåva er underlagt eit lovverk om personvern og korleis personlege opplysingar skal nyttast og oppbevarast (jfr. Ot. prp nr. 2 (1977-78), Lov om personregistre 1978 nr. 48). I handteringa av materialet må eg difor følgje dei rammene lovverket set (Inett 7).

Kap. 5.5 *Forskingsetikk og bruken av materiale i denne oppgåva*

Sosialantropologen Erik Fossåskaret har i ein artikkel teke for seg dei etiske utfordringane ved å distansere seg frå det nære (Fossåskaret 1997:257-273). I artikkelen skriv Fossåskaret:

”I det daglege samspelet mellom menneske er [...] innsikt og kunnskap, *data* i fagspråket, eit *middel* som skal tene relasjonane. For forskaren er derimot *data* sjølve *målet*” (Fossåskaret 1997:258).

Det er forskjell på korleis ein forskar nyttar opplysingar og korleis ein nyttar opplysingar i dagleglivet. Eg vil difor søke å bruke materialet og dei utsegna eg gjev vidare gjennom ein eksplisitt bruk av teori og metode knytt til problemstillingane (jfr. kap. 1 og 3.3.4).

Teoretisk vil eg i neste kapittel (kap. 6) nytte Bourdieu sitt omgrepsapparat. I samband med denne oppgåva har dette vore sær sars vanskeleg. For Bourdieu er ikkje *agentane* verkelege menneske, men delar av forskaren sin konstruksjon (jfr. side 37ff). For meg er personane eg har intervjuet og skriv om, mennesker av kjøt og blod. Desse har åpna seg for meg og late meg få tilgang til deira verd av erfaringar og meiningar. Ut frå desse samtalane har eg teke bruddstykker og sett dei inn i ein heilt ny kontekst. Motivet har ikkje vore å latterleggjere eller øydeleggje for nokon. Eg søker å nytte den innsikt og kunnskap (*data*) som informantane har gjeve meg til å drøfte dei problemstillingane som denne oppgåva tek for seg og berre i denne samanhengen.

Når det gjeld forskaren sin bruk av materiale har Pierre Bourdieu hevda at:

”Einkvar forskar tilskriv berre ein liten fraksjon av dei opplysningane som er gitt, ein status av å vere data for forskinga - men likevel ikkje, slik det skulle vore gjort, den delen av datatilfanget som blir framkalla og får vitskapleg eksistens på grunn av hans/hennar eiga problemstilling (noko som er heilt normalt), men derimot den delen som er verdsett og garantert av den pedagogiske tradisjon han/ho står i, og berre denne tradisjonen aleine” (Bourdieu og Wacquant 1993:206).

Eit klart døme på dette er Bourdieu sjølv, blant anna når han i perioder går tilbake til sitt feltarbeide i Algerie som omhandlar Kabylar hus (Bourdieu 1977, 1996). Her tolkar han materialet sitt (frå slutten av 1950-talet) på nytt, og på ein slik måte at det vert ”verdsett og garantert av den pedagogiske tradisjonen” Bourdieu til ei kvar tid står i.

Gjennomføringa av ei hovudfagsoppgåve har til hensikt å skaffe meg kapital (både av økonomisk, sosial og kulturell kapital art, i fysisk og symbolsk form av sjølve hovudfagsoppgåva), innan felt arkeologifaget tek del i og andre felt eg i framtida vil tre inn i. Sjølve teksta eg skriv er ein del av ein akademisk praksis. Verknader frå dette feltet (korleis ein skal/kan forske/tolke/skrive og kva som er verdt å jobbe med) vil/har influert på måten denne oppgåva er skrive. Det vil seie at den vitskaplege konstruerte ”røynda” i denne oppgåva er knytt til det feltet ho vert produsert i og for. Dette set krav til korleis eg konstruerer røynda. Sjølve den vitskaplege produksjonen av ”røynda” er gjort ut frå skriftleg materiale som er ope for lesarane (dei er henta frå bøker, aviser og nettsider som det er referert til) og utsegn frå intervju. Menneska som vart intervjuet har kjent til kva intervjuet skulle brukast til, og har hatt sjansen til å styre utsegna i høve til sine eigne meiningar og strategiar. I feltet eg vil analysere delar av (jfr. kapittel 6) har eg sjølv vakse opp i og opplevd utan at eg var bevisst over det. Slik har mi eiga røynd endra seg etterkvart som den vitskapleg skapte ”røynda” har vorte konstruert. Tolkinga mi av kva som skjer og har skjedd er difor annleis enn korleis den vart opplevd av intervjuobjekta og meg sjølv i tida for hendingane og den tida då intervjuet vart gjennomførte. Når materialet vert presentert med ei eg-form, er dette for å understreke at forskinga og materiale er subjektiv.

Med tanke på personvern vil eg ikkje namngje informantane som oppgåva byggjer på. Dette til tross for at fleire av informantane har uttrykt meiniane sine offentleg. Av samme grunn vil eg heller ikkje fokusere på informantane sin alder eller kjønn. Eit unntak er i kapittel 8, der ein del av poenga er knytt til informantane sin alder. I ei lita

bykommune som Ulstein (jfr. kap. 2) er det vanskeleg å anonymisere informantar heilt ut. Eg har difor valt å ikkje ta med alle opplysingar eg kjenner til (dette gjeld særleg i kapitla 6-8).

Grunna personvern vil eg ikkje analysere alt tilgjengeleg materialet fullt ut. Dette gjeld særleg kapittel 7 som omhandlar striden kring eit kulturminne i Ulsteinvik i 1997. Personane det gjeld er alle offentleg kjente og ved å nytte ”teori” (som t.d. kap. 3.4) kan dette påverke notidige og framtidige situasjonar for dei involverte. Eg vil difor i kapittel 7 fokusere på at partane sine syn på kulturminne og kultur, samt argumentar som vart nytta. Dette gjer eg medveten om at eg ikkje nyttar det fulle potensialet i materialet.

Kap. 5.6 Samandrag

Denne oppgåva har valt å fokusere på eit kvalitativt perspektiv. Innan eit kvalitativt perspektiv legg ein fokus på meiningsinnhald, samhandling, bruk av symbolikk og relasjonar. Dette i motsetnad til ein kvantitativ perspektiv der ein legg vekt på det som kan målast, og måle etter utbreiing og mengde.

Materialet i oppgåva er henta frå både arkiv (Topografisk Arkiv i Bergen Museum), aviser (både lokale og nasjonale), samt innsamla materiale frå ustrukturerte intervju. Ved ustrukturerte intervju følgjer ein ikkje eit klart skjema med spørsmål (sjølv om ein kan nytte ein guide til å hugse visse tema), og ein oppmuntrar informanten til å utdjupe og begrunne svara sine. Informantane har synt meg stor tillit og fortalt meg om erfaringar og kunnskapar som er av stor verd for dei. I ettertid har nytte utsegn og informasjon frå intervju i ein kontekst som er utanfor informantane sin kontroll.

Dette har krevt at eg må vere varsom og ta hensyn til korleis eg nyttar informasjonen. Intervjua vart tekne opp på lydband, og flesteparten vart skrive ned ordrett.

Informantane vert sitert ordrett. Dette er av hensyn til og respekt for materialet, sjølv om det kan skape vanskar og mistydingar hjå lesarane av teksta. Ikkje all informasjon vert nytta som materiale i denne oppgåva. Eg har søkt å nytte informasjonen som er relevant for problemstillingane innafor ramma av ei hovudoppgåve. I tillegg må eg ta hensyn til lovverket kring handtering av materialet. Av desse grunnane har eg forsøkt å anonymisere informantane, samt å ikkje tolke fullt ut materialet eg har til rådvelde.

Kap. 6.0 Nasjonal identitet. Bruken av fortida i notida


Hareidslandet (Hod) vert nemnt i Snorri Sturluson sine saga, blant anna i omtalen av slaget i Hjørungavåg. I ein omtale av garden Ulstein skriv Perder Fritz Waage:

”I saga om Jomsvikingane får vi også høyre om bonden Ulf som møtte Vagn Åkeson og mennene hans då dei gjorde strandhogg og herja stygt på Ulsteinstranda” (Waage 1978:9).

Med Ulf som ufrivillig vegvisar seilte jomsvikingane; ”de ror nordenom øya Hod og så inn forbi øya” (Sturluson 1995:150). Inn forbi øya møtte jomsvikingane Håkon jarl til eit slag som heimesidene til Hareid kommune karakteriserar som: ”I realiteten det fyrste nasjonale slaget om Noreg” (Inett 8).

Både blant folk lokalt og i media finn ein uttrykk for at slaget i Hjørungavåg er av stor Norgeshistorisk tydnad. Det eksisterer imidlertid andre tydingar, tolkingar og diskursar kring dette vikingslaget. Lokalfolk og ”forskarar” har gjennom fleire generasjonar drøfta lokaliseringa av dette vikingslaget, og kva verdiar ein skal leggje i det. Sidan ein ikkje har klart påviselege automatisk freda kulturminne å knyte dette slaget til, vil kapitlet fokusere på kva som er gjort for å etablere ei sanning omkring slaget og kva ligg i denne sanninga. På denne måten vil eg i tråd med ein forskningsstrategi som Foucault har etterlyst (side 12), d.v.s. å synleggjere diskvalifisert kunnskap, lokal kritikk, og skjulte diskursar. Dette meiner eg vil få fram eit større mangfald av tilskrivningar og dermed syne korleis folk identifiserer seg med kulturminne og kulturmiljø og kva verdiar som ligg i desse (jfr. problemstillingar kap. 1). Vidare vil eg drøfte korleis slaget har vorte nytta i forsøket på å styrke ”nye” identitetar. Diskursane innan vikingslagfeltet vil eg drøfte dels kronologisk og dels tematisk. I analysa vil eg nytte delar av omgrepsapparatet til Pierre Bourdieu, jfr. kap 3.4. Utgangspunktet er at eg ser for meg at drøftingane og stridane kring dette vikingslaget som eit felt, ”jomsvikingslaget”, der aktørar investerer kapital i spørsmålet omkring lokaliseringa av slaget.

Hovudstriden innan jomsvikingfeltet vert å få lokalisert slaget (ei forteljing) til ein viss stad (eit spesifikt kulturmiljø). Fokuset mitt er kvalitativt, der materialet er produsert gjennom ustrukturerte intervju (jfr. kap. 5.1 og 5.3.3.), samt gjennom arkivsøk (jfr. kap. 5.2.1) i forskjellige aviser (både lokal, regional og landsdekkjande) og topografisk arkiv hjå Bergen Museum og frå lokal litteratur generelt (jfr. 5.2.2).



Figur 8 Kart over stadar knytt til slaget i Hjørungavåg

Jomsvikingslaget skal ha utspelt seg i Hjørungavåg på Sunnmøre. For tida ligg dagens Hjørungavåg i Hareid kommune på Hareidlandet (Hod). Sjølv om Hjørungavåg i dag ligg geografisk utanfor undersøkingsområdet, så har folk i Ulstein delteke i diskursane kring slaget. Ulstein sin stad i jomsvikingforteljinga har vore udiskutabel hjå partane.

Kap. 6.1 Slaget i Hjørungavåg

Det finst fem versjonar som berre tek opp sjølve Jomsvikingsoga. Desse skal vere frå omlag frå 1230-talet. I tillegg er saga omtala både i Fagrskinna frå omlag 1220-talet, Snorri Sturluson si Heimskringla frå 1230-talet og i Saxo Grammaticus si Danmarkskrønike frå rundt 1200 (Larsen 1992:27, Lunden 1986:88, Grammaticus [1514] 1994).

Eg skal her berre presentere forteljinga det vert strida om, så eg nyttar meg kort av fleire kjelder. Meir utfyllande lesing kring saga er allereie drøfta av Stein Ugelvik Larsen (Larsen 1992), samt i "Heimskringla" av Snorri Sturluson (Sturluson 1995:121-201). Grunnen til at eg ikkje vil gå djupare inn på sjølve saga er at eg vil halde meg til oppgåva sine problemstillingar og dermed fokusere på korleis folk identifiserer seg med ho (jfr. kap. 1).

Kap. 6.1.1 Forteljinga

Den delen av saga som er knytt til slaget i Hjørungavåg går i korte trekk ut på at kong Svein i Danmark heldt arveølmminnefest over den døde Strut-Harald jarl (nokre av versjonane fortel at dei samstundes heldt arveølm etter to andre og). Med på festen var sønene til jarlen, samt jomsvikingar med leiaren Sigvalde jarl, Bue Digre, Vagn Åkeson og Torkjell Håve som dei fremste. "Det er fortalt at jomsvikingane drakk ofseleg alt frå første kvelden, og drykken gjorde sin verknad" (Fidjestøl 1992:162).



Figur 9 Sigvalde jarl gjer lovnad ved minneskåla. Teikning: Halfdan Egedius © Nasjonalgalleriet 1999

I drukken tilstand byrja dei å seie fram lovnader. Kong Svein byrja med å love at han innan tre vintrar skulle vere komen til England med hæren sin, og drepe eller jage kong Adalråd. Deretter var det jomsvikingane sin tur å kome med lovnadar. Sigvalde lovte at han innan dei tre første vinternetter skulle ha reist til Norge og herje mot Håkon jarl, og ikkje kome attende før Håkon jarl var drepen eller landflyktig, eller det

tredje at han sjølv låg att. Dei andre jomsvikingane lova å følgje han. I tillegg lova Vagn at innan den tredje jola skulle han ha gått til sengs med Ingebjørg, eller ha drepe far hennar, Torkjell Leira (Sturluson 1995:146-148). Morgonen etter vart Sigvalde vekt av kona Astrid som lurte på om han hugsa kva han hadde lovt. Sigvalde svarte han ikkje kunne hugse å ha lovt noko som helst, men ein lovnad var ein lovnad. Den vinteren drog jomsvikingane nordover med mellom hundre og hundreogmitti skip, og byrja å herje.

Då Eirik jarl høyrer dette samla han straks folk i Romerike og drog via Romerike til far sin Håkon jarl i Trondheim. Håkon og Eirik jarl:

”lar skjære hærpil opp over hele Trøndelagen. De sender bud til begge Mører og Romsdal, likeså nord i Namdalen og til Hålogaland, og stevner så ut i full allmenning av folk og skip” (Sturluson 1995:148).

I Hjørungavåg ved øya Hod, møtte jomsvikingane Håkon og Eirik jarl. Omlag tre hundre skip skal ha delteke i slaget (dette antalet varierar). I ei av pausane i slaget syntest Håkon jarl at striden heldt på å snu seg, sjølv om dei i antal var mange fleire enn jomsvikingane. Han bestemte seg difor for å dra til den skogkledte øya Primsigd for å blote sonen sin (denne delen er ikkje nemnt i alle versjonane). Då jarlen kom tilbake eggja han på nytt til strid, i trygg forvissing om at han hadde gudane med seg (han hadde bede til både Torgjerd Holgabrud og systra Yrpa). Kampene tetna til, men det gjorde også véret. Det byrja å lyne og tordne, og deretter kom ei byge.




Figur 10 Uveret i Hjørungavåg. Teikning: Gerhard Munthe © Nasjonalgalleriet 2000

Jomsvikingane fekk véret mot seg og måtte kjempe mot hagl så store at dei vog ei øre (tilsvarar c. 27 gram). Tidlegare på dagen hadde vore så varmt at; ”fleire av jomsvikingane hadde teke av seg klede, så dei hadde ikkje meir enn sjølve hærklede på seg” (Fidjestøl 1992:194). Sigvalde meinte at no kjempa dei og mot større makter, så han bestemte seg for å flykte med sine skip.

Samstundes hoppa ein av Håkon jarl sine menn, Torkjell

Midlang, opp på Bue sitt skip, og gjekk til åtak på Bue. Torkjell hogg leppa av Bue og kløyvde haka heilt nedetter, så tennene fauk. Bue svarte: “Det var eit karsleg hogg, Torkjell, og ikkje er eg no vakrare enn før. Dei danske jentene tykkjer ikkje eg er like

god å kysse, når vi kjem heim att i Bornholm” (Fidjestøl 1992:200). Det var glatt på dekk, så Torkjell falt, og Bue hogg han midt på og delte han i to.



Figur 11 Bue hoppar over bord med skattekestene sine. Teikning: Jon Dale. Illustrasjonen: Waage 1986:49.

Etter det tok Bue to gullkister under armene og ropte høgt: “Over bord alle Bue

sine menn!” (Sturluson 1995:152). Deretter hoppa han på sjøen med kistene og kom ikkje opp att, fig. 11.

Håkon og Eirik jarl vann slaget og saga fortel vidare om heltemotet jomsvikingane synta etter slaget.

Denne framstillinga syner ikkje alle dei ulike versjonane og tolkingane av jomsvikingsoga. Framstillinga mi er meint å syne dramaet i saga, samstundes som eg får fram ein del momenter som folk i undersøkingsområdet

”hugsar”. Eit samandrag av saga har ein frå ei tabloidavis (fig. 12) som draumer seg tilbake og dekkjer slaget frå ein journalistisk synsvinkel:

Figur 12 Fortida i tabliod utgåve. Faksimile: Dagbladet 17.08. 1986

Kap. 6.1.2 Kven var eigentleg jomsvikingane ?

I ein del intervju spurte eg kven jomsvikingane var. Nokre av svara var:

Håkon Jarl seirende ut av

BLODBAD PÅ SUNNMØRE

Håkon Jarl har vunnet en knusende seier og befestet sin stilling som Norges mektigste mann i et voldsomt slag i Hjørungavåg på Sunnmøre der flere hundre skip var med.

Det meldes at Håkons motstander, Bue Digre, sviktet sin hær, Jomsvikingane, og rømte fra slaget med to kister gull. Bue Digre er sporeløst forsvunnet.

— Håkon Jarl seilte inn Hjørundfjord med bare to skip — jarlen hadde bare ett eller to skip, iallfall ikke mer enn tre, skal en bonde ha sagt til Bue Digre.

Seierssikker

Det gjorde at Bue Digre, sikker på seier, forfulgte Håkon Jarl inn i Hjørundfjord. I Hjørungavåg ble Bue Digre imidlertid møtt av hele 130 skip, og et voldsomt blodbad fulgte, der Håkon Jarl gikk seirende ut, melder lensmannen Snorre Sturluson, som har gjort undersøkelser om dansk kongens mann i Norge, Håkon Jarl.

Håkon Jarl seiret over Jomsvikingerne i Hjørungavåg. (Ill. fra Snorres kongesagaer)

•Dagbladet• fra år 986...

”Dei kom frå Jomsborg. Dei var spesialkrigera. Dei var nokre fantastiske krigara. Det var bestemt at dei ikkje hadde lov til å vere saman med kvinnfolk meir enn 1 dag i veka, for dei skulle halde seg i form. Det var spesialkrigera og dei hadde ordre om å jage håna Håkon jarl frå landet. Det er oppdraget dei fekk” (99011201).

Ein annan informant seier:

”For det Jomsvikingane va no egentlig tyskerar eller frå den regionen” (98120901).

Svara frå desse to informantane er representative for mange som eg har snakka med utan å intervjuje. Desse svara er og representative for det eg sjølv har vakse opp med, det vil seie at dei stemmer med mi eiga erindring.

Kven var eigentleg jomsvikingane om ein les dei skriftlege kjeldene ?

Nokre av dei namngjevne personane i jomsvikingsoga er nemnt i samtidige skaldevers der dei hjå Tord Kolbeinsson (974-1045), islandske Vigfus Vigaglússon og Tind Hallkelson (954-1017). Hjå desse vert angriparane kalla ”vikingeskip” og ”danenes skip” (Øvrelid 1981:26-28). Hjå Saxo Grammaticus på 1200-talet var angriparane danske. Grammaticus nemner heller ikkje staden Hjørungavåg (Grammaticus [1514] 1994:387-389).

Det var den seinare biskopen på Orknøy, Bjarne Kolbeinsson (ca. 1150-1223) som i si Jomsvikingadråpa fyrst nemnte Jomsvikingane og let dermed ”danskane” kome i bakgrunnen (Øvrelid 1981:26-27). I følgje Soga om Jomsvikingane (Joleik [1910] 1992, Fidjestøl 1992) heldt jomsvikingane til på Jomsborg. Her skulle:

”ingen mann kome som var eldre enn femti år eller yngre enn atten[.] Slektskap skulle ikkje få råde over lovene dersom nokon ville fare dit [.] Alle skulle hemne kvarandre som om dei var brør [.] Alt dei vann på hærferder, skulle dei bere til byting om merkestonga, smått og stort, alt av verdi [.] Ingen mann skulle ha kvinnfolk i borga, og ingen vere borte lenger enn tre netter [.] Kvar sommar fór dei på hærferd i ymse land, og blei namngjetne. Dei var dei fremste av alle hærmenn, og knapt nokon var deira likemenn på denne tida.” (Joleik [1910] 1992:58-59).

Som historikaren Arne Øvrelid nemner høyrest dette ut meir som mellomalderen sitt riddarideal, og han konkluderar med at ”Jomsvikingane er [.] heilt ukjende i si samtid, av den enkle grunn at dei aldri har eksistert” (Øvrelid 1981:27-28). Personane

som er omtala som jomsvikingar er og nemnte i skaldevers, men då alltid som danskar (Øvrelid 1981:28).

Andre som Stein Ugelvik Larsen (1992) og Peder Fritz Waage (1986) syner til Wollin ved elva Oder, som borga (Jomsborg) der jomsvikingane heldt til. Frå Danmark kjenner ein til ein type spesielle borganlegg frå vikingtid som har vore knytt til jomsvikingane. Tilsaman kjenner ein til minst 5 slike borger frå vikingtid, der Trelleborg utanfor Slagelse var den første som vart knytt til jomsvikingane. Det ubrente gravmaterialet frå arkeologiske utgravingane på i 1940-talet synte at:

”det store flertal har været unge eller yngre mænd i deres bedste alder, mindre end 40 aar gamle. Der er ikke mange gamle, vist heller ikke mange kvinder (omend usikkerhedsprocenten er stor). Men især er der altfor faa børn til at Trelleborgs beboere kan betragtes som et normalt befolkningsudsnit. Naar man betænker den kraftige befæstning af pladsen, er den naturlige forklaring, at det har været et samlag af krigere, som her har holdt til” (Nørlund 1948:113).

Dette førte til tolkinga:

”Trelleborg karakteriseres bedst som et sjællandsk Jomsborg. Der findes ingen velafhjemlet historisk efterretning om Jomsborg, og man har villet bestride, at det overhovedet har været til. Afsløringen af anlæg som Trelleborg tyder dog paa, at de blomstrende sagn om Jomsborg ikke er hjernesvind, men pyntede realiteter. Der har virkelig været saadanne borge, mageløst befæstede, hvor den raske ungdom under tugt og faste ordensregler uddannedes til krigerhaandværket og til de barske farter over havene” (Nørlund 1948:162).

Sjølv om beinmaterialet i graver frå Trelleborg hovudsakleg er av menn, så tyder ikkje nødvendigvis dette at dei var jomsvikingar med ridderideal. Desse borgene kan ha vore nytta i andre samanhengar, som t.d. som samlingsplassar for større hærferder mot England eller austover. Ein kan i ikkje vere sikker på om jomsvikingane har eksistert i vikingtida.

Kap. 6.2. Jomsvikingslaget som eige felt

Som nemnt (kap. 6) ser eg for meg drøftinga og stridane kring dette slaget som eit eige felt i Bourdieusk forstand (kap. 3.4). Eg vil i denne oppgåva kalle feltet for vikingslagsfeltet. Dette feltet er eit felt som stadig har vore i endring, og der grensene har vore flytande. Det er ikkje meininga å forklare alt som skjer i dette feltet, men skal ein forklare kampane som foregår og verdiane som står på spel må ein og kome inn på kva som har skjedd i feltet tidlegare, då dette legg mykje av premissane for kva som skjer i dag. Hendingane eg vil konsentrere meg om skjedde hovudsakleg i tida 1975-

1986. Då inneheldt feltet mange ulike aktørar, som ga synleg uttrykk for sine meiningar og fekk gjenklang for desse hjå både lokalaviser og riksaviser.

For å forklare kva han meiner med omgrepet "felt" nyttar Pierre Bourdieu ofte "spel"-bilete (etter Wittgenstein sitt omgrep, der han ser på språket som eit språkspel som aldri sluttar, jfr. kap. 3.1). Dette gjer han sjølv om det skil seg frå spelet ved at det ikkje er produktet av ei planlagd skapning og sjølv om det følgjer reglar, eller snarare regularitetar, som ikkje er eksplisitte og kodifiserte (Bourdieu og Waquant 1993). Vikingslaget kan utgjere eit felt i Bourdieusk forstand i og med at ein kjempar om posisjonar, og investerer både kulturell, sosial og økonomisk kapital (som kan nyttast i symbolsk form) i dette vikingslaget (feltet).

Innan feltet finst ein doxa, d.v.s. ei tru som ingen innan feltet vil stille spørsmålsteikn ved eller så tvil om. Doxaen i dette vikingslaget er knytt til trua på at slaget er ei røynd hending. Folk utanfrå kan stille desse spørsmåla, men innad i feltet kan ikkje dette tvilast på. Blant anna skriv den islandske forfattaren Halldor Laxness i ein kronikk i Politiken (11. juli 1971) der han tolka sjølve tekstene. Laxness meiner at forfattaren er islandsk og at "forfatterens danske geografi er yderts fattig". Når det gjeld historia, så er;

"hans kronologi mildt sagt flydende. Historien begynder i karolingisk og ender i senottisk; den strækker sig over godt og vel 200 år, 6-7 slægtled, men personer som bevislig tilhører hvert sit tidsrum optræder sammen; det forekommer også at tre slægtled presses ind i et tidsrum af 45 år" (Laxness 1971).

Laxness spør om kvar Hjørungavåg ligg og svarer:

"Hjørungavåg er et sted som Svolder, hvor Olaf Tryggvason faldt, og som ikke blev skabt av Gud, men lavet af islændere. Ikke engang filologerne ved hvor disse steder finnes [...] Jomsvikinga saga er en af de sagaer som ikke har ret meget relation til virkelige hændelser" (Laxness 1971).

Ein annan som har stilt spørsmålsteikn ved slaget er arkeologen Per Fett (Sp 11.05 1967). Fett vil heller tolke ein del av stadnamna i forteljinga til å vere nemningar som er med på å lyfte forteljinga over det historisk-geografiske (Sp 11.05.67). Han ser då på sjølve slaget på som ei symbolsk forteljing heller enn ei verkeleg hending, jfr. side 79ff (06.06 1950 Ta 002712, Ta 002727 og Ta 002729). Sjølv om både Laxness si dikting og Fett sin arkeologiske kunnskap vert sett stor pris på, så vert ikkje utsagna deira lagt vekt på når ein skulle arrangere 1000-års minne.

For å syne kva ulike kapitalformer ein finn som vert nytta i feltet, vil eg noko lunde kronologisk syne korleis ein i moderne tid har strida om vikingslaget. Dette har vore ein strid om posisjonar, identitetar (både lokal og nasjonal) og kva verdiar ein skal leggje i slaget. Det fanst mange kandidatar til kampstadar, men hovedslaget stod mellom to stadar, "Hjørungavåg" og "Hjørundfjorden" i første halvdel av 1980-talet.

Kap. 6.2.1 Tidlegare kampar i vikingslagfeltet

I kladdeboka si skriv Hans Strøm (1726-97) at Lievogen (jfr. fig. 8 og 13) er kalla etter "en Vog som gaar der ind der og kaldes Jøringvog hvor Hagen Jarl sloeg Jomsvikingerne" (Strøm 1997:142). Strøm gjev og vidare drøftingar om kvar slaget stod. Presten Jonas Ramus (1649-1718) hevda i "Norriges Beskrivelse" at jomsvikingslaget stod i Hjørundfjorden (Ramus [1715] 1735). Strøm tek opp dette, men knyt namnet Hjørundfjord til ein fabel om Trollgjølet, og tykkjer denne forklaringa er betre enn:

"Rami som vil have det til Hiøringfiord af det ord Hiøring eller de Stene som bleve opreyste til amindelse af Hagen Jarls Sejervinding over Joms vickingerne" (Strøm 1997:93).

I følgje Strøm har Lievogen "tilforn været kaldet Hiørringavog, som endnu er Innbyggerne Velbekiendt. (Strøm 1997:214). Med andre ord skal slaget ha vore kjent på folkemunne i Lievogen allereie på 1700-talet. Sjølv om Strøm tolkar Lievog til å vere vågen der slaget vart utkjempa, så ser han at landskapet ikkje stemmer med sogene. Lievogen passar korkje med Snorri Sturluson eller med islandske historikaren Tormod Torfæus (1636-1719) sin omtale av slaget (Torfæus 1711). Strøm prøver då å kombinere dei to standpunkta med at

"Slaget har strakt sig heele fiorden igiennem fra Lievog til Hiørringfiord, hvorfra det k[an]d komme at hiøringavog, hvor Slaget udentvil har begyndt effterdi der ere den eneste Plads hvor en flode kunde ligge. confunderit med hiørringfiord hvor Slaget k[an]d være endt eller strakt sig hen og derfor har faaet den ære at Seyer Stene eller Hiørringerne der ere oprettede> /noget Sted paa Syndmør, hvilket ieg nøye har undersøgt. Men ingen slige Steder fundet." (Strøm 1997:214).

På 1700 og 1800-talet skriv Gerhard Schøning (1781) og Peter Andreas Munch (1852) kvar si Norgeshistorie. I følgje historikaren Kåre Lunden nemner begge desse jomsvikingslaget, og både hjå Schøning (1722-80) og Munch (1810-63) la ein vekt på forestillinga om det særskilt norske (Lunden 1986:94, 1993:99).

Lokalt fekk forteljninga eit oppsving utover 1800-talet. I bygdeboka kjem Ingvar Bjåstad inn på at det finst få kjelder som fortel om den nasjonale folkereisinga etter 1814. Når det gjeld lokale kjelder er desse for det meste opptekne med praktiske problem (Bjåstad 1977:367). Interessa for søge og det nasjonale vert vekt gjennom tidskriftet "Postbudet for Landalmuen", som etter eit opphald byrja å kome ut igjen i 1845 (Bjåstad 1977:371). Ifølge Bjåstad var dette bladet:

"så godt som det einaste bladet som vart lese på Hareidlandet, og det førde ei nasjonal og politisk reising inn i heimane" (Bjåstad 1977:371).

Slik det kjem fram i "Postbudet" var nasjonalismen blant bygdefolket svært så romantisk. Bjåstad konkluderer med at når det gjeld nasjonalismen så var;

"det likevel er Hjørungavåg som vart midtpunktet for den historiske og nasjonalromantiske interessa for fortid og sagatid" (Bjåstad 1977:374).

I "Postbudet" kjem dette til uttrykk hjå Jens Kraft som legg Hjørungavågslaget til ei fortid;

"hvor norsk og vendisk Kraft og Styrke mod Slutningen af det 10. Aarhundrede maalte sig med hindanden i det navnkundige Slag mellem Håkon Jarl og Jomsvikingene" (Kraft sitert i Bjåstad 1977:374).

Den nasjonale reisinga fekk eit djupare festa hjå folk etter Ivar Aasen (1813-1896) la fram eit "norsk" språk midt på 1800-talet. Det nye språket vart då nytta til å identifisere seg med noko særlege, som var nok annleis enn "dansk" eller "svensk". Saman med den nye skriftspråket som vart nytta, vart nye tradisjonar innført, som t.d. feiringa av 17. mai. Slik vart det utvikla tradisjonar og symbolar som var med på å markere "norsk" som noko særlege. Med på denne styrkinga av det "norske" var ulike skodespel og dikt med bakgrunn i historier frå sagaen (blant andre Henrik Ibsen og Bjørnstjerne Bjørnson). I 1879 skreiv Kristiania-forfattar, diktar og malar Peter Marius Petersen (1845-1917) eit skodespel om slaget i Hjørungavåg. Handlinga vart lagt til eit naust i Hjørungavåg. Skodespelet vart ikkje framført, og forfattaren er ein av dei mindre kjente i norsk litteraturhistorie (Larsen 1988).

Lokalt var på midten av 1800-talet strid om den geografiske plasseringa av jomsvikingslaget. Amtmann Guldbland Thesen skriv:

"Det har faldt enkelte tungt at slippe de kjære eventyr, at de heller har valgt at flytte hele det navnkundige slag. Trods de umiskjendelige fejl, der er indblandede, peger

dog kilderne til vor kundskap om tildragelserne, enkeltvis, saavel som de sammenholdes, saa utvetydig paa den nuværende Liavaag og farvandet om dens gab som den berømte valplads, at det ikke lader sig gjøre at henlegge den andetsteds” (Thesen 1861, sitert i Waage 1986:12).

Trua på at jomsvikingslaget stod i Liavåg vart på 1900-talet vidareført, m.a. i skuleverket. Her fekk ungane lære om vikingslaget;

”So hadde vi lærara som va interesserte i historie. Og då spesielt i slaget ved Hjørungavåg. Det va spesielt ein som heitte Knut Nykrem. Ej veit det va ein store diskusjon mellom han Knut Nykrem og ein anna person som ville ha det til at slaget stod inne i Flisneset” (98120901).

”Lærarane vi hadde fortalde mykje om forhistorisk tid og i det store og heile vart det lagt stor vekt på historie. Idrettsplassen vart no kalla for Jomsvoll” (99112001).

I tillegg var det vanleg at barna leika scener frå vikingslaget og dermed fekk oppleve og omskrive slaget på sin eigen måte. I eit intervju av ein som er vaksen opp i Hjørungavåg vert det på spørsmål når vedkomande byrja å interessere seg for historie og forhistorie svarte han:

”Når det gjelde Hjørungavåg, slaget som stod her for godt og vel 1000 år sida, so e no me blitt oppfostra med at det var her det stod, og me dreiv no å leika Håkon og Eirik jarl og Jomsvikingar når me va små” (98120901)

”Oss leika vikinga og laga boge og pile og det var to lag. Folket has Håkon og Eirik jarl og det var jomsvikingane. Det var veldig mykje brukt.” (99112001).

For folk som har vakse opp i bygda har slaget vore noko meir enn berre ei historie:

”Hjørungavåg er eit historisk sted. Han far var no veldig interessert i historie og snakka om Jomsvikingslaget. Det var no av og til ej følte no det at han Håkon jarl og han Erik og disse her var nære slektningar, som var onklane mine [...] Vi vart tidleg fora med historie. Her he vore stor interesse for jomsvikingslaget. Ein fekk tidleg vite om det og lære det frå slektsrekke etter slektsrekke” (98120901).

I 1920 arrangerte Hjørungavåg frilynde ungdomslag eit stemne for å markere slaget. Søndagen 12. september skal omlag tusen menneske ha møtt opp for å høyre på forskjellige foredrag. Etter foredraga samla folk seg på Bautebakken, der ”Den største bautasteinen som hadde sige ned mot bakken, vart i dette høvet oppattreist og stelt” (Liavåg 1986:68). Ungdomslaget sette opp igjen fleire bautasteinar som låg nede:

”Dei røyste i hvert fall opp igjen ein bautastein som hadde sige ned. Det e klart at det vekte interessa for slaget, so ej trur at allereie då vart tanken

sådde på at 1000 ára måtte han få ei skikkelig markering og med den store betydning slaget hadde” (99112001).

”Han [ein bautastein, Ø.K. reg. R5 (1659-E24)] vart nok flytta på ei ca. 25-30 m. Dei sette han lenger ned til vegen slik at han skulle vere meir synleg. Han låg litt lenger opp i bakken der det e registrerte gravhaugar [...] Det vart teken ein no i 1986. Han låg på Jørgenplassen og då vart den flytta fram til den kunstige haugen ein laga til på Leira. So han låg der nede med den steinen frå Trøndelag [...] Den hadde vore flytta tidlegare [...] Dei var tenkte til å bruke han til ei bru over elva her nede [...] men det vart ikkje bruk for hånå.” (99112001).

”Elles vart det i 1920, då hadde Hjørungavåg frilynde ungdomslag eit seminar her. Dei hadde det inne på Vågslegene der dei talte om jomsvikingslaget og na Hans Strøm og det han skreiv om det, og elles om bautasteinar og gardsnamn. Disse gardsnamna som e Hjørungnes, Hjørungdal og Hjørungdalsvatnet det legg ein vekt på at det e gamle namn so e det ut ifrå at det her var Hjørung og Hjørungavåg” (99112001).

Som ein ser er kunnskapen kring slaget også ein del av barndomsminna. Gjennom ein kollektiv praksis (barneleik) vart forteljingane knytt til landskapet ein levde i og kulturminna ein levde blant (habitus). I tillegg tek og dei vaksne del i dette der dei tilpassa og restaurert kulturminna slik at det vert tydlegare at slaget har vore akkurat i denne bygda. Det er ikkje berre kulturminna som vart endra og tilskrive meiningar og tolkingar kring saga, også namnet på sjølve bygda vart endra. Liavåg fekk endra namn til Hjørungavåg, slik at det no ikkje skal vere tvil. I eit intervju spurte eg når ein byrja å ta i bruk namnet Hjørungavåg om Liavåg:

”Den første som eg veit som tok det direkte til namn var han Knut Liavåg som starta båtselskap og det vart eige anløp her. Det vart sett som Hjørungavåg” (99112001).

Informaten kunne ikkje tidfeste når dette skjedde. I tillegg til å vere gardbrukar var Knut Johansen Liavåg den første til å starte forretning i Liavågen. I 1897 starta han eit dampskipsanløp (*”dei måtte ro ut, for dei hadde ikkje kai på den tida”*) og i samband med anløpet starta ein og eit postopneri (pers. med. Berta Pilskog 20.03.00, Posten sirkulære nr. 12 29.03 1897). Både anløpet og postopneriet fekk namnet Hjørungavåg, og Knut Liavåg dreiv det etter at det vart oppretta 1. april 1897 (pers. med. Arvid Løhre, Postmuseet 14.03.00). Mikael Liavåg tok over postopneriet etter faren frå 1931. Sjølv om det på den tida var vanleg å kalle bygda Liabygda, så heitte no postopneriet og dermed adressa Hjørungavåg.

Når det gjeld skuleverket vert det i eit intervju fortalt at:


”Tidlegare heitte det Liabygden skole, men når ein byrja å bruke Hjørungavåg, det veit ikkje ej” (99112001).

Liabygda var det vanlege namnet på bygda i 1860 både ved byggjinga av skulehuset og byggjinga av veg.

Sjølv om Liabygda fekk endra postadresse til Hjørungavåg og at ungdomslaget heldt ei stor samling om slaget i 1920, vert det framleis sådd tvil om Liavågen er den ”rette” vågen for vikingslaget. I 1930 skreiv lensmannen Ole Barman eit innlegg i Sunnmørsposten (Sp), der han fortel om ei båtreise til søndre Sunnmøre:

”Vårt neste stoppested var både etter ruten og kartet Hjørungavåg. Navnet er altså nu offisielt opptatt istedet for Liavågen som bukten tidligere har hett” (Sp 12.02. 1930 Ta 002710).

Som andre før han la han merke til at forteljinga om vikingslaget ikkje stemmer med geografien, jfr. fig. 13.



Figur 13 Hjørungavåg sett mot nordaust. © Hareid kommune / Fjellanger Widerøe 1997 (Inett 8)

”Da dampskipet la til kaien inne i den lille bukten som alltid tidligere har hett Liavågen, måtte jeg spørje en medpassasjer om dette anløpstedet het Hjørungavåg. Så ufattelig forekom det mig at slaget skulde ha stått her” (Sp 12.02. 1930 Ta 002710).

Barman la fram ein teori om at slaget stod ein annan stad, Vegsundvågen, jfr. fig. 8. Denne vågen ligg omtrent 1 mil aust for Liavåg. Artikkelen førte til ein kvass avisdebatt.

Debatten blussa opp igjen sommaren og hausten 1939, då med Olav Nørve som talsmann for Vegsundvågen som slagstad. Blant dei som debatterte for Liavåg var lærar Knut Nykrem. I tillegg deltok stud. philol. Per Riste. Utover hausten handla avisdebatten meir og meir om kva grader og utdanning debattantane hadde, og vart dermed meir og meir uinteressant.

Barman heldt fast på teorien sin, og om lag 30 år seinare skreiv han eit nytt innlegg i Sunnmørsposten (Sp 01.03. 1967). Dette førte til motinnlegg ved Bjarte Alme og

Peder Fritz Waage (Sp 03.03. 1967 og 09.03. 1967) og svar frå Barman (Sp 15.03. 1967). I denne debatten skreiv arkeologen Per Fett eit innlegg der han seier at det ikkje er mogleg å stadfeste slagstaden etter opplysningane i Snorri si Heimskringle. Han antydar og at slaget berre er ei myte og ikkje ei røynd hending (Sp 11.05. 1967). Dei stadnamna som det vert referert til (bl.a. Primsignd, Hjørungavåg) meiner Fett er namn som er gjeve sagaen for at forteljinga litterært skulle foregå på fleire plan (Sp 11.05. 1967). Med det antydar han at slaget berre kunne vere ei symbolsk forteljing (dette har han skrivne tydlegare i eit brev datert 06.06. 1950 Ta 002712). Som nemnt bryt dette med doxaen i slaget (kap. 6.2.1 og kap. 3.4) og dei lokale reaksjonene på dette er:

”han he no aldri vore noke positivt innstilte til at slaget hadde stede i heile tatt. Han he no fleire gonge berre meint at det Snorre Sturlason som har fantasert om det. At det ikkje fant sted. Men det e no heilt. Det finst det ikkje holdning for” (98120901).

I byrjinga av 1970-talet vart det frå Hjørungavåg sida gjort forsøk på å leite etter fysiske restar frå slaget. Dette kan vere påverka av at ein i 1972 fann skipsvraket etter nederlandske ”Ankerendam” ved øya Runde i Herøy kommune, som er nabokommuna til Ulstein. I vraket fann froskemenn verdifulle gjenstandar og myntar frå 1700-talet. Kulturminnelova på denne tida omfatta ikkje funn i skipsvrak, så myntane og alt som var funne i vraket tilhørde finnarane. Funna vekte stor oppsikt både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Dei omtalte funna førte til at ein endra kulturminnelova i 1974, slik at lova no omfatta funna i lasta (Trøim 1999:99-101). I Ulsteinvik var det ein del engelske dykkarar som dreiv med dykking etter fleire skipsfunn på Runde. Lokale kontakter meinte at det burde vere mogleg å finne restar etter jomsvikingslaget i Hjørungavåg. Dette meinte ein blant anna fordi:

”der va no tidlegare funne eit sverd då, med kastenot. Det va funne eit sverd ned på vågen og det vart no sendt te Bergen. Og dei trudde det var av nyare dato. At det ikkje kunne vere so gamalt. Elles he her vore funne andre sånne fornfunn, pilespissa og flintknivar og forskjellig sånt. Men alt e no vorte sendt til Bergen” (98120901).

Ein ville dermed sjølve undersøke vågen for å påvise slagstaden. Dei engelske dykkarane var interesserte og forsøk på å påvise slagstaden kom igang:

”dei fekk halde til ut på sjøbuda til faren min. Der hadde dei lett tilgang til sjøen og elektrisitet til kompressoren som dei kunne bruke til å fylle surstoff til maskene. Og so hadde ej ein færing med påhengsmotor [...] so laga ej eit brett so froskemennene i staden for å symje heldt dei seg faste i eit brett so dei kunne styre ned mot botnen. So drog ej dei att og fram heile vågen og ut

gjennom vågsmunninga. Men dei kunne konstantere at inne på sjølve vågen der var det så mykje mudder og grore at hadde der vore noke so va det heilt tildekt. Og utafor vågen er det store sandbankar som ligg og flyttar seg etter straumen og sjøen. So der var ingenting å finne” (98120901).

Dette syner at det er viktig for folk å finne slagstaden. Sjølv om det ikkje vart funne noko i Hjørungavåg (Liavågen), så forlet ein ikkje standpunkta sine. I 1974 vart det foreslått at ein måtte markere 1000-års minne for Jomsvikingslaget. I januar 1975 gjorde formannskapet i Hareid kommune eit vedtak om førebuingssplan der ei nemnd på tre skulle ”røkje etter om den historiske bakgrunn er slik at Jomsvikingslaget bør minnast på noko vis” (Liavåg 1986:68). Nemnda kom fram til at det måtte feirast og debatten omkring slagstaden blussa opp igjen utover 1970- og 1980-talet.

Kap. 6.2.2 Det moderne vikingslaget 1975-1986

Tremannsnemnda som skulle finne ut om vikingslaget var verdt å feire tok fyrst kontakt med Historisk museum i Bergen. I brevet datert 05. november 1975 kjem det til uttrykk at dersom slaget er verdt å minnast ”har sjølvsagt saka nasjonale interesser, og eventuell feiring av hendinga bør leggest opp deretter” (Ta 002726). Per Fett hjå Historisk museum i Bergen hadde som nemnt allereie i mange tiår sett spørsmålsteikn om slaget hadde funne stad i det heile. Per Fett svarte at;

”det ikkje let seg gjere å stadfeste Hjørungavåg ut frå skildringane i Heimskringla [...] Arkeologisk kan ein slagstad i det heile ikkje fastslåast” (brev datert 14.01.1976 Ta 002727).

Vidare synte Fett til avisdiskusjonen i 1967, der han tolkar stadnamnet Hjørungavåg til å vere symbolsk i forteljinga. Dersom tolkinga hans er rett så ”gjer det nyttelaust å sjå etter den geografiske staden for slaget” (brev datert 14.01.1976 Ta 002727). Dette strid mot doxaen i feltet og Fett får klart svar på haldninga si:

”Vi har musèer og ymse samlingar i landet vårt som kanskje ikkje indikerer den eksakte hand eller hending. At Hjørungavågslaget er ei historisk hending skulle vere heva over tvil, og at slaget har funne stad innom Breisundet er også klart. Spørsmålet er altså om dette er verdt å minnast ?” (brev frå nemnda 15.01.1976 Ta 002728).

Til dette presiserer Fett at han ikkje trur at slaget var ei historisk hending, men at;

”«Verdt å minnast!» kan alt vere, det kjem berre an på at minneinnsatsen ikkje overdimensjonerer det som skal minnast. Spørsmålet bør difor vere: kva har dette slaget (om det nå har gått føre seg historisk eller psykologisk) hatt å seie for lokal- og/eller rikshistoria ?” (26.01 1976, Ta 002729).

I og med Per Fett bryt doxaen i slaget vert ikkje utsagna hans tillagt verdi. Utsagna til historikaren Per Sveaas Andersen hjå Historisk Institutt ved Universitetet i Oslo vart derimot tillagt stor verdi, då han i juni 1976 svarte:

”Det skulle være grunn til å minnes dette slaget. Feiringen bør i hvert fall foregå i lokal regi. Følgende synspunkter på slaget taler for slik feiring:
I dette slaget ble en fremmed invasjonshær slått av en norsk skipshær, sammensatt av folk fra større deler av kyst-Norge.
Ingen fremmed fiendehær kom senere i sagatiden så langt nord MOT
NORMENNENES VILJE.
Håkon jarls folkeoppbud var sannsynligvis den første prøve på leidgangens effektivitet. Det at denne ser ut til å ha vært med, er et vitnemål om at rikssamlingsprosessen var kommet et stykke på vei” (Sitert etter Liavåg 1986:68-69).

Opplysningane vart sendt vidare til Hareid formannskap, som ga uttrykk for at ein burde arbeide vidare med dette saman med Hareid sogelag. Tremannsnemnda rådde formannskapet til at ein burde peike ut ei meir permanent nemnd, som skulle skipe ei verdig markering av 1000-års minne. 20. oktober 1977 gjorde Hareid kommunestyre vedtak om å skipe ei 5 manns nemnd som skulle jobbe mot ei 1000 års feiring av slaget (Kommunesak nr. 140/77, Liavåg 1986:60-70). Nemnda besto av fem menn ved Johannes Liavåg (tannlege og formann i nemnda), Håkon Ulset (lærer), Peder Fritz Waage (lokalhistorikar, sjå og kap. 8), Einar Holm (dåverande ordførar i Hareid kommune) og Henrik Landmark (representant for Sunnmøre historielag og Hareid Historielag) (Liavåg 1986:69). Frå 1978 byrja nemnda å arbeide med korleis ein skulle feire slaget, kva slag minnesmerke ein skulle reise og kvar ein skulle setje opp desse. I første omgang tenkte ein seg å reise ein bautastein og feire jubileet i 1986. Nemnda kontakta kunstnaren Einar Magne Flø frå Ulsteinvik. Flø fekk i oppdrag å teikne eit utkast til eit monument, der nemnda la vekt på at monumentet måtte vere høgt og godt synleg i terrenget (98120901). Monumentet som Flø teikna hadde oppreiste vikingskip som utgangspunkt, jfr. fig 14.



Figur 14 Nasjonalmonumentet vert i dag nytta som logo for Hareid kommune. (Inett 9)

Noko som definerer omgrepet felt er at ein alltid stridast innan feltet (jfr. kap. 3.4). I vikinglagfeltet førte arbeidet med 1000 års feiring til at folk knytt til andre fjordar


(slagstadar) tok til motmæle. Sjølv om det er dei som meiner at slaget var i Vegsundvågen, og ynskjer at Historisk museum skal undersøke kol som er funne på Flisøya ved Vegsund (brev datert 24.09 1984, Ta 002748), så er det i byrjinga av 1980-talet folk i Hjørundfjorden som tek mest høglytt til motmæle (jfr. fig. 8).

Medan nemnda som var peika ut av Hareid kommunestyre kunne arbeide for at feiringa av slaget i Hjørungavåg måtte gå føre seg i Hjørungavåg (ein kulturell kapital innad i vikingslagfeltet), måtte ein i dei andre fjordane velje andre strategiar. Strategien ein valte i Hjørundfjord var å skaffe seg ein ”arkeologisk” kapital. Arkeologar er med å danne eit korps av spesialistar som produserer kulturell kunnskap (jfr. side 15ff og kap. 4). I Hjørundfjorden var målet å få arkeologar til å finne og dokumentere slagstaden slik at ”kapitalsituasjonen” i vikingslagfeltet vart endra (frå dei dominerande til dei dominerte). Sidan arkeologar ikkje var så interesserte i å finne slagstaden (sett frå lokale auge), måtte ein finne slagstaden for dei. Med jordstyreteknikar og lokalhistorikar Anders Hustadnes som leiande person vart det difor bestemt å setje i gang ”arkeologiske” utgravingar.

I mai 1982 byrja ein med utgravingar i nærleiken av Tussafossen, i botnen av Hjørundfjorden, jfr. fig 12. Grunnen til at ein valte denne staden var at ein ”synsk” mann (med ynskjekvist på vassleiding) i 1958 skulle ha sagt at jomsvikingslaget stod i Hjørundfjorden, og at for 1000 år sidan skulle ha sett i land ei skattekiste her. I 1982 hadde dette vorte til 2-3 kister fulle med gull etter Bue Digre. Laurdag 8. mai 1982 søkte ein gjennom området med metalldetektor, samstundes som det vart dykka i Hjørundfjorden etter gull. På staden metalldetektoren gjorde utslag, byrja ein å grave. Søndagen byrja tre gutar å grave på eiga hand. Etter å ha fått opp noko jord og stein støtte ein med spettet på noko restar etter treverk og noko ein meinte kunne vere av mjukt metall, kanskje gull (Sp 10.05. 1982, Ta 008557). I frykt for å risikere ”historiske tap og skade” valde politiet å setje ut politivakt (Sp 10.05. 1982, Ta 008557). Natta mellom 9. og 10. overnatta ein lensmannsbetjent med narkotikahund ved utgravingstaden.

Figur 15 Stadar i Hjørundfjorden som er knytt til slaget i Hjørungavåg. Teikning: Anders Hustadnes. Faksimile: Sp 27.01. 1983

Allereie dagen etter var ein arkeolog, Heid Gjøstein Resi, frå Historisk museum i Bergen til stades. Ho slo straks fast at dette ikkje var noko av interesse for arkeologar, og at det ikkje kom på tale med arkeologiske utgravingar (notat 24.05. 1982 Ta 008542, samt SA Ta 008561). Holet var 1,5 m djupt då arkeologen og politiet pakka saman. Ved 3 m djupn støtte ein på vatn. ”Frå Bjørke vert det meldt at bygdefolket ikkje har hatt det så moro på lange tider” (Sp 11.05 1982 Ta 008563).



Ordet ”gull” har ein magisk verknad på både folk og media. Etter få dagar stod heile den norske pressa (både lokalaviser og riksmidier som blant andre Aftenposten, Dagbladet, VG og NRK) ved utgravinga og refererte frå det ivrige arbeidet. Den

synske som uvitande hadde vorte teke til inntekt for at slaget stod her inne, gjekk tidleg ut og sa frå at han ikkje ville verte omtala i samband med denne historia (Sp 12.05 1982 Ta 008565). ”Gullet” vart sendt til ein gullsmid Audun Stammæss i Ålesund, som raskt slo fast at det berre var ein stein (Sp 11.05 1982 Ta 008563).

Konklusjonen var klar:

”Vi leit for mykje på moderne teknikk og for lite på [N.N. den synske] [...] som ikkje vil la seg lure av ein metalldetektor ved neste korsveg” (M-N 13.05 1982 Ta 008569).

Det var viktig å finne slagstaden, sidan Hjørungavåg sida hadde planar om 1000 års feiring i 1986, der dei tenkte å setje opp ein bauta. I Hjørundfjorden hadde ein dermed berre fire år på seg til å bevise kvar slaget ”eigentleg” stod. Den eldste mannen i Hjørundfjorden kommenterer at ”Jeg har nå hørt om denne skatten siden jeg var guttunge” (Db 11.05. 1982 Ta 008560). På 80-års dagen sin seier han optimistisk:

”Eg er viss på at me skal klare å krangle til oss bautasteinen som hjørungavågarane truar med å sette opp [...] Uansett kva som vert sagt støtter eg Hustadnes sin teori. Hjørungavågslaget stod i Hjørundfjord !” (M-N 15.07. 1982 Ta 008575).

I Dagbladet uttaler ein av dei som leiar utgravingane at:

”Det viktigste for meg er ikke å finne skatten, men å bevise at Snorri tar feil med hensyn til hvor slaget mellom Håkon jarl og Jomsvikingene sto [...] Gullskatten ville

ha vært et bevis, men jeg har ikke gitt opp å finne den. Det er godt mulig den ligger i nærheten av stedet vi nå har gravd på” (Db 12.05. 1982 Ta 008564).

Laurdagskvelden fortsette folk frå bygda gravingane ved Tussaskogen. Det var mørkt i småskogen, så dei ”tende fire bål på kanten av det snart tre meter djupe holet” (M-N 19.05 1982 Ta 008570). Rundt midnatt fann dei eit dekorert beinhorn. Frå klokka sju om morgonen vart det gått vakt ved holet, og i løpet av dagen hadde ein omlag 190 besøkande i småskogen. Tre dagar seinare får ein svar frå Per Sæther ved Sunnmøre Museum om at funnet er ”Eit heilt vanleg kruthorn, truleg frå 1700-talet.

Ornamentikken er typisk for distriktet” (M-N 19.05 1982 Ta 008570). Dette hindra ikkje at ein grov vidare i holet kvar einaste kveld. I tillegg til utgravingar dreiv ein og pølsesal til dei ivrige besøkande som kom frå store delar av distriktet. Pølsesalet ga inntekter til vidare utgravingar !

To synske personar vart kontakta, og var villige til å hjelpe. Ein ynskjekvist gjorde utslag like ved det gamle holet, så då var det berre å setje i gang. Tysdag 13. juli byrja ein nye utgravingar. Arbeidet var effektivt og utført med;

”gravemaskin og handmakt, ikkje med tannkost og teskei [...] Ein stakkars arkeolog hadde fått ukontrollerte svettebyer av måten det vart gjort på [...] her gjekk det radig unna, og det vart mindre venting på tilskodarane” (M-N 15.07. 1982 Ta 008576).

I følgje Dagbladet var det eit stort antal tilskodarar som følgte utgravingaen; ”mer enn 150 bygdefolk under stor jubel fulgte skattejakten” (Db 02.08. 1982 Ta 008583).

Leitinga gav ikkje noko resultat, noko som ikkje tok motet frå deltakarane; ”vi har mange alternative plassar å velje mellom”. Før ein grov vidare måtte holet kontrollerast med ynskjekvist, ”Gjev ynskjekvisten utslag, vert det grave djupare i same holet” (M-N 15.07. 1982 Ta 008576). Holet vart sjekka av både ein ”arkeolog” og ein synsk. Den omtala ”arkeologen” var ein nyutdanna historikar med arkeologi som støttefag. ”Arkeologen” granska jordlaget, men meinte det var rasmasse. Han kunne ikkje utelukke at ein kunne finne noko lenger under. Dei andre testane ga betre resultat. Ynskjekvisten rykte hardt. I tillegg gjorde ei gullringprøve positivt utslag (ein giftering av gull knytt på ei snor som pendlar i eit glas med vatn). Ringen slo 6 gangar. Dette vart tolka som ein omtale av djupna. Kvart slag talde 40 cm (notat 05.08. 1982 Ta 008543). Dermed skulle gullskatten liggje 1,20 m djupare enn det nivået som ein no var på. Før ein grov vidare ville ein gjere ei ny prøve med

metalsøkjar, samstundes som holet måtte sikrast. ”Jordholet er no 4,5 meter djupt, og djupare vil det verte” (M-N 23.07. 1982 Ta 008577) vart det uttala til lokalavisa. Laurdag kveld 31. juli vert det meldt om nye funn, både til arkeologar og til media. Ein hadde no funne eit kolhaldig kulturlag, der ein skulle ha funne ein planke og ein nagle av jarn. ”Det var tilløp til dramatikk då vi gjorde funnet, men heldigvis tok dei mange frammøtte til fornufta” (Sp 02.08. 1982 Ta 008585). Det kolhaldige kulturlaget vart tolka som ”restar av ei grav frå gamal tid eller frå ein eldre busetnad. Det siste stemmer med det den synske personen i Valdres [N.N.] hadde sagt” (M-N 03.08. 1982 Ta 008586). Lensmannen sperra av området og ein venta igjen på arkeologane frå Historisk Museum i Bergen. Arkeologane var fortsatt ikkje interesserte. Skuffa gravarar og tilhøyrarar fekk høyre at restane av kol i jorda like gjerne kunne kome frå ein skogbrann, men at det kunne vere spor etter eit nyare tids kulturminne her (VG 05.08. 1982 Ta 008591, M-N 06.08 1982 Ta 008592).

Nokre dagar seinare melde ein om eit nytt funn. Denne gongen om ein pilspiss frå yngre steinalder som skulle vere funne i kollaget. Dette skulle høve bra sidan det stemte med opplysningane dei synske hadde gjeve; ”Først trerestar, så restar etter ein buplass frå steinalderen – og så [...] Jomsvikingskatten” (M-N 12.08. 1982 Ta 008599). Pilspissen av kvartsitt vart sendt til Bergen. Arkeologane i Bergen merka seg at belegget på pilspissen var kolaktig, samt at det var slag på pilspissen som var ganske nye (Førebels rapport Ta 008550). Heller ikkje denne gongen kom arkeologane tilbake til Hjørundfjorden.

Ved juletider føregjekk diskusjonar om utgravingane i lokalavisene. I lokalavisa Møre-Nytt (M-N) vart ein arkeolog intervjuet. Ho skulle ha sagt at metodane med å nytte personar med synske evner var utradisjonelt, men at det ikkje kunne avvisast. I regionalavisa, Sunnmørsposten, kom det krassare innlegg. I innlegg i Sunnmørsposten (29. og 30. desember 1982) kritiserer Arne Øvrelid (på den tida student i historie ved Universitetet i Uppsala) utgravingane, og avsluttar innlegget med å kalle staden ”Tullfjord”. I januar kom det motinnlegg der utgravingane vert forsvart. Overskrifta lyder: ”Segner og skriftlege kjelder om slaget i Hjørundfjord: **11 sverd og 6 vikingøkser mellom funna på Bjørke**” (Sp 27.01.1983). Øvrelid sin kritikk går delvis på at mange av dei arkeologiske funna i Hjørundfjorden er frå kvinnegraver. Til dette vert det sagt at han fer for lettvin fram og at ”Det er nok

vikingar og ikkje kvinner som har brukt desse våpna. Berre på Bjørke er det fem mannsgraver” (Sp 27.01.1983). Vidare vart det vist til ei historie om eit sverd (med skjefte og handtak i gull) som vart funne i 1889. Medan eigaren var borte bytte kona hans bort sverdet mot ty og broderier til ein handelsmann. Dette sverdet skal ikkje ha vore registrert. Dette ”sverdet” vert tolka som; ”Dette er nok ikkje sverdet til ein vanleg viking, det har nok vore vikinghovdingar på Bjørke” (Sp 27.01. 1983). Vidare vert det argumentert med mengda segner ein har i Hjørundfjorden som kan knytast til slaget. Dei ulike segnene knytt til slaget vert nytta som prov på at slaget verkeleg stod i Hjørundfjorden. Ei av segnene stammar frå Island, og går ut på at jomsvikingen Bue Digre "var umskapad til ein Orm og laag der paa Botnen og gjætte Gullkistorna sine. (Flatøyarboki 1,203)” (Aasen [1878] 1996:213, samt Inett 10). Rundt år 1225 skal den islandske biskopen Gudmund Areson opplevd å møte sjørormen på ei ferd mellom Nidaros og Bergen. Dette skjedde ein kveld ”han skulde taka Hamn i Hjørungavaag paa Sunnmøre” (Aasen [1878] 1996:212). Ved bruk av bøn og vievatnet klarte biskopen seg. Sjørormen fekk eit anna endelikt;

”um Morgonen etter fekk Folket sjaa, at Ormen var reken paa Land (med Flodi) og sunderhoggen i tolv Stykke. (Biskupa Sögur 2, 129)” (Aasen [1878] 1996:213).

I dag er denne saga tolka inn i ein annan samanheng og knytt til Hjørungfjorden. Sjørormen vert no knytt til to striper med kvarts i fjellet ved Trandal, jfr. fig. 8 og 15.

”Det e no ormane i Ormhammarane på Trandal det, som vart slengde inn i ein hammar i strandkanten. Det står her. Og det e synleg den dag i dag. Og Ormhammaren då han e på Trandal. Der e to kvite ormar som stende der igjen. To klare kvite ormar” (990112001).

Dette er eit døme på korleis ein tek ei eldre segn frå 1200-talet, som har vore kjend på 1800-talet (Ivar Aasen), og knyt ho til ein geografisk stad.

I tillegg til å syne til segnene knytt til slaget vart det og vist til synske personar som klarte å sjå vikingskip på botnen av Hjørundfjorden. Beskjeda var følgjande ”Vikingskipa ligg på sida i mudderet [...] dei har høge stamnar med drakehovud, det er slanke skip på 60-70 fots lengde” (Sp 15.03.1983 Ta 008613). Med telefonisk kontakt med ein synsk person i Valdres søkte ein i løpet av mars 1983 å lokalisere vikingskipet. Det vert presisert av deltakarene at målet er å lokalisere vraket: ”Kan vi påvise at det ligg eit skip på Bjørke, vil Sjøfartsmuseet i Bergen overta” (Sp 23.03.1983 Ta 008614).

I samband med dykkinga kom ein ut for ei ulykke, då ein av dykkarane kom opp altfor fort. Heldigvis var der:

”ein som var frå Håkonsvern som virkelig var froskemann, han kjørde han ned igjen på 15 meter djupte og heldt håna der. Og so vart han sendt med fly til trykkammer i Bergen. Han fekk sånn blede i skuldra. Då avslutta vi dykkinga” (99011201).

Den påfølgande sommaren fortsette ein utgravingane ved Tussafossen. Ein grov no ved nokre eldre murar (nyare tids kulturminne), der tolkinga var at ein hadde funne ”eit såkalla kulturlag med svart jord og trekol. Dette er nok eit klart prov på eldstad inne i huset, og dermed på at her har budd folk i eldre tid” (Sp 12.07.1983). Heller ikkje denne feltsesongen klarte ein å gjere nok funn til at arkeologane vart interesserte.

Til 1984 sesongen vart det gjort ei innsamling i bygdene rundt Hjørundfjorden. Ein ville no prøve å få inn pengar for å leige den fjernstyrte undervassroboten ”Benjamin”.

”Benjamin då, han kosta 31.000 å leige. Ej sa det til han [NN] og då laga vi ei utlodding. Det vart lodda ut eit fantastisk vikingskip med segl [...] Vi fekk inn pengane” (99011201).

Blant bidragsytarane var Sunnmørsposten som bidro med 3000 kroner (99011201). Ein av innsamlarane heldt eit kåseri for Hareid lærarlag (i kommuna som dagens Hjørungavåg er ein del av). Honoraret frå dette kåseriet var ført opp som bidragsyting til innsamlinga. Frå Hareid vart dette dementert:

”Det var honorar for kåseri, ikkje tilskott lærarlaget betalte ut. Og slett ikkje med gode ønskje !” (Vp 06.04. 1984 Ta 008621).

I avisene kan ein sjå forskjellar i framstillingane. Regionalavisa Sunnmørsposten ville gjerne stille spørsmålsteikn ved slagstaden, medan journalistane i lokalavisa for Hareid, Vestposten, heldt på at slaget stod i Hjørungavåg.

Til slutt klarte ein i Hjørundfjord å få samla inn tilstrekkeleg med midlar for å fortsette leitinga etter slagstaden. I april 1984 vart Hjørundfjorden undersøkt med undervassrobot og videokamera. ”Den moderne teknikken vart dessuten dirigert av synske folk som leitegeneral [NN] stod i kontakt med over telefon” (Sp 03.04. 1984

Ta 008620). Bortsett frå eit gamalt bilbatteri vart det ikkje gjort noko funn denne gongen heller.

I Hjørungavåg (jfr. kart fig. 8) dreiv ein ikkje med utgravingar etter skatten til Bue Digre:

”Han Bue Digre fekk hogt av begge hendene sine. So ej e ikkje i stand til å forstå at han kunne bere sånne voldsomme gullkister. So det er meir som eit dramatisk innslag i skildringa” (98120901).

Ein kulturell kapital i vikingslagfeltet er at Liavåg frå tidlegare stridar innad i feltet har fått endra namn til Hjørungavåg, og fått aksept for dette frå det offentlege. Ein treng då berre å hevde at ”Slaget i Hjørungavåg stod i Hjørungavåg”. Strategien ein valte her var då knytt mot å skape engasjement frå politikarar, bedrifter og folk flest. Som nemnt tidlegare i kapitlet hadde ein her oppnemnt ei femmansnemnd som var i ferd med å arrangere 1000 år minne for Jomsvikingslaget. Eit arrangement som dette kostar, så det vart arbeidd hardt med å få økonomien i orden. Ein ville lage eit minnesmerke (fig. 14) og hadde som nemnt kontakta den lokale kunstnaren Einar Magne Flø. Eit monument er ikkje gratis, så det gjekk med:

”mange netter det å sende til presumptive interesserte velstående bedrifter, skipsrederar og alt mulig. Det var mange nei svar. Men so fikk vi jo Elkem då, dei som produserer sement. Dei ville levere sement gratis. Det same dei som, no kjem ej ikkje på ka dei heiter i farta, dei som leverte armeringa, leverte gratis” (98120901).

Til slutt ordna det økonomiske seg:

”det som letta økonomien var at Stortinget gikk inn for å bevilge penger for 1000 års minnet. Me enda no opp, på det første møtet vi sat med to tome hender, so enda vi opp med 1 million i brutto kostnad. So når alt va ferdig so løyvde vi 30.000” (98120901).

Den 3. juni 1985 løyvde Stortinget 220.000 kroner til feiringa av 1000-års minne for slaget i Hjørungavåg (Forhandlingar i Stortinget nr. 281). På Stortinget vert 1000-års feiringa sett på som ei nasjonal oppgåva og ein gav honnør til nemnda;

”Presidentskapet vil gje honnør til dei som har stått for tiltaket på lokalt hald og til dei som har ytt økonomisk stønad til å få denne nasjonale oppgåva fullført” (Innst. S. nr. 237 1984-85).

I tillegg til Stortinget hadde allereie Hareid kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune gjeve store beløp (100.000 kroner kvar).

I samband med søknaden til Stortinget om løyvingar vert stortingsmann Per Hysing-Dahl lokalt omtala som ein ven av Hjørungavåg:

”Han var ein Hjørungavågven. Han var fabrikkseier på eit fabrikkskip [...] og dei låg her nede på vågen nede ved det gamle lageret og tok i mot storsild. Han blei sann venn med han Mikael Liavåg, han som hadde butikken der [...] når han høyrde det at vi søkte, so gjekk han inn 100 % på at vi skulle få støtte til det [...] Og so hadde vi han Korshamn, so då va journalist i [Nationen] og gjekk no mykje nede på Stortinget. Fikk no han til å prate for oss då”
(98120901).

Mikael Liavåg er son av Knut Liavåg som starta dampskipanløpet og poståpneriet med adresse Hjørungavåg, jfr. kap 6.2.1. Mikael Liavåg tok over postopneriet i 1931. Svein Arne Korshamn er fødd og oppvaksen i Hjørungavåg, men arbeidde på den tida i Oslo. Der hadde han vore politisk medarbeidar i Nynorsk Pressekontor og journalist i Nationen. I tida 1. april til 31. august 1986 hadde han permisjon frå journalistjobben for å jobbe som stemneleirar for 1000 års jubileet på full tid (Liavåg 1986:74).

Nemnda tok kontakt med Møre forsvarsdistrikt der ein orienterte om feiringa og om forsvaret kunne tenke seg å gje støtte til reising av ei minnestøtte og delta i 1000-års feiringa. Førespurnaden gjekk tenestevegen innad i forsvaret, og i 1982 fekk ein svar frå Forsvarets Overkommando (brev datert 10.03. 1982). Forsvaret ville ikkje yte direkte økonomisk støtte til reisinga av minnestøtta;

”Derimot synes det naturleg at Forsvaret skal være med i arrangementene omkring selve jubileet med fyldig deltakelse fra alle forsvarsgrener og Heimevernet” (Sitert i Liavåg 1986:72-73).

Dermed var Forsvaret med alle våpengreiner villige til å delta på 1000-års feiringa.

Til jubileet måtte ein og ha eit sogespel. Ein av medlemmane i nemnda var av stad og såg eit sogespel i Kaupanger i Sogn. Her tok han kontakt med forfattaren av sogespelet, Vibeke Knagenhjelm:

”Og so inviterte eg henne opp hit slik at ho fekk sjå på omstendighetene og Overåsanden og områda her. Ho vart interesserte og enda opp med at ho tok det på seg” (98120901).

Knagenhjelm skreiv eit skodespel, ”Maktkamp ved Hjørungavåg”, der både profesjonelle og amatør skodespelarar deltok.

Det vart og laga ein film om jubileet:

”Der hadde vi tilfeldigvis ein hjørungavågar som gjekk på medialinja inne i Volda på Høgskulen [...] Vi satsa då på eit kamera. Det kosta 50000, og då laga han ein mastertape. Og den fekk me då kopiert i Oslo. Men alt det der vart utselt. Det vart ein god film” (98120901).

Til feiringa trengte ein og fyrverkeri, noko som vart løyst utan kostnadar:

”då skreiv ej til dinna våpen og ammunisjonsfabrikken at ved Gjøvik og fortalte at vi skulle ha 1000 års jubileum og lurte på om dei var interesserte i å levere ammunisjon eller fyrverkeri. Ikkje nok med at dei leverte fyrverkeriet gratis, men dei kom opp med ein mann som styrte med heile fyrverkeriet gratis” (98120901).

Den lokale diktaren og komponisten Johan J. Grimstad laga ei kantate for Hjørungavåg-minnet under namnet ”Pro armis caritas”.

Lokalt (både i Hareid og Ulstein kommune) vart kulturlivet (idretten inkludert) mobilisert og ei rekkje arrangement knytt til Hjørungavågslaget vart gjennomført. Arbeidet med å arrangere 1000-år minne engasjerte folk på heile Hareidlandet, og var med på å styrke trua på at slaget stod i Hjørungavåg (Liavåg) og ikkje i Hjørundfjord.

I dette kapitlet har eg synt kva engasjement som har vore knytt til slaget i Hjørungavåg. I tida frå ein foreslo at slaget måtte feirast (1974) til at det vart feira i 1986 eksisterte det ein heil del diskursar knytt til slaget. Innan vikingslagfeltet vert det opponert mot at slaget skal ha stått i Hjørungavåg (Liavåg). Dette gjekk føre seg ved at ein mobiliserte kapital (jfr. kap. 3.4) og søkte både innad i vikingslagfeltet og utad i andre felt for at kapitalet skulle vere gjeldande innan vikingslagfeltet. I samband med desse stridane vert det valt forskjellige strategiar for å hevde sine stillingar. Grunnen til at ein vel forskjellige strategiar er fordi at det allereie eksisterer maktforhald innad i vikingslagfeltet som partane må ta hensyn til. Hjørungavåg som er dominerande i vikingslagfeltet treng ikkje bevise kvar slaget stod. Her kan ein syne til tidlegare stridar innad i feltet der ein har tileigna seg ein kulturell kapital (symbolsk i namnet Hjørungavåg), som ein finn igjen i alle offentlege papir (kart, skattelister o.s.b.). I Hjørundfjorden måtte ein då velje ein annan strategi. I valet av strategiar kan habitus leggje føringar på desse (jfr. kap. 3.4). I omgrepsbruken til Pierre Bourdieu er habitus det prinsippet som avlar strategiar (det gjev den praktiske sansen) som gjer agentane i stand til å møte svært ulike situasjonar. Som eit produkt av historia produserer habitus individuelle og kollektive praksisar (meir historie) i samsvar med skjema som er

historisk generert (Bourdieu 1999:109). Som ein ser av kapittelet kan fleire av informantane fortelje om ein barndom der ein leika vikingar og der foreldrene og lærarane deltek i diskursar kring jomsvikingslaget. I barndommen får ein "leike" seg gjennom slaget både fysisk og psykisk i kulturmiljøet der slaget verkeleg hendte. Gjennom sogeleikar i barndommen vart det i dei enkelte sine liv tilført meining og verdiar om naturen rundt seg og det sosiale fellesskapet. Gjennom denne personlege identifiseringa av tilveret utviklar ein og ein praktisk sans (habitus) som er det prinsippet ein nyttar når ein står ovanfor handlingsval.

I val av strategi valte ein i Hjørundfjord å imitere ein "vitskapleg praksis" (arkeologi) for å tileigne seg ein kapital som kunne endre kapitalstillingane innad i vikingslagfeltet. I sin "vitskaplege praksis" verka prinsippet habitus (den praktiske sansen) til at ein nytta forskjellig lokal kunnskap og kontakter (lokale segn, metalløkjjarar og synske folk), noko som medførte ein heilt annan praksis enn det arkeologar kallar "vitskapleg". Målsetjinga med utgravingane var å finne spor etter vikingslaget, og dermed påkalle ekspertar (arkeologar) som skulle dokumentere slagstaden. Arkeologar skulle her nyttast symbolsk i og med "ekspertane" kan inngå som eit dominansredskap i ein kollektiv praksis, der arkeologar er med å danne eit korps av spesialistar i kappestridar om einerett på den legitime, kulturelle produksjon (jfr. kap. 3.1, 3.4). Arkeologi vart sett på som ei form for kapital som kunne nyttast i vikingslagfeltet. Dersom arkeologane godkjente Hjørundfjord som slagstad håpte ein at slaget skulle feirast i Hjørundfjord; *"Eg er viss på at me skal klare å krangle til oss bautasteinen som hjørungavågarane truar med å sette opp"*.

I Hjørungavåg (Liavåg) nytta ein og lokal kunnskap og kontakter, men her gjorde ein det ved å knyte til seg lokalhistorikarar og politikarar som arbeidde både lokalt og nasjonalt. Tanken var at ved å søke støtte for sitte syn hjå det "etablerte" politiske og vitskaplege miljø ville dette føre til at Hjørungavåg styrka tru på at Hjørungavåg var den rette slagstaden. I Bourdieusk ordvending vil dette seie at dei dominerande i vikingslagfeltet søkte støtte hjå andre etablerte innan andre felt for å nytte dette som kapital til å styrke dominansen innad i vikingslagfeltet. I samband med dette søkte ein økonomisk støtte for feiringa av slaget i Hjørungavåg, noko ein fekk både frå Storting, Møre og Romsdal fylkeskommune, Hareid kommune og ei mengde med private bedrifter.

Eg har i dette kapitlet særleg fokusert på Hjørungavåg og Hjørundfjord. Dette har ført til ei neglisjering av andre slagstadar. Dette er gjort for å spare plass i oppgåva. Ei foreløpig tolking frå Vegsund- og Flisnes-sida er at samstundes som dei hevda at slaget stod her (jfr. fig. 7), så stilte dei spørsmålsteikn ved om jomsvikingane hadde eksistert i det heile (Øvrelid 1981). Dermed braut ein delvis med doxaen i feltet og vart dermed ignorerte.

Arkeologen Per Fett hevda i årevis at ein ikkje skulle ta sagaen for bokstavleg og argumenterte for at namnet Hjørungavåg ikkje er ein geografisk stad, men at namnet er nytta symbolsk i forteljinga (jfr. side 80ff). Med dette bryt Fett med doxaen i feltet (jfr. kap. 3.4 og 6.2.1) og utsagna hans i samband med vikingslagfeltet vert ignorerte. I andre kontekster vart Per Fett sett på som *"den fremste forskar"* av dei samme folka som ignorerer han i samband med Hjørungavågslaget. Både i Hjørungavåg, Hjørundfjord og Ulstein kan lokalbefolkninga fortelje om Fett som vitja gardane, undersøkte kulturminne og formidla arkeologiske tolkingar om desse (jfr. kap. 4.3 og kap. 8). Når det gjeld jomsvikingslaget vert tolkingane hans uinteressante; *"At Hjørungavågslaget er ei historisk hending skulle vere heva over tvil"*.

Omgrepa til Pierre Bourdieu (jfr. kap. 3.4) har eg i denne samanhengen nytta for at desse skal klargjere kva som har hendt og hender i samband med vikingslaget. Dette fordi dei skal danne ein bakgrunn for korleis slaget vart vidare nytta i eit språkspel (jfr. side 11 ff) der ein knyt nasjonal identitet til vikingslaget. Dette vil eg kome nærmare inn på i kap. 6.3.

Kap. 6.3 Korleis jomsvikingslaget vart nytta i ein nasjonal identitetspolitikk

I kapittel 6.2.2 skreiv eg om korleis innbyggjarane i Hjørungavåg og Hjørundfjord kjempa for at jomsvikingslaget skulle lokaliserast til den rette staden. I den samanhengen vart det arrangert ei 1000-års feiring for slaget. Som nemnt var både lokalpolitikarar og rikspolitikarar interesserte i feiringa av jomsvikingslaget. I dette kapitlet vil eg drøfte korleis folk utanfrå har tredt inn i jomsvikingslagsfeltet og nytta høve til å spele på identitetar. Eg vil her ta for meg representantar for dei styrande i landet som deltok i 1000-år feiringa var. Desse var blant andre statminister Gro

Harlem Brundtland, kong Olav og som representant for Stortinget, Reiulf Steen. Det norske forsvaret var representert med alle forsvarsgreiner. I tillegg til desse heldt professor i historie, Kåre Lunden, ein tale om det historiske grunnlaget for jomsvikingslaget. Med denne gjennomgangen vil eg syne korleis desse talane nytta dei gamle sogene på ein slik måte at ein fekk folk til å identifisere seg med nasjonale identitetar. Til slutt i kapitlet vil eg kome inn på korleis arrangørane av 1000-års feiringa ville at fortida skulle tolkast.

1000-års minne av slaget ved Hjørungavåg vart arrangert 14.-17. august 1986 med fleire tusen tilskodarar. I dagane før arrangementet kunne lokalavisa Vestposten ynskje kong Olav velkomen og fortelje lesarane sine kvifor ein feirar jomsvikingslaget og kva verdiar og tydingar ein skal leggje i dei gamle sogene, jfr. fig. 16.

West-Posten

NR. 58 — ONSDAG 13. AUGUST 1986

17. ÅRGANG KR. 3,00

VELKOMEN, HERRE KONGE!

Med djup vørnad og glede helsar folket i Hareid Noregs Konge, Olav den femte, velkomen til vår kommune!

Han kjem som øverste sjef for vårt militære forsvar for å avduke minnesmerket over det første slaget i norsk historie der ein kan tale om ei nasjonal reising mot ein inntrengjande okkupasjonsmakt: Slaget ved Hjørungavåg for 1000 år sia.

Dette hende i ei villmannstid i vår søge. Det kan ein m.a. lese i «Soga om jomsvikingane». Eit menneskeliv var verdt mindre enn lite. Maktsjuka hovdingar kjempa ved intriger og i open strid for eiga, personleg vinning.

Men bak slaget ved Hjørungavåg kan ein faktisk øygne dei første teikn til ein nasjonal fridomsvilje, der vår første nasjonalt organiserte herskipnad — Leidangen — viste seg sterk nok til å slå ned ei inntrengjande makt.

Vår noverande Konge fekk den lagnad å stå som overstkommanderande for dei norske styrkane som i vår nære forlid med våpen måtte vere med å slå ned nazismen, ei valdsomakt verda knapt har opplevd maken til, og som okkuperte både Norge og ein stor del av det europeiske fastlandet i åra 1940-45.

H.M. Kong Olavs ilandstigning i Hjørungavåg i morgon blir såleis noko meir enn ei kongeleg vitjing på ein stor festdag. Det blir ein personleg manifestasjon av ein tusen års vilje til å værje norsk sjølvstende og vår nasjonale integritet når det røyndø på.

Men vår konge i dag kjem ikkje med sabelrasling eller med trugsmål utover. Han kjem til ein FREDENS FEST i eit bygdesamfunn som først og fremst har gjort dette 1000-årsminnet til ei kulturell utfalding. Ei påminning om kva vi på fredens grunn har skapt av verdier både med ånd og hovud. Det er desse byggjande verdiane vi — i lyset frå hendinga i Hjørungavåg for tusen år sia — lovar framleis å slå ring om og verne.

Med takksemi har også folket her vest merka seg at vår konge nettopp har gjort desse verdiane til sine. Som ein framifrå talsmann heime og ute for det Bjørnson kallar «fredens fagre vinning» har H.M. Kong Olav V vunne ein kjærleik og respekt hos folket sitt som låe monarkar føre han.

Det er først og fremst DESSE verdiane vi i morgon heiser flagga over Hareid kommune og helsar folkekongen Olav den femte, i følge med representantar for storting, regjering og forsvarsmakt og offisielle representantar for granneland som står oss historisk ekstra nær — og elles ein vonleg talrik stemmelyd hjarteleg velkomne til 1000-årsfesten i Hjørungavåg og Hareid!

*Til lukke
med dagane!*



Figur 16 Lokalavisa ynskjer kong Olav velkomen. I nedre biletkant står arrangementnemnda framfor nasjonalmonumentet, jfr. kap. 6.2.1

Ein har tidlegare vore usikker på tidfestinga av slaget og ein har ulike tolkingar kring det (jfr. Larsen 1992 (red.)). I samband med 1000-års feiringa vart drøftingane kring tidfestinga nedtona og 1986 vart sett på som eit passende år for feiringa.

Som nemt skal eg kome inn på kva som vart sagt og tolka i ein del av festtalane. Dette for å syne korleis talarane spelar på nasjonal identitet, samt at ein knyt jomsvikingslaget til sine eigne interesser. Materialet eg nyttar i dette kapitlet er for det meste henta frå avisartiklar. Dette gjer at talarane kan vere feilsiterte, men poenget her er korleis ein spela med identitetar og korleis dette vert tolka av folk. Avisene kan då vere nyttige i det dei avspeglar korleis folk oppfattar det som vart sagt og samstundes som journalistane fortel korleis ein skal forstå det som har vorte sagt. Talen til professor Kåre Lunden er trykt fleire stadar (Arbeiderbladet 18. og 20. august 1986, Lunden 1986 og Lunden 1993), så eg nyttar sitat både frå han og journalistane si tolking av talen.

Som utsending for Stortinget avduka Reiulf Steen både bauta og heldt tale. I talen skal han ha sagt følgjande:

”-Historia er vårt bidrag til komande slekter, og norsk historie landets bidrag til internasjonalsismen. Jarlane Håkon og Eirik var viktige personlegdomar i utviklinga av vår nasjon, difor er eg utsend av Stortinget for å avduke bautaen over dei” (Vb 19. august 1986).

”Den som ønsker å erobre eit folk, legg vekt på å erobre historia til folket og språket. For då misser den overvunne sin identitet. Eit folks identitet bur i historia til folket, ved sida av språket, sa Steen [..]

- I dag, 1000 år etter, veit vi at det nasjonale sjølvstende er ein føresetnad for internasjonal forståing. I 1986 er det viktig å kome dette i hug! I dag bør kampen stå om å gje den unge generasjon ein nasjonal identitet ved å lære dei å kjenne si historie. Utan denne identitet, ingen fantasi til å skape seg ei framtid. Det er ein aktuell bodskap til vår tid, sa Steen” (Vp 15.08. 1986).

”Stortingspresident Reiulf Steen sa at Snorre er vår viktigaste kjelde for vår tidlegaste historie. Men han er også ein stor diktar [..] Men då er det også rett å understreke at vår historie ikkje er meir høgtståande enn andre sin. Men den er *vårt* tilskot til ein verdskultur som er det motsette av einsretting – nemleg mangfald.

Slaget i Hjørungavåg for 1000 år sia, var ei viktig hending i vår historiske utvikling, og var med på å skape den norske nasjonen. Vi markerer dette ved at eg, på vegne av Det Norske Storting – viktigaste forsamlinga i Norge – avdukar bautaen ” (Vp 20.08. 1986).

Som ein ser av sitata er det viktig for Steen at den unge generasjonen må ha ein nasjonal identitet. Her kjenner ein igjen eit essensielt syn på identitet (jfr. side 26ff), der ein argumenterer innanfor det Brit Solli kallar eit identitetsparadigme (jfr. side 15). I referata frå Steen sin tale kjenner ein igjen eit tilbake-til-røtene haldning som Gellner meiner har sitt utgangspunkt i romantikken og ein nasjonalisme som er forankra i modernismen, jfr. kap. 3.3.2. I følgje Gellner tillot modernismen ei tilbake-til-røtene haldning, der ein nasjonen vart sett på som;

”En politisk enhet skulle defineres som det frivillige, sågar det emosjonelt nødvendige forbund mellom mennesker med samme “røtter”” (Gellner 1998:83).

Desse røtene trenger ikkje å syne tilbake til ein kulturell identitet som var til stades i utgangspunktet. Identiteten knytt til det norske er som nemnt ein moderne identitet (jfr. 3.3.2.) og det eksisterte ikkje eit Norge som ein skulle forsvare i vikingtida. Skal ein likevel tru på dette så treng ein "en erindring om opphav og en dyp trang til å vende tilbake til kildene for menneskets vitalitet og sanne identitet” (Gellner 1998:83).

Slik Steen taler får ein ei tru på at slaget i Hjørungavåg var ein viktig del av dette opphavet og arrangeringa av 1000-års minne er dermed ein del av trangen til å vende tilbake til kjeldene. Som Steen seier var jomsvikingslaget ”ei viktig hending i vår historiske utvikling, og var med på å skape den norske nasjonen”. Med andre ord at det som hendte for tusen år sidan har noko med den norske nasjonen å gjere. Som nemnt meiner Gellner at nasjonalisme er forankra i moderniteten, der ein i følgje Bauman er opptekne med å sjå på identitet som noko stabilt og trygt. Dei siste generasjonane har derimot måten å identifisere seg på endra seg (jfr. kap. 3.3.1), og postmodernitet vert nytta som merkelapp hjå dei som søker "*å unngå å bli fastlåst*” (Bauman 1996:126) i ein velkonstruert og varig identitet. For folk som er knytt til eit identitetsparadigme der ein legg vekt faste identitetar er det bekymringsverdig når ”deira” verdier, tolkingar og syn er trua (“Dei veit knapt kva ei stø er !”, jfr. kap. 3.3.1). Dette gjeld ikkje berre ved personlege identitetar, men og ved den velkonstruerte kollektive identiteten nasjonalisme er. Som referatet seier: ”I dag bør kampen stå om å gje den unge generasjon ein nasjonal identitet ved å lære dei å kjenne si historie. Utan denne identitet, ingen fantasi til å skape seg ei framtid”. Her seier han at dersom ein ikkje har ein fast identitet (nasjonal sådan), så finst det ingen framtid. Rett nok hevdar Steen at ”vår historie ikkje er meir høgstående enn andre sin. Men den er *vårt* tilskot til ein verdskultur som er det motsette av einsretting – nemleg

mangfald”. Mangfaldet til Steen ser ikkje ut til å handle om mangfald av kollektive identitetar, men eit mangfald av nasjonale identitetar.

Hjå Gro Harlem Brundtland vert ikkje den nasjonale norske identiten framheva i sin tale (referat Vp 15.08. 1986): ”Det har ikke alltid vært et folk som ble kalt nordmenn. Der var trøndere, horder, romerikinger og hedemarkingar”. Likevel vert desse identitetane knytt til ei negativ framstilling: ”Alle hadde de sine nes-konger. De ødela for hverandre i innbyrdes strid, og de la seg åpne for overfall utenfra”. Brundtland si historieforteljing vert nesten evolusjonistisk i det ho går vidare med:

”Slaget her i Hjørungavåg var en milepel i en ny utvikling. Den skapte for første gang en bevissthet om et norsk folk og en selvstendig norsk stat. Det nye riket bygde på at folket fant former for å samarbeide om de viktigste oppgavene” (Vp 15.08. 1986).

Dermed vert vikingslaget knytta til oppkomsten av den nasjonale identiteten. Vidare markerte slaget: ”en milepel både i fremveksten av den norske stat og i utviklinga av det norske folkestyre”. Vi får her ei forteljing der slaget i Hjørungavåg ikkje berre er ein del av oppkomsten av nasjonen Norge, men at det har vore viktig for utviklinga av det norske folkestyre ? Ein kan lure på korleis eit sjøslag mot ein gjeng vikingar som ikkje er nemt i nokon skriftlege kjelder før 1200-talet skal ha betydd noko for nasjonen. For meg verkar det som at Brundtland i si forteljing vil ha lyttarane til å identifisere seg med jomsvikingslaget som oppkomsten av ”vi” (i motsetnad til før, då ein hadde nes-kongar som kranpla og audela for seg sjølve). Vidare skal slaget identifisere det folkestyre ein har i dag. Deretter ser Brundtland vidare framover og spør:

”Skal vi ikke samarbeide, også ut over de *norske* grensene ? Jovisst. De viktigste oppgavene krever til slutt et samarbeid over *alle* grenser. Men skal et samarbeid være effektivt, så er formene aldri likegyldige. Det er ikke en god nok form i dag, og det var ikke en god nok form i 986, at den sterke med sverdet tvinger den svakere under seg. Det var et slikt «samarbeid» toktet til jomsvikingene stod for. Den formen som er holdbar er den som går ut på at folket innser sine felles interesser og lager institusjoner til å løse felles oppgaver. Det var et slikt samarbeid det norske folk samlet seg om for å verne sin frihet og sin selvstendighet mot fremmed voldsmakt” (Vp 15.08. 1986).

Her vert slaget knytta til ei framtid, ei framtid som krev nye måtar å samarbeide på. Dette fordi måten ein samarbeidar på i dag (nasjonal) ikkje er bra nok, og ”det var ikkje en god nok form i 986”. Her brukar ho slaget i Hjørungavåg i ein samanheng der ho vil at ”folket innser sine felles interesser og lager institusjoner til å løse felles

oppgaver”. Brundtland nyttar ikkje ordet EF (i dag EU), men ein kan i ettertid sjå at det kan vere dette ho vil nytte slaget i Hjørungavåg til. Talen til Brundtland går dermed ut på at folk skal identifisere seg med slaget og at dette er viktig for det har ført til det ”folkestyre” vi har i dag. Likevel er ikkje desse bra nok, vi må skape noko betre. Ein ser her eit døme på eit spel med identitetar, der ein er ute etter å få skapt nye politiske arbeidsformer (og kanskje og nye framtidige identitetar).

Kong Olav sin tale om slaget i Hjørungavåg er annleis enn politikarane sine. I utgangspunktet skulle ikkje kong Olav halde tale, men han heldt likevel ein tale utan bruk av manuskript (99111201). Forskjellen mellom kong Olav og politikarane si tolking og verdilegging av slaget i Hjørungavåg har som bakgrunn at Steen og Brundtland representerer det politiske systemet, medan kong Olav er den øvste leiar for Forsvaret.

Kong Olav synte i sin tale til at det berre var tre slag Snorri Sturluson fann så viktig at han referte dei time for time (Hjørungavåg, Svolder og Stiklestad);

”Det særmerkte ved Hjørungavåg-slaget – slik vi ser det i ettertid – var at her finn vi første spiren til eit moderne norsk forsvarssystem” (Vb 19.08. 1986).

Dermed set kong Olav fokuset på forsvaret si rolle og nyttar jomsvikingslaget til at vi skal identifisere oss med slaget.

”Slaget i Hjørungavåg fortel for første gong om eit samla norsk forsvar, ved leidgangen, skipa av Håkon den gode 10 år før. Leidgangen vart bakgrunnen for vårt forsvarssystem gjennom mange hundre år, og er jamvel ein forløpar for det norske forsvarssystem av i dag, som er grunnlagt i trua på vår eigen nasjonale styrke [...] Sia har Norge ofte kjempa for sitt sjølvstende. Eldre mennesker her minnest korleis livet i øylandet arta seg under den siste krigen, der folk villig ofra liv og blod for å bevare den fridomen og det liv som dei var vant til. Monumentet ved havkanten skal minne oss alle om dei plikter vi har mot det land som er oss alle så kjært, sa kongen [...] Deretter lydte fedrelandssongen” (Vp 15. august 1986).

Her knyt kong Olav jomsvikingslaget til det norske forsvaret og prøver å få oss til å tru at det norske forsvaret har sin bakgrunn i vikingtida. Vidare knyt han dette til 2. verdskrig og til dei erfaringane mange av dei eldre sit inne med. Det norske Forsvar er til stades med alle våpengreiner (både marinen, hæren, flyvåpenet og heimevernet) og alle kan sjå kven dei er. Det er desse som kjempa for oss både no, under 2. verdskrig og i vikingtida. Det nye kulturminne (nasjonalmonumentet, fig. 14) som vert avdekka, skal det knytast ”historiske hendelser, tro eller tradisjon” til. I følgje kongen skal dette

monumentet knytast til forestillinga om nasjonen Norge; ”Monumentet ved havkanten skal minne oss alle om dei plikter vi har mot det land som er oss alle så kjær”.

Blant alle desse talane som fortel kor viktig jomsvikingslaget var for nasjonen Norge heldt den islandske kulturministeren, Sverrir Hermannsson, ein tale der han:

”kom med ei stutt, men varm helsing frå Islands president, statsministeren, regjeringa og heile det islandske folk og minte om at islendingar og nordmenn stod saman under slaget i Hjørungavåg – og i dag” (Vp 1986 15. august).

Som ein ser nyttar politikarane jomsvikingslaget i sine eigne politiske interesser, medan kongen knyt slaget til det norske forsvar. Det er ikkje berre desse som nyttar slaget til sine interesser, professor Kåre Lunden heldt og tale til folket. Her fortalt han for folk at Hjørungavåg var den rette plassen å feire slaget på ”de kan trygt jubilere i Hjørungavåg” (Vb 19.08. 1986). Lunden syner til dei lokale stadnamna som eit prov på dette. På spørsmål om kor viktig jomsvikingslaget er for norsk historie svarar Lunden:

”Vi må ta det for gjeve at Håkon jarl hevda sjølvstende for Norge, eller for det kyst-Norge han rådde for, og at dette var bakgrunnen for ein dansk freistnad på å felle han. Dermed vert Hjørungavåg ei særleg viktig hending i den historiske prosessen som gav eit sjølvstendig norsk rike i mellomalderen [...] Og dersom vi ikkje hadde hatt ein sjølvstendig norsk mellomalderstat, er det vel ikkje truleg at eit norsk krav i den lei hadde blitt reist i 1814” (Lunden1986:92-93).

Striden mellom Håkon jarl og jomsvikingane ser han på som;

”leidgangen [...] var komen til ved avtale mellom riksstyrar og folk. Denne forsvarsordninga bygde på folkeleg medverknad, også ved allmenn verneplikt [...] Jomsvikingane, som betalte reiskapar for danskekongen, representerte for så vidt dette andre, aristokratiske systemet. Det norske systemet, leidgangen, kan ein seie både forutsette og førde til noko større makt for folket, for bøndene, enn det aristokratiske stormannsfylgjet elles ga. Slaget ved Hjørungavåg var etter kjeldene då eit stykke på veg ein strid mellom eit folkeoppbod og eit dansk, profesjonelt militæraristokrati” (Lunden 1986:93, 1993:97-98).

Med ein slik bakgrunn ser Lunden på jomsvikingslaget som ein milepel i utviklinga av ein norsk stat, men og ”i ein viss mon også i framvoksteren av eit relativt demokratisk samfunn, prega av ein relativ stor likskap” (Lunden 1986:93, 1993:97-98). Kva har hendingane i jomsvikingsoga med 1814 å gjere ?

Kåre Lunden er sjølv oppvaksten på ein gard og tok si første utdanning (cand.agric.) ved Norges Landbrukshøgskole på Ås. Då Lunden var 35 år gamal leverte si hovudoppgåve i historie og har sidan vore ein produktiv historikar og debattant i

aviser. Lunden er det ein kallar tendenshistorikar. Med det meiner ein at han gjer verdigrunnlaget sitt klart for lesaren, blant anna som motstandar av EU (tidlegare EF) og all elitisme. Med denne bakgrunnen gjev Lunden oss ei historie (og forhistorie) med fokus på den norske bonden. Dette gjer seg gjeldane i diskursar innan historiefaget der blant anna Lunden har kritiserer forestillinga om at Norge fekk fridomen sin i gåve frå framande makter i 1814 slik historikarar som Sverre Steen argumenterer for.

Eg meiner Lunden si tolking av jomsvikingslaget er sterkt prega av dei faglege historie diskursane han deltek i, og sjølve jomsvikingslaget ikkje har hatt noko tyding for korkje ein sterk mellomalderstat eller hendingane i 1814.

Lunden si historie om Hjørungavåg vert og ei nasjonal historie der folk i Hjørungavåg skal identifisere seg med og føle ein "forpliktelse til symboler" (Johansen 1995:26), jfr. kap. 3.3.3. Som historikar er Lunden med på å byggje/vedlikehalde ein nasjonal identitet der jomsvikingslaget skal vere delar av symbolrepertoaret som folk skal føle seg forplikta til å tru på.

Ved talane til Reiulf Steen, Gro Harlem Brundtland, kong Olav og Kåre Lunden har dermed personar som representerer dei folkevalgte, statsminister, monarkiet og historiefaget ("eksperten") fortalt til folk at jomsvikingslaget representerer noko som er viktig for nasjonen Norge og at forteljninga frå fortida er symboler på ting som vi skal føle oss forplikta til. Dei nemnte talane uttrykker eit syn på vikingtida som spelar på nasjonalismen både som det Ignatieff (side 29f) kallar ei politisk doktrine (Steen), eit kulturelt ideal (Steen) og som eit moralsk ideal (kong Olav). Av talane kan ein og sjå at sjølv om dei har ulike politiske standpunkt, Steen og Brundtland er EF (i dag EU) tilhengjarar, medan Lunden er EF motstandar, nyttar ein den same politiske retorikken i framstillinga av jomsvikingslaget. Denne måten å nytte identitet på har eg forklart ved eit tenkt døme, kap. 3.3.1 (side 26ff), med utgangspunkt i kulturminnet frå kap. 3.2.1. (side 17ff).

Kva er reaksjonane frå dei lokale arrangørane ? Eg trur at det var nettopp dette ein ville høyre, samstundes som at det no har vorte stadfesta at slaget stod i Hjørungavåg. Ikkje i Hjørundfjorden eller Vegsundet. I avslutningstalen på 1000-års arrangementet vert dette påpeikt av programleiar Håkon Ulset:

”I dag har Håkon og Eirik jarl fått sin bauta på Leira i Hjørungavåg, avduka ved Stortingspresidenten. På Overåneset står nasjonalmonumentet til minnet om Hjørungavågslaget planta i fast fjell og avduka av Norges Konge. Det skal bli vanskeleg å flytte det. Blir det gjort forsøk på flytting, kan vi vente eit nytt Hjørungavåg-slag. Og ingen skal vere i tvil om korleis *det* vil ende” (Vp 20.08. 1986).

Sjølv om politikarane nyttar slaget til sine interesser vert deira tilstadevering nytta som ein kapital innan vikingslagfeltet. Åstaden for jomsvikingslaget er no fastlagt. Andre partar innan feltet godtek politikarane og kongen som aktørar og tillegg synspunkta deira stor verdi. Frå Hjørundfjord vart forut for feiringa skrive brev til slottet, der det vert forklart for kongen at:

”Slaget stod i Hjørundfjord og ikkje i Hjørungavåg. Hjørungavåg er det gamle namnet i Hjørundfjord og ikkje i Hjørungavåg” (brev til Slottet datert 30.07. 1986).

Alle partane innen vikingslagfeltet har stor respekt for monarkiet og kongen, så kongen sine rørsler vert vektlagt. Ved at kongen vitja Hjørungavåg og ikkje Hjørundfjord vart Hjørungavåg enda meir dominerande innan vikingslagfeltet.

Talane til Brundtland, Steen, kong Olav og Lunden, vart godt mottekne. Ikkje berre fordi dei stadfestar slagstaden til den ”rette” staden, men og fordi verdiane som vart lagt i vikingslaget passar overeins med det dei lokale arrangørane ønska at slaget skulle ha. Som nemnt (kap. 3.1) er den eldre generasjonen uroa for at verdier som tyder mykje for dei, skal svekkast (jfr. kap. 3.3.1. og 3.3.2). 1000-års feiringa kan då ha vore med på å påføre dei unge forestillingar om at vikingslaget har vore så viktig for Norge, og at det er viktig å ha eit sterkt forsvar for å forsvare landet. På spørsmål om at det verkeleg var eit mål med 1000-års feiringa å styrke forsvarstanken;

”Informant: *Nei, det e no det forsvarstanken her he no vore litt svekka. Det såg ej i 1940 når dei ledande i landet gjekk med knekt gevær på jakkeslaget. Og vi vart tekne so og seie på senga, uten å ha eit skikkelig forsvar. Derfor meinte vi at 1000 års minnet burde ha med kor viktig det e å ha eit flott forsvar. I dag. For på den tida va ikkje muren nedreven og det var stadig konflikter Aust-vest, so dermed meinte vi det var viktig å styrkje forsvarstanken i folket, og då spesielt i den oppvaksande slekt.*

Frode: *Alle dokke som var med i nemnda var vel eldre menn som hadde opplevd 2.verdskrig ?*

Informant: *Ja, ej trur det alle hadde opplevd 1940, og visste ka det førte med seg. Å bli nedtrampa av framande invasjonshær.*

Frode: *So slaget, som ein del av feiringa var det at den oppvaksande slekta skal huske, og ikkje skal gjennomleve verdskrigen slik dokke opplevde.*

Informant: *Ja, ej meinte det både nasjonalmonumentet på Overåneset og bautaen på Håkonøya skal stå som eit eksempel på at Norge er eit land som ikkje let seg underkue og trampa ned av framande makter. At det er en påminnelse om ka*

som kan hende om vi ikkje he eit godt forsvar. Og vilje til å forsvare seg. Det e ein store diktar som he sagt at de land som ikkje he evne og vilje til å forsvare seg ikkje har livets rett.

Sjølv om ej e motstandar av krig sjølvsagt, det e no vi alle. Men den dagen det e ei kjensgjerning, då må vi vere forberedt” (98120901).

Med andre ord er dei eldre mennene bekymra for at dei unge ikkje skal identifisere seg like sterkt til nasjonen Norge og til Forsvaret som skal verne landet.

Nasjonalmonumentet og 1000-års feiringa skal då vere med å minne oss kor viktig det er å ha eit sterkt forsvar slik at den yngre generasjonen ikkje skal gjennomgå dei same opplevingane som dei eldre har vorte utsett for. Verdiane som skal leggjast i Jomsvikingslaget er soleis verdiar som har verd for den eldre generasjonen, og som dei ynskjer å få vidareført. Dette fordi dei bryr seg om både landet dei har levd i og dei komande generasjonane. Kulturminne og kulturmiljø vert i denne samanhengen ein ressurs som kan danne eit nasjonalt ”varig grunnlag for nålevende og fremtidige generasjoners opplevelse, selvforståelse, trivsel og virksamhet” (Kulturminnelova §1 andre ledd).

Kap. 6.4 Jomsvikingslaget etter 1000 års feiringa

1000 års feiringa for Jomsvikingslaget i Hjørungavåg i 1986 styrka dominansen til Hjørungavåg i vikingslagfeltet, men sletta ikkje ut opposisjonen. Pierre Bourdieu hevdar at til grunn for sjølve definisjonen av eit felt er det alltid opposisjon og motstand. Med andre ord er feltet aldri i stillstand, men alltid ein produsent av historie (jfr. kap. 3.4). Dersom ikkje dette er tilfelle vil feltet løysast opp og ikkje lenger eksistere (per definisjon). Ved dette kapitlet vil eg synleggjere motstanden og aktiviteten i feltet og syne at feltet fortsatt eksisterer.

Etter 1000 års feiringa er stridane i vikingslaget ikkje så høglytte i media som før. Hjørungavåg har hatt ei offisiell feiringa med skaping av eit nytt nasjonalmonument (eit nytt kulturminne) som er med på å minne om det nasjonale. Vidare har ein innerst i Liavågen bygt opp ein ”gravhaug” med bautastein på (kulturminne). Dermed har ein fleire nye kulturminne som minner om kvar slaget i Hjørungavåg stod og den nasjonale viktigheita til slaget. Sidan 1986 har ein med ujamne mellomrom fått framført sogespelet ”Maktkamp ved Hjørungavåg” (jfr. side 89), som utspelar seg i

Hjørungavåg. Sogespelet vart sist framført i august 2000. I samband med sogespelet heldt ordføraren i Hareid kommune ein tale der ho i følgje avisreferat;

”peiker på at det er få hendingar Snorre har skrive så detaljert om som Hjørungavågspelet frå time til time. Dessutan er dette starten på den norske marine. Slaget i Hjørungavåg er det første slaget der norske båtar langs kysten har stått samla mot ei framand makt” (Vb/Vp 22.08. 2000). Som ein ser er det synspunkta til kong Olav og Kåre Lunden som vert vidareført, jfr. side 98ff). I konteksta med sogespelet vert det henspeila på ein nasjonal identitet der ein ser på jomsvikingslaget som røtene til det norske forsvar (”starten på den norske marine”). Dette synet vert også uttala på heimesidene til Hareid kommune (Inett 11).

På spørsmål om slaget kunne ha vore inne i Hjørundfjorden vert det i Hjørungavåg svart:

”Dei må no få lov og meine [...], men dei vart ikkje teke på alvor når dei kom frå Historisk Museum i Bergen, dissa gullfunna han sa dei hadde funne. Der stod nokre sommarfjøsamura. Ej ser det som umulig at slaget kunne ha vore inn i Hjørundfjorden” (99112001).

Dermed vert arkeologane si manglande interesse for slaget nytta i argumentasjonen for at slaget ikkje kan ha stått andre stadar enn i Hjørungavåg. I tillegg til arkeologane kan ein og syne til historikaren Kåre Lunden som skriv: ”at Liavågen er Hjørungavåg, må vere bortimot heilt sikkert” (Lunden 1993:96).

Måten og støtta ein fekk frå politikarar og forsvaret har og støtta Hjørungavåg. Skal ein tru desse har dette vikingslaget betydd mykje for nasjonen Norge og vore med på at vi har fått det flotte demokratiet vår og forsvaret som beskytter ”oss” (i tyding den moderne identiteten nordmenn). Dei nye kulturminne som har vorte sett opp og tilskrive nye meiningar og verdiar kan no få ”oss” til å minnast den store betydninga dette vikingslaget har hatt. Sogespelet er med på å minne oss om dette, noko som vert klart uttrykt gjennom aviser:

”I Maktkamp ved Hjørungavåg er det også med på å styrke kjennskapen til historia til nordmenn flest. Slaget ved Hjørungavåg var verkeleg nok, og avgjerande for utviklinga i landet vår” (Sp 21.08. 2000).

Forsvaret spelar og medvete eller umedvete jomsvikingslaget blant anna ved at når regionale leiarar i forsvaret møtte leiarar for det lokale heimevernet og politikarar lot leiarane seg avfotografere ved nasjonalmonumentet (Vb/Vp 07.05. 1998). Kvifor vert dei fotografert akkurat ved dette kulturminne (frå 1986), når det finst nyare tids kulturminne som til dømes tyske festningsanlegg frå andre verdskrig like i nærleiken ? Medvete eller umedvete, kan slike oppslag som dette vere med å spele på folk sine

forestillinger kring vikingslaget og knyte/påminne nasjonale tilskrivningar til jomsvikingslaget.

Sjølv om ein ikkje klarte å fange arkeologane si interesse i Hjørundfjorden har ein på 1990-talet valt ein annan strategi, ”imitering av historie”. Ein av aktørane knytt til Hjørundfjord reiste i 1990 saman med to vitne til Island for å få tilgang til arkivet etter Snorri Sturluson. Dette skjedde gjennom eit møte med professor Jonas Kristianson frå Universitetet i Reykjavik:

”då åpna dei, dei va fem mann, heile Snorre arkivet då. So ej fekk kopi ej ta handskrifta hans Snorre” (99011201).

I samband med dette vart det skreve ei erklæring, der dette skal ha vore opplese og vedteke:

”Proffesor Jonas Kristiansson gav så den off. uttalelse frå Møtet: Det har vore skiftande meiningar om slagstaden Hjørungavåg. Jeg meiner: Hjørungavåg, Harundarfyrði, Hjørungavagr. er same namnet. Hjørundfjord har dette namnet på dei eldste dokumenter, og namnet er på indre delen av fjorden. Hans Strøm har nemnet på Liavåg, det er nyare tida tradisjon. Sjå på kartet. Hjørungavåg-Liavåg er umuleg som slagstad, det stemmer ikkjemed beskrivelsene. Hjørundfjorden stemmer utruleg med Snorre og Flateyrbok på Island. [...] Snorre var ein nøyaktig beskriver av det rette. Vi har teke mange kontroller på det. Beskrivelsene er tradisjon, og her passer dette inn. Snorre var ein nøktern historieskrivar. Han var 2 år i Noreg, før han skreiv Heimskringla” (erklæring, datert Reykjavik 20. august 1990).

Denne erklæringa er vitna av to vitne som var med på turen. På spørsmål om kvifor ein har ei underskriva erklæring var svaret:

”Ja dei var med som vitne. For ej ville ikkje reise heim igjen utan at ej hadde bevitna det han Kristiansson fortalde då. For det ein må vere veldig nøye når ein skal granske” (99011201).

Ein historikar ville kanskje ikkje kjent igjen denne typen ”historiegransking”, men her ser ein og eit døme på at ein nyttar sin praktiske sans (habitus) til å møte og fortolke nye situasjonar. Ein har her granska slagstaden gjennom ”historisk” gransking og dermed bevist at Jomsvikingslaget i Hjørungavåg stod i Hjørundfjord.

I tillegg til eigne granskingar kan ein i Hjørundfjord syne til Snorri Sturluson som om bonden (jfr. side 66) som fortel til jomsvikingane at Håkon jarl; ”dro inn i Hjørundfjorden i går”, og at jomsvikingane deretter rodde ”nordenom øya Hod og så inn forbi øya” (Sturluson 1995:150). I tillegg vert det synt til Cappelen si Norgeshistorie der det står om jomsvikingane og Håkon jarl at; ”Skipene møttest og la

mot hverandre inne i Hjørundfjorden” (Gunnes 1976:210). I Hjørundfjord heldt ein fortsatt fast ved tolkinga med Hjørundfjord som Hjørungavåg.

På 1990-talet har det og vorte lagt fram ein ny teori om kvar vikingslaget har stått. Martin Furseth (Furseth 1992) hevdar at slaget har gått føre seg i Ørstafjorden, jfr. fig. 8. Furseth kritiserer ”fagfolka”; ”historikarane og arkeologane vår har gjort altfor lite for å finne sanninga om kvar helst slaget stod” (Furseth 1992:56). Ein av grunnane til at han skriv boka er;

”Kanskje kan stoffet i denne boka skape interesse for å får utført arkeologisk gransking av gravrøyser i området omkring yste delen av Ørstafjorden” (Furseth 1992:56).

I tolkinga si syner Furseth til både skriftlege kjelder, stadnamn og automatisk freda kulturminne. Namnet ”Hjørungavåg” skal i Furseth si tolking kome av ”hjørungane”, som er to (tidlegare tre) bautasteinar ved Steineset ved utløpet av Ørstafjorden. Raudøya (jfr. kart fig. 8) vert tolka som øya Primsigd, der Håkon jarl skal ha blota sonen sin, jfr. kap. 6.1.1. Primsigd skal kome av ordet ”prim” (ny) og ”sigd” (skjereredskap) som skildrar forma på Raudøya (Furseth 1992:27-28).

På denne Raudøya nord i Ørstafjorden finst det ein del automatisk freda kulturminne. I tolkinga si nyttar Furseth eit automatisk freda kulturminne to gongar. Registratoren som har registrert kulturminnet for Økonomisk Kartverk har vore usikker på kva det er og skriv:

”Røys ?, Husmur ? på berg, firkante 6x8 m. Vest og nordside er greie, rette og lagde med store steinar tett saman og rett på berget. Det er ikkje lett å tru på hus her” (Siteret etter Furseth 1992:29).

Furseth stiller seg då spørsmålet;

”Dersom det ikkje var eit hus og ikkje ei gravrøys; kunne steinane då vere restane etter ei horg eller eit hov frå heiden tid ? I så fall ville det vere freistande å tru at dette kunne vere staden der jarlen let taka livet av sonen sin, som blotoffer til ættegudinna Torgerd Holgabrud” (Furseth 1992:29).

Han nemner det same kulturminne for å syne at her er mange graver i området og han nyttar i dette tilfelle registreringane til Per Fett (Furseth 1992:43). Jomsvikingslaget er også for Furseth av stor tyding i Noregs historie;

”Sigeren i Hjørungavågen stadfesta og sikra eit norsk, sjølvstendig rike, og dette slaget må med rette kunne seiast å vere den tidskiljande hendinga som for første gong markerte at Noreg var ein samla, sjølvrådande stats-eining” (Furseth 1992:69).

Han knyt slaget til ein nasjonal hending som vi (i tyding nordmenn ?) skal oppleve som viktig.

”Dersom vi meiner at det er av verdi å kjenne sanninga om vår eiga historie og mennene og hendingane som skapte det landet vi lever i, då burde Jomsviking-slaget hentast fram frå den norrøne segnkrinsen og få sin rette plass som ein av dei viktige milepælane i Noregs-soga” (Furseth 1992:70).

Hjå Furseth si tolking er slaget kopla opp mot det nasjonale. Forskjellen er at han argumenterer for at slaget stod i ein annan fjord. Sjølv trur eg ikkje tru at Jomsvikingslaget har noko med nasjonen Norge å gjere, anna enn at slaget vert og har vorte tilskrive ein nasjonal identitet dei siste hundre år, jfr. kap. 6.2.1 og 6.2.2. Furseth sin teori om kvar vikingslaget stod bør vel ha like rett som dei andre standpunkta.

Kap. 6.5 Samandrag

I dette kapitlet har jomsvikingslaget vorte tolka ved bruk av eit omgrepsapparat frå den franske sosiologen Pierre Bourdieu. Dei diskursane som går føre seg i knyting til saga om jomsvikingane vert tolka som diskursar innan eit vikingslagfelt, der ein har ei sterk tru på at slaget er ei røynd hending. Her har ein ei sterk forteljing, men ingen automatisk freda kulturminne som ein kan knyte direkte til hendingane i saga. I vikingslagfeltet har det foregått diskursar fleire hundre år, og desse verkar strukturerande for korleis folk handlar i dag. Drøftingane går særleg på kvar jomsvikingslaget stod, og folk i forskjellige fjordar vil at slaget stod i ”deira” fjord. Dette er veldig viktige spørsmål, og ein kjempar då for at slaget stod i den rette fjorden. Liavåg i Hareid kommune er dei dominerande innan feltet, særleg sidan ein har ein kulturell kapital i og med bygda i løpet av 1900-talet endra namn til Hjørungavåg. I Hjørungavåg vart det lagt fram eit forslag til ei 1000 års feiring for jomsvikingslaget, som ein ville arrangere i 1986. Dette førte til mobilisering innad i vikingslagfeltet, der folk i dei ulike fjordane valte forskjellige strategiar. Hjørungavågarane valte å arbeide mot politikarar og presse for at slaget skulle feirast i Hjørungavåg. I ein konkurrerande fjord, Hjørundfjorden, valte ein å setje i gang ”arkeologiske” utgravingar for å prove kvar slaget stod. Meininga var å påvise kvar slaget stod og at arkeologar skulle dokumentere dette. Dermed ville ein at 1000 års feiringa skulle gå føre seg i Hjørundfjorden. På ein tredje kandidat til slaget gjekk ein historisk til verks, men braut delvis med doxaen i slaget då ein kom fram til at

jomsvikingane (som var angriparane i slaget) ikkje eksisterte i vikingtid. Synspunkta deira vart dermed delvis ignorert. Arkeologen Per Fett og litteraturvitar og forfattar Haldor Laxness har liknande synspunkt i det dei set spørsmålsteikn med jomsvikingsoga og Snorri Sturlason. Desse kjem fram til slaget antakelig aldri har vore, og at Hjørungavåg (på same måte som Svolder) ikkje er ein geografisk stad, men eit namn som er med å forsterke sjølve forteljinga. Per Fett ga uttrykk for dette då han vart spurt om slaget var verdt å minnast. Dette vart ignorert, og ein vektla heller ein historikar si tolking. Her vert slaget viktig, då ein i slaget soga omtaler er første gongen ein høyrer om leidgangen som forsvarssystem. Forsvaret var kontakta og spurt om dei ville støtte arrangementet. Forsvaret meinte det var naturleg for dei å delta med alle våpengreiner. Under 1000 års feiringa deltok representantar for Storting, Regjering, kong Olav, samt ein historikar. Gjennom talane fekk tilskodarane høyre kor viktig slaget var for nasjonen Norge. I samband med feiringa vart det laga to nye kulturminne (eit nasjonalmonument og ein bauta) som skal minne om den nasjonale tilknytninga har. I tillegg vart det i talane gjeve uttrykk for at dette vikingslaget syner kor viktig det er å ha eit sterkt forsvar. Dette er noko dei lokale arrangørane var interesserte i å høyre, då ein del av desse og var bekymra for at forsvarstanken blant dei unge i dag stod svakare enn hjå den eldre generasjonen. Dermed vart jomsvikingslaget og kopla til andre verdskrig. Dei nye kulturminna og slaget er dermed knytt til verdiar og erfaringar som eldre generasjonar set høgt og ynskjer at yngre og skal ta med seg vidare. Dette vert vidareført i samband med sogespel som vert gjennomført i nærleiken av nasjonalmonumentet med ujamne mellomrom. 1000 års feiringa styrka Hjørungavåg sin dominans i vikingslagfeltet, men den hindra ikkje opposisjon. I Hjørundfjord vart det valt ein strategi der ein "imiterte" faget "historie", og dermed beviste at slaget stod i Hjørundfjord. Samstundes har det komt til fleire aktørar i vikingslagfeltet. Jomsvikingslaget er og tolka til å ha stått i Ørstaffjorden. Stadnamn, geografiske omtalar i sogene og automatisk freda kulturminne vert nytt i denne tolkinga.

I vikingslagfeltet har man ein pågåande strid om plasseringa av slaget, men slik forteljinga fungerer i dag er den med på å vedlikehalde ei forstilling om kor viktig nasjonen er og kor viktig det er å ha eit sterkt forsvar. Dei nye kulturminna og praksisen rundt desse er då med på å vedlikehalde og forsterke forestillinga om nasjonen, og jomsvikingslaget vert ein del av symbolrepertoaret rundt nasjonen Norge.

Kap. 7.0 Årets kulturminne 1997

Førre kapitlet omhandla stadar der folk kjempar for at forteljingane om Jomsvikingslaget skal identifiserast med akkurat "deira" fjord. Ved dømet med jomsvikingslaget står ein ovanfor ei sak, der det narrative står sterkt, medan ein prøver å skape nye kulturminne som kan knytte seg til forteljinga og forestillingane. Dette kapitlet vil ta opp litt motsatt tilfelle. Her vil eg drøfte kampen om å verne eit kulturminne, der forteljingane knytt til det står svakt.

Eit av arrangementa under "Årets kulturminneår 1997", var "Kulturminnestafetten". Under dette arrangementet skulle alle kommunene i landet velje eit "Årets kulturminne". I Ulstein kommune vart ei sjøbud (Skjervøybuda), valt som Årets kulturminne ved avstemning i lokalavisa, fig. 2 og 17. Avstemninga førte til at ein strid om vern av eit nyare tids kulturminne vart synleggjort, blant anna gjennom debattar i lokalavisa. Likevel vart buda rive før kulturminneåret var omme. Korleis kunne dette skje ?

I dette kapitlet vil eg drøfte kva argument vart nytta for å verne om Skjervøybuda, og kva som var synet hjå dei som ville rive. Med dette vil eg sjå om dei argumenta som vert nytta blant folk i Ulstein kommune kan likne på argumentar som kulturminnevernet nyttar elles.

Kap. 7.1 Kulturminneåret 1997 og Kulturminnestafetten

I september 1995 bestemte dåverande Miljøvernminister Thorbjørn Berntsen og dåverande Kulturminister Åse Kleveland at 1997 skulle verte eit nasjonalt Kulturminneår. Hovudmålet for Kulturminneåret var å skape:

"større glede og bedre forståelse for kulturminnene [...] delmålene var å utvikle metoder for samhandling på utvalgte og prioriterte områder, synliggjøring av kulturminnenes verdi og samfunnsnytte, samt å gi befolkningen mulighet til å bli kjent med sine kulturminner" (Simonsen 1998:8).

Gjennom Kulturminneåret 1997 hadde ein valt ut tre hovudtema, Kulturminne langs kyst og vassvegar, tekniske og industrielle kulturminne og bli kjend med dine kulturminne. Ansvar for gjennomføringa vart delegert frå Miljøverndepartementet til Riksantikvaren (RA) og frå Kulturdepartementet til Norsk museumsutvikling (NMU). Saman oppretta RA og NMU eit felles sekretariat (Fellessekretariatet) som var plassert under RA si informasjonsavdeling. Sjølve gjennomføringa av

kulturminneåret var basert på at alle aktørar skulle ta eit sjølvstendig ansvar for planlegging og gjennomføring av tiltak på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå (Simonsen 1998:7, Forseth (red.) 1998).

På lokalt nivå vart det i Ulstein kommune vart det oppretta ei prosjektgruppe med medlemmar frå både frivillige organisasjonar og kommuneadministrasjonen. Grappa arrangerte og tilrettela arrangement knyta til Kulturminneåret. Det vart særleg satsa på øyvandringar der folk kunne gå rundt på øya, medan folk og slektningar etter dei som budde på desse øyane tidlegare fortalde om livet her. Det var stort oppmøte og stor interesse for å vere med på desse vandringane. Likevel kan ein seie at det kulturminne og den saka som vekte mest debatt blant innbyggjarane i Ulstein dette året var knytt til arrangementet Kulturminnestafetten.

På landsbasis var Kulturminnestafetten det største arrangementet i sjølve Kulturminneåret 1997. Stafetten vart gjennomført som eit samarbeid mellom Fortidsminneforeningen, Forbundet Kysten og Norsk Forening for Fartøyvern. Stafetten vart starta opp i Kirkenes 1. juni og reiste langs kysten og alle vassvegar med over hundre stoppestadar langs ruta. På dei ulike stadane der stafetten stoppa vart det halde arrangement av ulikt slag. Eit mål var å få alle kommune til å velje sitt kulturminne. Dokumenta som omtala kvart enkelt kulturminne vart lagt i ei skipskiste. På Kulturminnedagen 21. september vart skipskista overlevert til styresmaktene (Simonsen 1998:7-8). Det var god deltaking. Av 435 kommunar her i landet var det 429 som valte eit Årets Kulturminne. Kåringane vart gjort på forskjellige måtar. I nokre kommune vart det gjort ved avstemming, andre ved at organisasjonar eller kommunestyre gjorde valet. I Ulstein kommune valte ein årets kulturminne ved ei avstemning der folk kunne klippe ut ein stemmesetel i lokalavisa (Vb/Vp) og sende han inn. I tillegg hadde prosjektnemnda eit ord med i laget.

Kap. 7.2 Skjervøybuda, årets kulturminne i Ulstein 1997

I Ulstein kommune valte ein Skjervøybuda som Årets kulturminne. Prosjektgruppa valte dette kulturminne 15. mai etter at ein gjennom lokalavisa Vikebladet/Vestposten hadde hatt ei skriftleg røysting. Tilsaman var det 24 personar som avga stemme av

desse var det i følge kultursjef Olav Sæter 47 % som stemte på Skjervøybuda (Vb/Vp 22.05. 1997).

Skjervøybuda er ei av få sjøbuder som er att i Ulstein. Buda ligg nærmare bestemt på halvøya Saunes, like ved Ulsteinvik sentrum. Skjervøybuda vart bygt rundt 1920 og vart nytta i samband med fiskeri.

Under orkanen i 1992 hadde delar av buda vorte øydelagt. Tre privatpersonar frå bygda gjekk saman, søkte midlar frå kommuna og fekk reparert buda slik at ho var i høveleg stand i 1994. Skjervøy-eigedomen hadde i den gjeldane reguleringsplanen vore bandlagt til fiskeriformål. I reguleringsplanen for området var det innregulert eit nytt bygg for dette formålet. Teknisk styre ga difor i 1994 eit løyve til å rive Skjervøybuda. Dette løyvet gjald i 3 år framover, og ville dermed gå ut i september 1997. Eigaren hadde sagt seg villig til å vente med riving i påvente av ein plan for enten vern eller bruk (Vb/Vp 07.06 1997). I 1995 hadde teknisk styre ei synfaring på området, og her rekna ein at ein trengte omtrent 500.000 kroner for å sette sjøbuda i noko lunde stand.



Figur 17 Skjervøybuda står i fare for å verte rive. Faksimile Vb/Vp 04.09 1997

I 1997 foregjekk det mekling mellom grunneigar, fiskeristyresmakter og kommuna med Fylkesmannen som meklar. Dette på grunn av usemje kring reguleringsformålet. Dette skal eg ikkje kome nærmare inn på, då eg i denne oppgåva vil fokusere på argumenta som vart nytta for å verne.

I løpet av dei 3 åra som hadde gått hadde ikkje politikarane løyvt noko eller sørge for at det vart lagt fram planar for vern eller bruk av sjøbuda. Ved at Skjervøybuda vart kåra til årets kulturminne sette dette fokus på eit spørsmål kring vern av nyare tids kulturminne. At Skjervøybuda vart kåra var til dels intensjonelt ved at ein gjekk ut i media og fokuserte på ho før kåringa.

”Viss ikkje eigaren hadde hatt planar om å rive buda, so e ej ikkje så sikker på om Skjervøybuda vart kåra som kulturminne. For litt av intensjonen med kulturminneåret var å sette fokus på dei kulturminna som var trua. Slik sett so valgte no Ulstein eit kulturminne midt i blinken i forhold til intensjonane for kulturminneåret” (99010501)

31. juli vart det halde arrangement ved sjøbuda, der både kultursjefen og ordføraren deltok. Eit dokumentet som synte at Skjervøybuda var Årets kulturminne i Ulstein, vart sendt med seglbåt til Herøy kommune, der det vart lagt i skipskista til den øvrige Kulturminnestafetten.

Ved at ein fekk fokus på vern av buda fekk politikarane eit problem. Å gjere om eit formelt lovleg vedtak kunne føre til juridiske og økonomiske konsekvensar for kommunen. Eit anna uklart spørsmål var om kommunen kunne løyve midlar for å verne henne. Politikarane appellerte til eigaren og ba han om ikkje å rive før løyve var gått ut. Dette sette eigaren i, for han, ein vanskeleg situasjon:

”Vi hadde då ei riveløyve som gjekk ut ein viss dato. Vi såg ikkje anna enn at vi måtte rive, for vi viste ikkje kva slags resultat kommunen kom til. Vi skulle få 50000 frå fylket. Kommunen hadde ikkje pengar, og då vart det berre vi. Vi hadde ikkje interesse for og hadde penge til å legge ut ein million berre for å verne henne. Vi hadde ingen andre signal på at der var noken som ville vere med økonomisk for å bevare den (99112101).

Skjervøybuda vart dermed riven. På denne måten eksisterte ikkje Årets kulturminne i Ulstein når Kulturminnestafetten la til kai i Oslo.

At økonomi er eit stort problem innan vern av nyare tids kulturminne er eit kjent problem. I dette tilfellet hende dette i ei bygd som blant Osloaviser, NRK og TV2 fekk namnet ”Gullsteinvik”.

”Det einaste vi he no nok av i Ulsteinvik, de e no penga. Det burde ikkje vere noke problem, og ej trur ikkje det va noke problem heller. Ej va jo i kontakt med noken av disse som har pengar i Vik [...] Det va ikkje utenkelig at dei ikkje kunne satse på eit kvart der nede. Men når ein sit og meinhalde på ein privat eigedomsrett, kommunen vingla i forhold til kva dei skulle bruke det til, ville dei verne ville dei ikkje verne, so blir ditta eit kaos det. Og i det kaoset e den som te seg mest til rette som vinner” (98121801).

I ettertid er det særleg politikarane som har fått skulda for at årets kulturminne vart riven, sjølv om at *”Det kom ein snuoperasjon i det politiske miljø, men den kom for seint for å redde buda”* (99010501). Eit særleg problem for politikarane sitt høve til kulturminne er at dei har ingen plan eller oversikt over kulturminnene i bykommunen;

”vi he’kje noken kulturplan [...] Utan at ein får ein planmessig gjennomgang og ei vurdering om ka som er verdt å verne og det som ikkje e verdt å verne, so får du ofte meir tilfeldige avgjørelsar. De e no det som ej syns politisk he vore tilfelle her i Ulstein. Ein har på ein måte ikkje hatt nokon gjennom tenking av ka som e verdt å verne. Det blir sånn at du tar stilling til enkeltsaker, når dei tilfeldigvis dukkar opp. Og det blir meir tilfeldig ka utfall slike saker vil få.” (99010501).

Eg skal ikkje kome inn på alle debattane kring denne saka, då eg heller vil fokusere på argumenta som vart nytta for at Skjervøybuda skulle vere eit kulturminne.

Kap. 7.2 Argument for vern og fjern

I dette kapitlet vil eg kome inn på argumenta som vart nytta for å verne Skjervøybuda. Målet med kapitlet er å drøfte forskjellar i syn på kva eit kulturminne er og kva det skal vere.

Kap. 7.2.1 Synspunkt hjå dei som vil verne

Eit hovudargument for vern av Skjervøybuda er at buda representerer *”tydelege bevis på ein aktiv kystkultur”* (98121801). For folk som argumenterte for vern var ikkje Skjervøybuda berre ei bygning, men restane etter ein aktiv kystkultur som representerer verdiar som vi kan lære av den dag i dag.

”Dette va jo sjøhus og båtar etter eit rederi som dreiv [...] på fjerne farvatn. Heilt ifrå Grønland, Canada, Island, Færøyane, Barentshavet, [...] det va jo en slags ekspedisjonsfiske som ga mykje større perspektiv enn det her kystfiske. So her e alle grader av det nære kystfiske og faktisk verdensomfavnande fiske heilt tilbake til 1900. [...] Jau, det e mange slags verdiar som ein he gløymt i dag. Det e ikkje minst verdien av det at ein får ting til. Altså ligge med ein båt i Ulsteinvik og utruste for ein Grønlandstur på 6 måneder. Alt som skal til av ting og utstyr. Det meste e laga her [...] Det meste e reparert her i Ulsteinvik. Og det å legge ut ein masse pengar i forkant for at ein trur på at om ein reiser til den andre sida av verda so skal ein få lønnsomheit i det [...] Dinne spenninga er ikkje slik som vi tenke i dag. I dag e vi vande med å få ein konvolutt med lønna di i posten kvar månad [...] Dette e far i frå tider og ein kultur der sjanse var ein del av innhaldet i livet. Og ditte med å kunne ha mot til å gå på ukjende situasjonar og mestre det. Og ja ikkje minst med det at ungdommen som vart mannskap på disse båtane kom inn i ein sånn

vinnarkultur [...] ein vinnarkultur som gjekk på at dette slaget måtte vinnast kvar gong skulle du eksistere” (98121801).

Buda representerer dermed ein ”heilt naturleg oppdragelsesarena for folk som vaks opp her. Som igjen he lagt grunnlaget for vekst både på sjø og land” (98121801).

Ein kan sjå av argumentasjonen at ein ser på sjøbuda som ei fysisk leivning etter menneske med ein heilt annan kultur enn dei som heldt til i Ulstein i dag. Sjøbuda vert knytt til ein heilt annan livsstil og livssituasjonar enn det vi står ovanfor i dag. Ein slik argumentasjon liknar det som kulturminnevernet har opna for dei siste 10 åra, jfr. kapittel 4.3. Måten å knyte leivningane til personar som levde og identifiserte seg på ein heilt annan måte enn i dag, liknar dømet med støa som eg nytta i presiseringa av identitet (jfr. side 15).

Vidare vart det argument med at sjøbuda burde kunne nyttast til næringsdrift, samstundes som det og kunne nyttast som eit museum. Totalt fins det tre museum i Ulstein kommune. To av desse er bedriftsmuseum for skipsverfta Ulstein og Kleven. I tillegg har ein lokalhistorikar, Johan Ottesen, ståande ei utstilling av eldre flyfoto og eit fotoarkiv med kring 250 000 eldre flyfoto frå heile landet (Inett 12). Informanten som argumenterte for vern av Skjervøybuda såg på sjøbuda i samanheng med desse museuma. For den tidlegare kystkulturen var det:

”fiskeri i nære og fjerne farvatn som va hovedinntekskilde og satsingsområde. So viss du frå 1900 fram til ca. 1960 seie at fiskeri va bærebjelken i Ulsteinsamfunnet den tida. Og Skjervøybuda va ein dokumentasjon på den tida, og dei verdiar og holdningane som rådde då. So kan du seie frå 1960/70 åra og utover, so he skipsindustri blitt bærebjelken. Og gjennom [bedrifts]museumet [...] he me dokumentert den biten” (98121801).

I tillegg var sjøbuda, sjølv om ho trengte å verte sett i stand og vedlikehaldast, i;

”god stand. Bygd av alved, also sentrumsved, med bjelka opp i mot 25 tommar tjukke. Finst ikkje ei bygning i 10 mils omkrets so var so solid. God høgde og fullt utstyrte med nothenge, og garnrulle og arkje og vinddøre og vinde og alt som skulle til for å vere ei servicebase for havfiskeflåten” (98121801).

For ein informant som var oppvaksen i bygda var Skjervøybuda først og fremst sett på (smlg. fig. 2);

”som eit landskapsmerke. Det ej jo sjølv huske som gutunge i Ulsteinvik at Skjervøybuda det va no eit landemerke på Saunes i sentrumsområdet. Det va ein del av bygda det. Og når buda e vekke so e det no merkbart for oss som huska kor det var [...] Men det e no knytta til ei historie som vitna om eit liv som no e viska vekk for etterkommarane våre [...] Vi må ta kulturminna i bruk. Og det vere seg objekt eller område, so må det brukast. Viss du ikkje får folk

til å knytte ein aktivitet rundt objekta og områda, so he det vel liten kulturminneverdi også” (99010501).

I tillegg til at ein at ein vil verne sjøbuda, vert det og lagt på at den etter eit vern må huse aktivitetar.

Kap. 7.2.2 Synspunkt hjå dei som vil rive

Eigaren og drivaren av verksemda på Skjervøy området prøvde å knytte forslaget til vern opp mot den personlege identiteten blant dei som ville å verne sjøbuda. Blant dei som stemte på Skjervøybuda var omlag halvparten personleg knytt til ho gjennom at dei hadde slekt som arbeidde der. Personen som fyrst foreslo Skjervøybuda som Årets kulturminne var innflyttar i bygda. Han var gift inn i familia som tidlegare dreiv rederi i buda. Dette vart forsøk nytta mot han, bl.a. i ein avisartikkel (Vb/Vp 17.07 1997). I artikkelen vart han skulda for at motivet for å verne var at gift inn i familia som dreiv rederi der tidlegare;

”Vi forstår deg, som inngift i gamle-reiarlaget, at du gjerne såg artistokratiet gjenoppretta, men då burde du ha vakna for 20 år sidan, no er det for seint” (Vb/Vp 17.07 1997).

Dei som ville rive buda, prøvde dermed å spele på identiten hans både som innflyttar og tillegg at han skulle ha personlege og familiære motiv:

”Det e jo greitt viss at det dei ville ha eit merke for den familia, men då må en kalle det då. Då burde dei gått inn og kjøpt og holdt ved like og tatt vare på det viss dei meinte det” (98121601).

Dette vart av mange sett på som usakeleg, og det vart ein god del innlegg i lokalavisa som argumenterte for vern. Ein person frå nabokommuna Hareid skreiv eit innlegg der han seier;

”Eg kjem frå Hareid, og sjølv hadde eg ingen ting med Skjervøybuda å gjere. Men buda ligg meg tungt på hjertet. Eg tykkjer vi må ha noko igjen av det som ein gong skjedde i nærmiljøet vårt” (Vb/Vp 22.juli 1997).

Blant dei som vil rive buda meiner det er forskjell på kva ein bør verne. Eit slikt skilje går mellom det som er i privat eige i dag og det som er offentleg. Her vil ein skilje mellom den private eigedomsretten og det som tilhøyrrer det offentlege. På spørsmål om kven kulturminna tilhøyrrer vert det svart:

”Nei det e jo ei arv etter dei gamle slekte, så sånt sett so tilhøyrrer dei oss alle. Men det e klart at du må skille mellom det som e i offentlig og det som er i

privat. Ei gammal kårstove ute på ein gard ut på Flø ville ej aldri ha same forholdet til som eit offentlig bygg. Eller ei offentlig tomt, som ein kirkegard eller som Borgarøya e, fordi at det nettopp tilhøyrigheta den e avgrensa av eigedomsretten” (98121601).

Her meiner ein at det bør leggest meir vekt på den private eigedomsretten framfor kva som skal vernast. Dette er ein debatt som ein kjenner att gjennom debatten kring kulturminnelova på slutten av 1800-talet dette vart nytta som argument for at ein ikkje skulle verne kulturminne, jfr. side 45. Når ein snakkar om område med kulturminne og den private eigedomsretten generelt vert det hevda:

”Sånne område skulle vi ha hatt, men igjen eigedomsretten her den e ukrenkelig på ditte området føle ej” (98121601).

Det vert hevda at kommuna bør konsentrere seg om bygningar som allereie er i offentleg eige:

”Her e det allereie lagt ned store ressursar og det e kommuna som eige det so kan disponere det utan at ein gjenge inn på eigedomsretten til privatfolk” (98121601).

I tillegg til argumentet med offentleg og privat eige, prøvar ein og å nytte alderen på Skjervøybuda som eit kriterium for å ikkje verne ho. Dermed ville ein sette fokus på sjøbudar som var eldre og allereie i offentleg eige. Det vert argumenter med at desse budene er betre å verne om då dei representerer betre verdiar enn Skjervøybuda.

”For det første so va det ikkje so gammalt at det låg inn i mine tankar som kulturminne [...] sjøhuset som står her. Det meina ej er eit kulturminne, for det e no då 120-130 år [...] Det var der starten til Ulsteinvik sentrum vart lagt. Det var der forretninga, der ein kjøpe fisk og alle sånne ting. Og so utvikla det seg det vart snakk om bank og anna i nærleiken. So det var starten på Ulsteinvik sentrum.” (99112101).

”Men for kystkulturkommune, en kultur, for kystkommuna Ulstein [...] låg der ikkje noko historie i Skjervøybuda. Den historia finne du tilfeldig gongar igjen på Geileneset, der det e bude som vart bygd 100 år tidlegare som stende der i bedre forfatning, som kommuna eige og der det e eit heilheitleg budmiljø. Som kan integrerast og knytast i hop og virkelig få fram det som var den gamle historia.” (98121601).

På grunn av alderen vart ikkje Skjervøybuda registrert i SEFRAK registerert, jfr. side 48). Ein del av dei andre sjøbudene som er nemnt her er registrert og ligg midt i dagens sentrum av Ulsteinvik. Det vert i Ulstein diskutert kva ein skal gjere med desse. Dei som ville verne Skjervøybuda vonar på at Årets kulturminne 1997 skal ha

sett fokus på nyare tids kulturminne, slik at politikarar, planleggarar og grunneigarar bør tenke seg om før dei riv eldre bygningar.

Kap 7.3 Konklusjon og samandrag

Ein av grunnane til at Skjervøybuda vart riva er nok at kommunen ikkje hadde økonomi til å verne henne. Ein viktigare grunn var nok at kommunen ikkje har nokon plan eller oversikt over kulturminnene dei forvaltar. Dette fører til at når det vert fokusert på eit kulturminne som treng vedlikehald eller vern, kjem dette brått på. I dette kapitlet har eg ikkje drøfta grunnane til at Årets kulturminne i Ulstein vart øydelagt. Eg har valt å ha fokus på argumenta for å verne, og kva som er verneverdig. Eg har synt at dei som vil verne og dei som vil rive Skjervøybuda har forskjellig syn på kva kulturminne er og bør vere. Dei argumenta som har vorte nytta i denne striden er argument som ein kjenner igjen i kulturminnevernet elles (jfr. kap. 4.3). Argumenta som ein har nytta i Ulstein for å verne Årets kulturminne passar inn under det Brit Solli har kalla eit ”annerledeshet- og forbløffelsesparadigme” (jfr. side 15). Her meiner ein at kulturminne er ein dokumentasjon på ein heilt annan kultur (”ein slitarkultur”) som ein kan lære noko av. Denne dokumentasjonen bør ein behalde saman med andre lokale museum i kommuna som dokumenter ein heilt annan kultur og andre verdiar. Hjø dei som ville rive Skjervøybuda nytta argument som alder og tilstand, samt eigedomsrett. Desse ville heller sette fokus på andre sjøbuder i Ulsteinvik sentrum som allereie var i offentleg eige og som var eldre enn Skjervøybuda. Desse budene var restane av den eldste forretninga i bygda, og såleis ein viktig pådrivar i utviklinga av Ulsteinvik sentrum. Denne type argumentasjon liknar den type argumentasjon som vart nytta innan bygningsvernet tidleg på 1900-talet, då ein synte til ”antikvariske verdiar” (jfr. side 46).

Dette kapitlet har synt at dei argument og perspektiv folk nyttar kring vern av Årets kulturminne er argument og perspektiv som og er nytta innan kulturminnevernet generelt.

Kap. 8.0 Osnes og Oshaugen

Noko som har sett fokus for denne oppgåva er at ein innan arkeologien har hatt endringar som gjer at det ikkje berre vert interessant å forske på opphavlege meiningar kring kulturminne (jfr. kap. 3.1.2), men og å ”framhålla mangfalden av innebörder” (Burström 1996a:105) og fokusere på ”kulturminnenes sosiale og politiske verdi for samfunnet” (Myhre 1991:26).

I dette kapitlet vil eg synleggjere mangfaldet av meiningar, tolkingar og lokal kunnskap kring det største automatisk freda kulturminne i Ulstein, Oshaugen. Der eg i dei tidlegare døma, kap. 6 og 7 har fokusert på nasjonale og regionale identitetar, vil dette kapitlet vere eit døme på personlege identitetknytningar. Vidare er målet med kapitlet å synleggjere lokal kunnskap. Med dette vil eg og syne kor noko av den lokale kunnskapen kjem frå og potensiale for vidare forskning.

Materialet i kapitlet er henta frå garden Osnes. Kulturminne frå denne garden vart nytta i drøftinga og presiseringa av kulturminne og kulturmiljø (jfr. kap. 3.2). I samband med denne delen vart det gjennomført 6 intervju med 7 personar. 2 av intervjuar vart gjennomført i 1997, 3 i 1998, 1 i 1999. Mange av informantane og slekta deira har budd på Osnes i generasjonar. Tre av informantane er søsken, med ein aldersforskjell mellom yngste og eldste på 15 år. Faren deira arbeidde mykje med jorda, og i den samanhengen har han funne ei stor mengde av dei innkomne funna frå denne garden. I dette kapitlet vil eg ta for meg nokre av dei forteljningane og den kunnskapen desse har om Oshaugen og Osnes, jfr. fig. 2, 5 og 18.

I kapitlet vil eg fyrst gå inn på ulike kunnskapar og opplevingar kring Oshaugen. Her vil eg fokusere på korleis gravrøysa har endra seg og kunnskapen kring dette. Dette for å undersøke om folk i nærmiljøet kjenner til korleis røysa såg ut og kva som har skjedd med ho. Både røysa og landskapet rundt har endra seg vesentleg sidan byrjinga av 1800-talet. Dette har nær samheng, då bruken av røysa har vore med på endringa av landskapet. Kjenner dei som bur i nærleiken til desse endringane ? Kva er deira kunnskap om røysa og landskapet rundt ? Gjennom intervju-materialet med folk som bur på Osnes vil eg fokusere meiningsinnhald som er tilskrive både gravrøysa og landskapet rundt.

Garden Osnes ligg ved den ytre leia, d.v.s. vest for Hareidslandet (jfr. fig. 2 og fig. 8). Namnet Osnes skal i følge Oluf Rygh (1897:51, jfr. side 45) kome av óss, som tyder munning. Dette er det usemje om lokalt, noko ein kan sjå i ein avisdiskusjon i lokalavisa (Vb 1942) der det vert hevda at namnet ikkje har noko med ein elveos å gjere;

”Namnet Osnes i Ulstein kjem vonleg av kjempenamnet eller kongenamnet Ose, som skal liggje gravlagd i Oshaugen på Osnes” (H. B. O. i Vb 22.01. 1942).

Oshaugen ligg like ved ”laugarstranda”, Osnesanden, i Ulstein kommune (jfr. kap. 2 og 3.2) om lag 1 km frå tettstaden Ulsteinvik. Gravrøysa er ikkje berre det største automatisk freda kulturminne i Ulstein, det er og omtala som ”Sunnmøres største gravmonument gjennom alle tider” (Indrelid 1984:38).

Kap. 8.1 ”Arkeologisk” kunnskap kring Oshaugen og Osnes

Oshaugen er i samband med Ø.K. (jfr. kap. 3.2.2) registrert som R1(1659-E14).

Røysa ”ligg på ein naturleg kolle, men den oppbygde haugen er kring 45 m i tverrmål og 5-6 m høg” (Fasteland 1981). Registreringsrapporten nemner at ”Haugen er mykje skadd i den austlegaste kanten, der det skal ha vore teke stein” (Fasteland 1981).



Figur 18 Oshaugen sett mot SV

I registreringa til Ø.K. er det vist til Per Fett sine registreringar, der han nemnar tidlegare utgravingar og funn frå området. Samanliknar ein Ø.K. registreringa for Osnes (Fasteland 1981) med Fett si registrering (Fett 1951), ser ein at Ø.K. registreringane legg vekt på kvantitative aspekt (jfr. kap. 3.1.) og utelet lokalkunnskap og ulike tolkingar og meiningar kring kulturminna. Mats Burström har med eit døme frå arkeologiske registreringar i Gøteborg frå 1870-åra konkludert med at den moderne positivistiske arkeologien gjorde segn og lokalkunnskap overflødig, og at denne kunnskapen difor forsvant frå fagmiljøet (Burström 1997:41-45). Ein liknande forskjell kan ein sjå mellom Per Fett sine registreringar og registreringane for Økonomisk Kartverk. Ø.K. registreringa for Ulstein kommune nøyer seg med ei kvantitativ skildring over automatisk freda kulturminne som er synlege over bakken. Dei automatisk freda kulturminna i Ulstein kommune har dermed vorte redusert til tre typer; gravhaug, gravrøys og bautastein. Tilsaman i kommunen har ein 63 ”fornminnelokalitetar” som omfattar 93 einskildfornminne (Fasteland 1981:6). Dette står i motsetnad til Fett sine registreringar som inkluderte tidlegare litteratur kring kulturminna, samt lausfunn, lokal kunnskap og forklaringar.

Når Fett skildrar Oshaugen syner han dermed til blant andre Lorentz Kluwer (frå 1823) som nemner at det ved foten av Oshaugen låg ein steinlagt sirkel.

”I Steencirkelen omkring Foden a er mod Nord en Aabning, ligesom en Port, hvorfra gaaer en Alen lang og tæt seenlagt Vei, i hvis Ende sees Rudera af tvende Bygninger” (Kluwer [1823] 1960:131, Fett 1951:7).

Biskop Jacob Neuman (jfr. kap. 4.2) kommenterer Kluwer si skildring og tykkjer at ”Fod-Ringen er en Aabning mod Norden, fra hvilken gaaer en henved 5 Alen bred steensat Vei, 50 Alen henad og ved Enden af samme ligger paa begge Sider ligesom en Tomt af Grundstene” (Neuman 1837:101)¹.

Neuman tykkjer at Kluwer si tolking om dette er ei rydning etter to bygningar, er usikker då desse er små. Neuman tolkar desse annleis:

”Endnu er Dette mærkeligt, hvilket har undgaaet Kluwers Opmærksomhed, at fra disse Rudera af, 27 Alen henimod. Østen, findes en steenlagt Kæmper=Ring, 52 Alen i Omkreds. Det lader sig vel tænke, at fra denne Kæmper=Ring er hiin store Gravhøi udgangen, at tvende drabelige Kæmper have her med Sværdet afgjort deres Livs Skjebne, og at hiin Høi har reist sig over hvad her faldt [...] kjendte man i Oldtidens Historie andre lignende steensatte Minder over berømte Mænd, saa kunde man vel ogsaa, uden alt for megen Dristighed i Conjecturen, tænke sig det mulig, at begge Kæmperne vare faldne i denne Strid, at Høien havde reist sig over Begges Levninger,

¹ 50 Alen tilsvarar om lag 30 m

og at den steensatte Vei fra Fod=Ringen førte hen til det dobbelte Monument, der skulde vidne for Efterverdenen om Begges Tapperhed og Begges Fald; og – saaledes var da Gaaden løst” (Neuman 1837:102).

Ut frå denne tolkinga forventa Neuman at Oshaugen;

”skjulte i sine Steendynger en Jarls – og maaskee da tillige hans Modkæmpers – Gravurne” (Neuman 1837:102).

Neuman bestemte seg for å grave ut haugen, noko han kunne verkleggjere ved si fjerde visitasreise i området. I 1837;


”tok jeg Arbeidet fat d. 4. August. Det var en mørk Dag, som truede med Regn, og da Bønderne der omkring havde desaarsaag mindre med deres Gaardsbrug at bestille, og desuden interesserede sig for denne Undersøgelse, saa samledes de om mig, forsynede med Hakker og Græv og Jernstøre og Spader og Skuffer” (Neuman 1838:144).

Oshaugen inneheldt store mengder med stein, så Neuman ”maatte med Mismod erfare” at han ikkje fekk greve ferdig røysa i løpet av ein dag (Neuman 1838:145).

Det vart då bestemt at utgravinga skulle fortsette når ein fann tid til det. Arbeidet skulle gjennomførast ”under Direktion af Præsten, som af mig vilde faae de førnødne Instruktioner” (Neuman 1838:145). Soknepresten i Ulstein var på den tida (1826-1844) Andreas Hofgaard Winsnæs (Waage 1978:58-59). Wisnæs kom ikkje fram til noko resultat (Fett 1951:7). Gravingane skal i følgje Nicolay Nicolaysen (jfr. kap. 4.2) ha vorte avslutta i 1860, og det vart då meldt at det ”fandtes paa bunden derav et lidet hellesat rum med overligger, hvorunder der kun var jord” (Nicolaysen sitert i Fett 1951:7). Omtrent 20 år seinare kan B. E. R. Bendixen melde at den steinsatte veggen no var rydda bort, ”kun en eneste sten laa nu paa sin plads” (Bendixen 1881:11). Bendixen fastslår at gravinga knapt har nådd botnen, og at grava som vart funnen kan vere ei sekundærgrav. Det skal i 1858 ha vorte funne ein gullfingerring (B1902) ved eller i haugen (funnkonteksta er usikker). Gullfingerringen daterte Bendixen til eldre jernalder, og tolka han som tilhøyrande ei sekundærgrav (Bendixen 1881:11).

Gullringen som vart funnen i Oshaugen er av typen 17b variant IV (jfr. fig. 19), som det berre er funne to av i heile Norden (Andersson 1993a:163, 236). Den andre gullringen av same type er funne i ei grav i Söderbyn i Gamle Uppsala i Sverige (Andersson 1993b:65). Arkeologen Kent Andersson har datert desse gullringane til perioda C3 i romertid, noko som tilsvarar ei tid mellom 310/320 til 375 e.Kr. (Andersson 1995:17-19). På dei nærliggjande gardane til Osnes; Skeide og Ulstein, har ein og funne gullringar frå romertid (jfr. kart fig. 25).

Desse har ei litt eldre datering enn ringen på Osnes (Andersson 1993a:163).



Figur 19 Ulike funn av romertids gullringar av type 17b i Norden. Ringen frå Oshaugen tilhøyrer variant IV. Figur: Andersson 1993a Plansje 12.

Fett har merka av 7 funnstadar på Osnes, der funnmaterialet på Osnes er prega av funn av tangepiler og spyd av skifer. I tillegg er det og funne skeiforma skraparar av flint to stadar i Osnesmyra (nord aust for Oshaugen, jfr. kap. 3.2.2 og fig. 5). Desse kan vere funn frå eit offer/depot (Fett 1951, Fett 1970). Funna frå Osnes syner då at her har vore folk både i yngre steinalder, bronsealder og eldre jernalder.

I tillegg til dei nemnte funna skriv både Bendixen og Fett at ein har funne *myrpinnar* i Osnesmyra (Fett 1951:8). Bendixen omtalar desse slik:

”I *Ulfstenvik* er i myr fundet rækker af pæler, saaledes som de oftere træffes i disse egne, ligeledes paa *Osnes* og *Dimø Sund*. Pælene var raat tilhugne og tilspidsede ved slag paa 3 sider” (Bendixen 1881:36).

I samband med intervjuet eg gjennomførte i Ulstein spurte eg om det fanst fleire av desse, og om informantane kjente til forteljningane kring dei. Dette kjem eg vidare inn på i neste kapittel (side 125ff).

Kap. 8.2 Lokal kunnskap kring Oshaugen og Osnes

Dei fleste av informantane er vakse opp ved Oshaugen. For desse er ikkje berre Oshaugen ei ”gravrøys”. Soleis kan informantane fortelje om Oshaugen som eit leikarhus;

*”Vi brukte å leike oss ein del [...] Vi hadde der leikarstove og leika oss. Vi hadde der butikk. Vi hadde med dokke av og til, men det var helst butikk. Og so fann vi glasbrot ned på sanden og tok det med opp. Det var varene våre. Det var om å gjere å finne dei finaste. I holet hadde vi forskjellig nivå som vi brukte til hyller som vi sette i frå oss då. Ej he mange gode minne !
[...] So var der i grunnen lunt. Og utafor kanten er der ei naturleg rås då. Og ned i e der ikkje så kaldt. Då ej vart eldre då brukte ej ei ta hyllene ned føre til å sole meg” (98120801).*

Slik er Oshaugen ikkje berre eit ”reint” arkeologisk kjeldemateriale som skal forvaltast etter Kulturminnelova, men og ein del av barndomsminna til folk i dag.

Ein kontrast mellom den arkeologiske kunnskapen og lokal kunnskap er at det lokalt er uttrykt stor bekymring for Oshaugen (98120801, 98121101 og 98121102). I eit intervju fortel to informantar:

Informant A *”den hola som e der oppe den he sokke veldig mykje ihop. Berre sia ej va unge so*
Informant B *toppen he no sokke i hop berre sida ej kom her*
Informant A *då ej va onge då huska ej at her va ikkje so djupt*
 ja, det he sokkje i hop altso, for det e vel der grava e då
Informant B *der he vel vore eit gravkammer inni, ej veit ikkje ej” (98121101).*

At haugen sekk er noko ein lokalt har vore merksam på lenge:

”Ho mor som voks opp her, ho var fødde i 1907, ho sa at det e utruleg so han he dotte i hop. Han he rett og slett sokkje i hop haugen. Han var ikkje på langt nær so djupe då ho voks opp” (98120801).

Det vert med andre ord fortalt at kulturminnet (den fysiske levningen) er i endring og at dette kan vere fordi eit gravkammer har rast eller er i ferd med å rase saman. Ein har ei lokal forestilling om at det ligg meir i røysa og dette er i ferd med å forsvinne. Som nemnt i kap. 8.1 meinte Bendixen (1881) og seinare Fett (1951) at grava som vart funnen i Oshaugen var ei sekundærgrav og at ein ikkje hadde greve langt nok ned. Desse opplysningane vert og fortalt lokalt:

”Han Fett han sa at det hadde vore veldig interessant å greve heilt ut haugen. For haugen e ikkje utgreven heilt sa han og det hadde vore interessant med ei utgraving på dinna haugen her [...]Men det e no penga det står i, sa han. For

ein må ha ein voldsomme lagringsplass, og so vil dei lø han opp igjen då”
(98121102).

Dette er nok eit døme på kva på Per Fett si formidlingsverksemd, jfr. side 47ff. Som nemnt i innleiinga til kapitlet er tre av informantane søsken som har budd her heile sitt liv. Når eg i eit intervju spør om segn og myte knytt til haugen svarar den yngste:

”dei he no sagt at der he vore ein mektige mann som he vore gravlagt med kjerring og med trellar rundt seg. Han sete slik at han ser utover havet”
(98120801).

På spørsmål om informanten kjenner til om det er greve i haugen tidlegare og om haugen har sett annleis ut fortel informanten:

”Det huska ej frå ej va lita, at det var aldri lov å grave der. Det e ikkje lov å grave i haugen. Det var fordi den var freda, og at det ikkje var lovleg. Det he vel aldri vorte gjort då” (98120801).

Dei eldre søskena kan fortelje at her tidlegare har vore ein prest som grov i røysa. I tillegg kan dei og fortelje om den steinsette vegen som Kluwer, Neuman og Bendixen skreiv om (jfr. 8.1.). Om dei som bygde røysa vart det fortalt at dei skulle gravleggje ein konge:

”når dei skulle begrave kongen so kom dei på land der so verkstedet er no [Ottavika] Og so gjekk der [peiker på vegkrysset, jfr. bilete fig. 21] og på den steinen kvilte dei. Og den steinen e forsvunnen [...] Ej meina det den steinen forsvant når dei tok ned høgspentlinja [...] når E-verket rydda opp [...] Då dei kom på land i Ottavika med kongen som dei bar opp her. Det kan no vere fordi at du veit her var jo smulare då og sånn, det kjem jo an på korleis veret va når dei kom” (98121101).

Om den steinsette vegen som tidlegare låg ved Oshaugen vert det fortalt:

”Ej veit at det han far fortalde at der frå nordsiden av haugen på flata og bort til haugen nord for låa her der låg ein hellegang bortover [...] Der var laga ein ring med helle rundt, sa han. Det hadde han blitt fortalt, at ditta var ein holmgang. Den holmgangen brukte dei når disse store karane sloss om kven som var mektigast. Og der sloss dei so lenge den eine var fallen. Og han var leiaren also [...] Dissa hellene e no desverre vorte tekne vekk” (98121102).

Bendixen fortel at når han var der så var dei fleste av hellene tekne vekk. I tillegg til den steinsette vegen, har det også vorte fjerna ein god del stein frå Oshaugen:

”Når det gjelde haugen so hadde alle rett til å hente stein oppe i der. Og det syner at det he vore utteke ein sånn uto. Og då rulla dei det nedover berget då veit du. For det va lett vint å greie det, veit du og få bruke den steinen. Det va

ikkje noke tungvint å få tak i den då. Dei berre plukka den fram åte haugen”
(98121102).

Oshaugen vart då sett på som ein ressurs i det daglege arbeidet med å dyrke opp Osnes. Dette kan ein og sjå i samband med utskiftinga av det gamle tunet på Osnes i 1869:

“Opsidderne forbeholder sig sin gamle Ret til at tage Sten i Oshaugen, ligesaa forebeholder de sig sin Andel i de Oldsager og Kostbarheder der muligens maatte findes i bemeldte haug” (Utskifting 1869:8).

Forestillinga om at gravhaugar (og røyser) skjuler ”Kostbarheder” er ikkje unik for Oshaugen. Schetelig (1911) fortel at dette er ei utbreidd forestilling og at ho er ”saa fast at det ikke sjelden maa tas hensyn til den ved utskiftninger og lignende retslige avgjørelser” (Schetelig 1911:208).

At det var vanleg å take stein frå Oshaugen også etter utskiftinga i 1869 og etter Kulturminnelova var innført i 1905, kan ein sjå igjen i Topografisk Arkiv (Ta 006977) frå 1935. Her har ein av grunneigarane har fått pålegg om å ikkje gjere noko arbeid som skader røysa. Grunneigaren meiner at han treng steinen i røysa til veiter og at han krev vederlag om han ikkje får det.

Arbeidet med å dyrke opp Osnes med bruk av stein frå Oshaugen, har ført til at landskapet er heilt forandra frå slik landskapet såg ut for nokon få generasjonar sidan (jfr. følgjande skildring med foto fig. 2, 5 og 21):

”Før va her myr. No e det Hødd [lokalt fotballag, jfr. side 5] som drive der oppe. Og der also der va ei store, dei kalla det djupetjennø. Vi brukte å gå på skeisse der. Det va berre myr. Han [fortel om faren] he brote opp alt, og fyll nedi stein og styr og stell [..] Gutane måtte no hjelpe han veit du. Og so sette han voldsomt med veiter. Veitene sette han ta stein. Han hadde ikkje rør [..] Du veit, for å få vekk vatnet so måtte han det. So, det va noke heilt anna før”
(98121101).

Ein grunn til at ein har gjort mange funn frå dette området er fordi at ein i samband med dyrkinga hadde nær kontakt med lokalhistorikaren Peder Fritz Waage, jfr. kap. 5.3.6 og kap. 6. Waage var personleg bekjent med Per Fett, som ofte var innom når han var på desse traktane (99011101).

I kap. 8.1 kom ein inn på at det hadde vore funne pinnar i myra. Dateringa av desse er uviss, men Bendixen omtalar desse i eit kapittel som omhandlar mellomalderen (Bendixen 1881:36). Nils Eriksen Osnes (1810-1890) frå Osnes skal ha fortalt Johan

Haddal (lokalhistorikar) at desse myrpinnene vert kalla ”regnmenner”, då folk stakk desse i myra for å få regn (Fett 1951:8).



Figur 20 Myrpinnar frå Osnes

I samband med feltarbeidet til denne oppgåva, synte det seg at myrpinnane som Fett og Bendixen nemner er teke vare på av lokalhistorikaren Johan Ottesen, jfr. fig. 20. Etter det han hadde fått høyre brukte ein myrpinnane i samband med fuglejakt (Pilskog 1999).

Garden Osnes vart som nemnt utskifta i 1869, og i den samanheng fortel informantane at ein tidlegare budde saman i eit sentral tun. I dag ligg eit vegkryss der tunet låg før, jfr. bilete fig. 21. Kan hende er det gamle tunet som har påverka plasseringa av vegkrysset.



Figur 21 Osnes sett mot aust 1952. Ved Osnessanden kan ein sjå gravstaden. Det gamle tunet på Osnes skal ha leie omlag ved vegkrysset midt på biletet. Mesteparten av sjøen i bakgrunnen er i dag industriområde. Til høgre i biletet kan ein skimte fleire naust i Ottavika, der ein og hadde Kyrkjestøa. I dag er heile vika fylt igjen, smlg. fig 2. Oshaugen ligg like utanfor venstre biletkant. Foto: © Johan Ottesen

Gravplassen på Osnes (fig. 21) vart vigsla i 1924 (Waage 1978:31-32). Inne på dagens gravplass (jfr. fig. 2) står det ein bautastein (jfr. fig. 5, samt side 32) som i følgje Ø.K. registreringa vert kalla for Kyrkjesteinen (Fasteland 1981). Dette namnet er knytt til gravplassen, og bautaen har då etter 1924 fått ei ny fortolking og eit nytt namn, Kyrkjesteinen.

Det sentrale tunet på Osnes vart fråflytta ved utskiftinga av jorda i 1868-69. Lokalhistorikaren Perder Fritz Waage (sjå og kap. 6.3) har teikna tunet slik det kunne sjå ut. Han har nytta kart over tunet som grunnlag.



Figur 22 Tunet på Osnes frå om lag 1860. Teikning: Peder Fritz Waage.

Ved utskiftinga i 1868-69 hørte i alt 43 hus (dei fleste var samla ved fellestunet) med 8 naust og 6 sommarfjøsar, til Osnesgarden (Pilskog 1999). Sjølve jorda var delt opp i fleire teigar.



Figur 23 Fordelinga av teigar på Osnes rundt 1868

Som ein ser var busetjinga på Osnes på 1800-talet heilt annleis enn i dag. Det var dette tunet biskop Jacob Neuman vitja og det var her han fann arbeidskraft til

utgravinga si i 1837 (jfr. kap. 8.1). Blant personane som har teigar på Osnes finn ein Otto Jetmundson (jfr. fig 23). Han vart i 1909 intervjuet av den lokale folkloristen og læraren Martin Bjørndal (jfr. side 18ff). I dette intervjuet nemner han utgravinga til Jacob Neuman:

“Biskop Neuman omkring 1830 lot grave paa Oshaugen östre Side efter Oldsager. Han Neuman sad da paa en Stol og gav sine Befalinger medens Folket arbeidede” (Bjørndal 1909).

I følgje Neuman (1837) skulle sokneprest Wisnæs fortsette utgravingane når han fann tid og høve. Jetmundsen fortel og at *“Sognepræst Wisnes var syg i en Fod, hvilke hindrede han i at gaa”* (Bjørndal 1909). Dette kan vere ein av grunnane til at utgravinga ikkje vart skikkelig fullført. Opplysningane om at utgravingane vart avslutta i 1870 (jfr. kap. 8.1.) kan ha samanheng med utskiftinga av tunet.

Kap. 8.3 Arkeologisk undersøking av Osnes 1999

I samband med ein reguleringsplan for Osnes, gjennomførte Møre og Romsdal fylkeskommune (jfr. kap. 4.3) ei arkeologisk registrering i 1999 (Pilskog 1999). I løpet av 3 veker vart 19 sjakter opna og dokumentert på eit om lag 12,3 dekar stort område. Av desse 19 sjaktene inneheldt 18 av sjaktene automatisk freda kulturminne som kokegroper, eldstadar, ardspar, åkerreiner, førhistoriske grøfter og stolpehol etter hus. I den 19. sjakta fann ein murrestar etter det gamle tunet, jfr. fig. 22 og 23 (Pilskog 1999).


Dei fleste intervju frå Osnes vart gjennomført i 1997 og 1998, d.v.s. før eg hadde kjennskap til planane for arkeologisk registrering av området. I intervjuet vart det fortalt om sjølve jorda og kva som ligg i ho. I jorda på Osnes skulle det i følgje informantane ligge mengder med kokegroper;

”steinsettingar. Nokre ringar. Dei e cirka 1 meter, ein god meter. Av og til når du to ned i den molda der, so vart du heilt svarte på hendene. Det var berre trekol. Og ej va vel borti og fann bjørnetenner også” (98121101).

På spørsmål om ein kunne sjå lagdelingar i jorda var svaret:

”Det gjer han. Til lenger ned du kom til meir daue sand vart det. Når du e komen lengst ned so e det sånne du ser ned på sanden. Fyrst har oss eit jordlag, det kan variere litt, men det kunne faktisk vere heilt ned til 1 meter. Og der fant vi då dissa kokegropene og då kunne ein ta opp dissa der, og under der e det lysare sand då” (98121101).

Samanliknar ein den lokale kunnskapen om kva som er i jorda med resultatata frå den arkeologiske registreringa finn ein at mange av opplysingane stemmer.



Figur 24 Felteikning frå Osnes. Ei 16 m lang sjakt inneheldt heile 31 kokegroper. Ei moderne grøft går langs sjakta.

Opplysinga om at det finst mykje kokegroper i området (98121101) synte seg å stemme. Heile 31 kokegroper vart funne i ei einaste sjakt (16 m lang og dekte eit område på 89,04 m²). Trekol frå toppen av ei kokegrop (3/30, jfr. fig. 24) er datert til 1950 ± 80 år før notid. Dette tilsvarar tida mellom 30 f.Kr. og 140 e.Kr. (T-14611).

Omtalen av jordlaga (98121101) synte seg og å stemme. I delar av området kunne ein under matjordlaget sjå restar etter ein eldre åker som somme stadar gjekk 1,75 m under dagens bakkenivå. Det vart teke ut trekol til to dateringsprøver frå ei åkerrein i området. Prøvene ga dateringar som tyder på at åkeren har vore nytta over lengre tid, nærmare bestemt til tidsbolken 455-660 og 570-665 e.Kr. (T-14613 og T-14612).

I området der det gamle tunet har leie (jfr. fig. 22 og 23) vart det funne restar etter murar. Om lag 20 m sør for det gamle tunet låg, var det spor etter stolpehol frå enda eldre hus. Ein del av stolpehola er førebels tolka som restar etter eit treskipa hus frå bronsealder/før romersk jernalder. Trekol frå eit av stolpehola ga ei datering til mellom 760 til 390 f.Kr. (T-14614).

Kap. 8.4 Drøfting av dei lokale forteljingane og kulturminnevernet

Som nemnt i innleinga (kap. 1) er målsetjinga med kulturminnelova at kulturminna og kulturmiljø skal takast vare på både som vitskapleg kjeldemateriale og som grunnlag for nolevande og framtidige generasjonar sine opplevingar, sjølvforståing, trivsel og verksemd (jfr. kap. 1). Kapittel 8 har synt at Oshaugen og Osnes faktisk har tilskrivningar som kulturminnelova hevdar at kulturminne og kulturmiljø skal ha. Oshaugen og Osnes er både eit vitskapleg kjeldemateriale, samstundes som det er eit grunnlag for mennesker sine opplevingar, sjølvforståing, trivsel og verksemd. Når det gjeld tilskrivningar og forteljingar knytt til Oshaugen og Osnes vil eg drøfte tre punkt:

- 1 Sjølv om folk har mange felles opplevingar og forståing, har ein forskjellige forteljingar om det same kulturminne og kulturmiljøet.
- 2 Lokale forteljingane knytt til eit kulturminne og –miljø kan ha andre tydingar. Forteljingane kan kanskje knytast til a) tidlegare tiders fortolkningar og b) tidlegare tiders bruk av kulturminne og kulturmiljøet.
- 3 Om lokale forteljingar og lokalt materiale har potensiale for dagens forskarar.

Punkt 1: Dei fleste informantane har vakse opp på Osnes. Flesteparten av forteljingane har dei fått høyre av foreldra og besteforeldra. Forteljingane er ikkje berre fortalt vidare til born og borneborn, men og til ulike skuleklasse som vitjar røysa kvart år. I tillegg føler folk her at kulturminnevernet har endra seg, og kulturminna har vorte meir verna (jfr. endringane i kulturminnevernet kap. 4.3). Interesse utanfrå, både i form av skuleklasser på vitjing og at kulturminnevernet har komt nærmare har styrka synet på at Oshaugen er eit "kulturminne" og noko det er verdt å ta vare på:

Informant: *"Her he vore mange skuleklasse som he vore her, særleg dei siste åra då. Ej trur no det e meir kulturminne no enn ka det va. Då var det mange som ikkje visste ein gong at det var ein gravhaug*
Frode *Kvifor trur du det he forandra seg ?*
Informant *Nei det he vel vorte meir verna sånne ting. Det e vel noko med det. Det va ikkje so fokusert på det før for 30 år sida, som det he vorte dei seinare åra"* (98120801).

Sjølv om kulturminnevernet og arkeologar berre er ein av mange produsentar av meiningar og fortolkingar av fortida, betyr deira interesse og oppførsel noko. Ved at arkeologar kjem innom og fortel om sin kunnskap og argumenterer for kvifor ein skal

verne har synet på kulturminne endra seg. Dette vert forsterka i praksisen der skuleklasser kjem innom og får høyre forteljingane om Oshaugen.

Sjølv om dei lokale forteljarane har mange felles erfaringar og forteljingar, så har ein og ulike forteljingar.

Intervjua som det er referert til i kap. 8.2. syner at sjølv innan same søskenflokk har ein forskjellige meiningar, forteljingar og tolkingar kring den same gravrøysa, trass i at alle har vakse opp i nærleiken av det same kulturminnet og i det same kulturmiljøet. Dette kan tyde på at det er folk sjølve som skaper meiningar og forteljingar kring kulturminna. Dette gjer ein ved å ta i seg og utvikle meiningar og forteljingar ut frå mange kjelder, jfr. punkt 2.

Punkt 2: Desse forteljingane og forestillingane foregår lokalt og vert produsert og reproduisert innan eit språkspel/felt som er utanfor kulturminnevernet eller arkeologar sin kontroll. Brit Solli har i si avhandling om Veøya i Møre og Romsdal, synt at ikkje alle lokale forteljingar og segner kring kulturminne har sitt utgangspunkt lokalt. Ein del av desse forteljingane er det som vart rekna for vitskap for fleire generasjonar sidan (Solli 1996a). Dette kan ein og finne igjen i samband med lokale forestillingar og forteljingar kring Oshaugen. Forestillinga om at ein ved den steinsett vegen ved Oshaugen dreiv tvekampar er ikkje lokalt produsert. Som nemnt i kap. 8.1 var dette arbeidshypotesa til Jacob Neuman (Neuman 1837:102) då han leia utgravinga av Oshaugen frå "sin stol" i 1837. Vidare stammar forestillinga om at ein berre har funne ei sekundærgrav blant anna frå Bendixen (1881) og Per Fett (1951). Med andre ord har det tidlege kulturminnevernet, jfr. kap. 4.2 og 4.3, allereie spela inn på lokale forestillingar kring Oshaugen.

Ikkje alle forestillingar og forteljingar frå Osnes er knytt til tidlegare tiders vitskap. Ei av segnene kring røysa kan knytast til tidlegare tiders bruk av og oppfatning av landskapet. Eit døme på dette kan verre segna om at Oshaugen vart reist av folk som la til lands ved Ottavika, kvilte seg på ein stein før dei bygde røysa (kap. 8.2). Denne segna kan knytast til tidlegare tider sine rørsleliner i landskapet. Den arkeologiske registreringa i 1999 (jfr. kap. 8.3) synte at på den staden informanten sa at kvilesteinen (jfr. side 123) skulle ha leie, vart det funne murar frå det gamle gardstunet, som låg her fram til utskiftinga i 1868/69 (Pilskog 1999).



Figur 25 Skisse av vegen mellom prestegarden i Dimnasund og kyrkja på Ulstein

Som nemnt i kap. 2 skjedde det store endringar i kommunikasjonane i Ulstein kommune på 1800-talet (side 5 ff). Mellom anna vart det i juni 1836 heldt skjøn over grunnavståing til ein veg mellom Vik og kyrkja på Ulstein (Bjåstad 1977:339). Ved pliktarbeid utført av ”bøndene” vart vegen truleg ferdig opparbeidd mot slutten av 1830-åra. Denne vegen vart nytta av blant anna soknepresten i Ulstein. Prestegarden (vart riven på 1960-talet) låg i Dimnasundet, slik at når sokneprest og

biskopar på visitasreiser skulle til kyrkja måtte dei ut i båt. Ved dårleg vèr måtte ein gå i land i kyrkjestøa i Ottavika (i dag fylt igjen). På vegen kunne ein vitje grannar og kvile seg på tunet på Osnes, jfr. fig. 22 og 23. Vegen vidare gjekk forbi garden Skeide. Stadnamnet Skeide tyder ein stad der ein dreiv kappriding. Kyrkja låg på garden Ulstein som og har gjeve namn til soknet.

Ei tolking av denne segna knytt til Oshaugen kan då gje eit innsyn i korleis ein reiste i landskapet for fleire generasjonar sidan.

Punkt 3: I den lokale kunnskapen ser ein at ein har kunnskap om og fysiske restar etter myrpinningar (regnmenn) som og er funne andre stadar i kommunen. Når, korleis og i kva samanheng vart desse nytta? I dag sit ein igjen med ikkje berre dei lokale segnene om myrpinningen (som er nemnt av Bendixen i 1881 og Fett i 1951), men og sjølve pinnane. Myrpinningane syner spor etter å verte hogt med øks og er brent i spissen (Pilskog 1999). Ved at ein har dei fysiske restane finst det her eit potensiale for å finne ut meir om desse pinnane (datering, bruk o.s.b.) og setje desse i samanheng med kva ein har funne andre stadar. Nye tolkingar kan skapast ut av desse og gje oss meir innsikt i fortida.

Som påpeika i desse tre punkta stammar ein god del av dagens forståing og forestillingar kring Oshaugen frå tidlegare generasjonar si ”vitskaplege” tolking av haugen. Eit av formåla med å forvalte kulturminne er etter kulturminnelova å gje

framtidige generasjonar sjansen til å fortolke og forske på kulturminna på sin måte. Når ein veit at kulturminnevernet ikkje er den einaste skapar av fortidige tolkingar av landskapet ein lever i (jfr. punkt 1 og 2) og at vitskap berre er eit av mange felt (Bourdieu)/språkspel (Lyotard, Wittgenstein)/diskursive formasjon (Foucault) der det vert produsert tolkingar og meiningar knytt til kulturminne og kulturmiljø. Korleis skal då kulturminnevernet forhalde seg til målsetjinga i kulturminnelova (kap.1) ? Kven er det som gjev forskarar rett til å lage nye forteljingar frå Osnes ?

I si doktorgradsavhandling har Brit Solli (1996a) stilt spørsmålet med kva som gjev henne rett til å lage nye forteljingar frå Veøy. Ho svarar: ”The right is given to me because I am an expert and know things about archaeology that the other storytellers do not know” (Solli 1996a:251). Svaret er direkte og kan førast over til sjølve kulturminnevernet. Gjennom sin praksis forvaltar kulturminnevernet kulturminne og kulturmiljø på ein slik måte at desse blant anna skal kunne nyttast i framtidig forskning. Kulturminnevernet søker først og fremst å verne desse ressursane. I dei tilfella kulturminna og kulturmiljøa må øydeleggjast, krev kulturminnevernet at øydeleggjingane må dokumenterast og materialet samlast inn. Ved at folk på Osnes leverte inn gullringen ein fann ved/i Oshaugen i 1859, kan forskarar i dag stille heilt nye spørsmål og problemstillingar som ein ikkje kan lokalt. Gullringen frå Oshaugen er av same type som ein har funne i ei grav i Uppsala. Kvifor er desse gullringane så sjeldne ? Kvifor er dei funne akkurat på Osnes og i Uppsala ? Finst det ein samanheng mellom desse stadane ? Kvifor er begge ringane funne i ei grav, og ikkje i ei anna kontekst ? Kven er eigaren av gullringen ?

Ved at kulturminnevernet engasjerer seg på Osnes i samband med utbyggingar i dag kan ein finne ut meir om desse spørsmål. Som dei arkeologiske registreringane til Møre og Romsdal fylkeskommune syner, har ein busetnad etter mennesker som levde her på same tid som gullringen stammar frå. Kanskje kan framtidige forskning framskaffe meir kunnskap kring gullringen sin eigar og busetjinga på Osnes. Som informanten under punkt 1 har ei kjensle av, har kulturminnevernet endra seg i løpet av dei siste 30 åra. Tidlegare hadde ein berre ein type vitskapleg forteljarar (arkeologar frå musèet i Bergen), medan i dag har fleire (jfr. kap. 4.3). Kanskje bør ein formidle fleire vitskaplege forteljingar frå fleire hald, som dei lokale forteljarane (punkt 1 og 2) kan nytte. På denne måten kan kanskje dagens vitskap få ta del i meiningssinnhaldet til kulturminna, der arkeologar knytt til fleire instansar kan vere bidragsytarar til eit mangfald av oppfatningar. Samstundes bør ein lytte til dei lokale

forteljingane og dokumentere den lokale kunnskapen. Den lokale kunnskapen kan gje utgangspunkt for framtidige problemstillingar (punkt 3), ein kan og gjeve framtidige forskarar kunnskapar om kjeldematerialet. Dersom ein framtidig arkeolog grev i Oshaugen vil han/ho finne skjell og glasbrot som vil gje eit kjeldemateriale som fortel korleis mennesker frå 1900-talet såg på og nytta gravrøysa. Gravrøysa har ikkje berre ei opprinneleg meining (frå bronsealder), men og mange andre fortolkarar som har sett sitt preg på ho. Blant desse er mennesker frå romertid som hadde ei sekundærgrav i røysa, biskopen som starta utgravingar, røysa som ressurs for veitesetjing, røysa som leikarhus og butikk, røysa som ein stad der skuleklasser får lære om fortida. Kulturminne si meining er ikkje berre knytt til ein stad og ei tid. Den er ein levande ressurs som bør vere åpen for framtidige fortolkarar.

Kap. 8.5 Samandrag

I dette kapitlet har eg drøfta forestillingar og segner knytt til det største automatisk freda kulturminne i Ulstein kommune, Oshaugen. Utgangspunktet var i tråd med Burström (1996a:5) å få fram mangfaldet i meiningar og tilskrivningar knytt til gravrøysa og landskapet rundt. Intervjua synte at folk kjenner til segner og har forestillingar om røysa. For den noverande generasjonen hadde vakse opp med haugen både som leikehus og ein stad der ein kunne sole seg. Sjølv om ein innan ein søskenflokk hadde mange felles opplevingar og forteljingar kring røysa, kan ein og sjå forskjellar i dei personlege tilskrivningane. Folk har skapt seg forestillingar om røysa som stammar frå mange forskjellige kjelder og opplevingar. Kapitlet har synt at ein del av segnene og forestillingane knytt til haugen stammar frå det som tolka som vitskap for fleire generasjonar sidan. Kjeldene til forestillingane kan ein finne igjen hjå Jacob Neuman (1837) og Per Fett (1951). Det vil seie at tidlegare tiders vitskaplege praksis har fått innpass i lokale forestillingar kring haugen. Ein del av segnene kan og knytast til korleis ein reiste i landskapet i tidlegare tider (1600-1800-talet).

Bruken av gravrøysa har ikkje berre ført til at landskapet rundt er totalt forandra i dag, men det har og medført at her har vorte gjort mange funn av førhistoriske gjenstandar. Grunna personleg bekjentskap mellom lokale interesserte og arkeolog Per Fett ved Bergen Museum har mange av desse gjenstandane vorte ein del av det arkeologiske kjeldemateriale. Med andre ord har personlege bekjenskapar spela ei viktig rolle i

skapinga av det arkeologiske kjeldemateriale (noko arkeologar bør ta med i ein kjeldekritikk når ein tolkar stadar med høge funnkonsentrasjonar).

Lokalt har ein kunnskap om kva som "skjuler" seg i jorda. Delar av dette vart stadfesta etter ei arkeologisk registrering året etter at intervjuet var gjennomførte.

Ei type kulturminne, myrpinnar, som ein kan lese om i tidlegare arkeologiske registreringar (jfr. kap. 5.2), finst i området. Både kulturminne (myrpinnane) og lokale forestillingar knytt til desse (regnmänner og utstyr til fuglejakt) har relevans for og kan nyttast i studie kring fortida.

Kap. 9.0 Kva fortel kulturminna om oss ? Drøfting og avsluttande kommentarar

Kva fortel så kulturminna om oss ? Fyrst og fremst at ”oss” har produsert ei mengde tolkingar og meiningar kring kulturminna. Nokre av desse tolkingane og diskusjonane har vorte fortia, medan andre har vorte til vitskap. Denne oppgåva har sett fokus på meiningsinnhald kring kulturminne og kulturmiljø i Ulstein, og synt korleis desse vert nytta. Det er ikkje berre fortida som er ”annerledes og forbløffende” (Solli 1996b). Meiningsinnhaldet folk gjev kulturminne og kulturmiljø i dag (jfr. kap. 6-8) er og mangfaldig og forbausande.

I kapittel 6 har eg fokusert på kollektive identitetar og kampane om innhaldet i desse. I samband med slaget i Hjørungavåg har eg søkt å synleggjere eksistensen av skjulte diskursar, lokal kritikk og diskvalifisert kunnskap (jfr. kap. 3.1). Eg har i denne samanhengen nytta Bourdieu sitt omgrepsapparat (jfr. kap. 3.4) og sett på ulike hendingar og tekster som diskursar knytt til eit vikinglagfelt med sin eigen logikk. I denne samanhengen har det vorte produsert nye kulturminne, som Nasjonalmonumentet og bautaen på Leira i Hjørungavåg. Kva fortel desse kulturminna ?

Fyrst og fremst fortel desse kulturminna om ei fortid slik ”vi” ynskjer ho skal vere. Som Per Fett presiserte i årevis, kan ein ikkje stadfeste Hjørungavåg ut frå arkeologisk materiale (kap. 6.2.2). Ein kan heller ikkje stadfeste slagstaden med historisk materiale, sjølv om det finst historikarar som seier det motsette. Frå alle partar i striden kring slaget vert det lagt stor vekt på at Snorri Sturluson ”*var ein nøyaktig beskriver av det rette*” (jfr. kap. 6.2-6.4). Hjø alle partane i vikinglagfeltet dannar trua på at sogene frå 1200-talet er nøyaktige skildringar frå 900-talet grunnlaget for argumentasjonar som fortsatt vert nytta i dag (jfr. kap. 6). Ein har samtidige kjelder som talar om personer knytt til jomsvikingsoga (kap. 6.1.1), men her er korkje Hjørungavåg eller Jomsvikingane nemnte (kap. 6.1.2). Hjørungavåg og Jomsvikingane kjem fyrst inn ved sogene som vart nedskrivne på 1200-talet. Med det materialet ein har i dag kan ein korkje stadfeste slagstaden eller sjølv eksistensen av jomsvikingar og staden ”Hjørungavåg”.

Sjølv om dei nye kulturminna i Hjørungavåg syner til ei kanskje ikkje-eksistert fortid, har dei eit meiningsinnhald av stor tyding. Som heimesidene til Hareid kommune fortel oss i dag er dei nye kulturminna i Hjørungavåg;

”reist som eit synleg prov på kor viktig dette slaget var for fridomen vår. Dei tusenar som var med den gongen [ved 1000-års minne i 1986], fekk med seg noko av vår soge som verkeleg er verd å minnast, kanskje no meir enn nokon gong tidlegare” (Inett 12).

Praksisar knytt til dei nye kulturminna i Hjørungavåg formidlar ein nasjonal identitet som knyt vikingslaget til forsvaret av nasjonen Norge og fridomen ein føler vi har i dag. Dette er stadfesta av både Konge, Regjering og Storting, som kan støtte seg til både dei gamle sogene og historikarar si tolking av desse. Eit av måla med å gjennomføre ei 1000-års feiring av jomsvikingslaget var ei von om at ”stemnet vil kunne styrke nasjonalkjensla og forsvarsviljen i folket”. I dette kan det ligge at ein vonar at slaget i Hjørungavåg og dei nye kulturminna skal tilskrivast meiningar og verdiar som har stor tyding for den eldre generasjonen, og som har bakgrunn i erfaringar og kunnskapar desse har tileigna seg. Blant desse erfaringane er opplevingar frå 2. verdskrig, der monarkiet spela ei viktig symbolsk rolle. Arbeidet som er lagt i å vidareføre dei historiske verdiane som ein tilskrive jomsvikingslaget med har vore imponerende. Dette har dei fått honnør for av Presidentskapet i Stortinget, jfr. kap. 6.2.2.

Med viten om at slaget i Hjørungavåg kanskje aldri har eksistert (bortsett frå i moderne tid), og ein redda Norge (som ikkje eksisterte som nasjon i vikingtida) frå jomsvikingane (som ein heller ikkje har samtidige skriftlege kjelder etter), kan ein setje spørsmålsteikn ved korleis ein tolkar slaget i dag. Har dette ”vikingslaget” hatt så stor tydnad for forsvaret av landet, fridomen vår og utviklinga av demokratiet? Slik slaget vert feira i dag, legg ein stor vekt på verdiar som har hatt stor tydnad for menn i den eldre generasjonen. Ein bør vere open for og respektere andre tolkingar og tilskrivningar til slaget enn det nasjonal-militære synet som pregar forteljinga i dag (jfr. kap. 6.3 og 6.4). Jomsvikingsoga er ei dramatisk og spanande soge som kan tolkast ut frå fleire innfallsvinklar enn det som i dag er dominerande.

Sjølv om i dag ikkje kan seie noko om kvar slaget i Hjørungavåg har stått, eller om det er ei røynd hending i det heile, tyder ikkje dette at vi i framtida kan finne nye løysingar. Dette kan skje gjennom funn av nytt materiale. Det treng ikkje vere store eller sensasjonelle funn, men kanskje funn som vert samla inn i arkiva litt eller litt.

Det kan og skje gjennom utvikling av nye metodar og teoriar som set materiale i nytt lys. Dette er ein del av meininga med praksisen kulturminnevernet driv. Ved å forvalte kulturminne og kulturmiljø søker kulturminnevernet først og fremst å verne desse ressursane. I dei tilfelle kulturminna og kulturmiljø må øydeleggjast, krev kulturminnevernet at øydeleggjingane må dokumenterast og materialet samlast inn. Ved at materialet vert samla inn i ulike arkiv kan desse kanskje nyttast i framtidig forskning. Eit døme på dette er frå kap. 8. Her kan ein gullring funne ved/i Oshaugen i 1859 samanliknast med resultata frå ei arkeologisk registrering utført i 1999, der ein har nytta heilt andre metodar enn dei som vart nytta tidlegare. Vidare kan ein samanlikne gullringen med den andre ringen av same type som er funnen i ei grav i Uppsala. Kvifor er desse gullringane så sjeldne ? Kvifor er dei funne akkurat på Osnes og i Uppsala ? Finst det ein samanheng mellom desse stadane ? Dette er spørsmål som ein ikkje kunne ha stilt i det heile, om dei som budde på Osnes (jfr. kap. 8) ikkje hadde sendt gullringen til Bergen Museum. Haldningar hjå dei lokale har stor tyding for kjeldematerialet til arkeologar.

Denne oppgåva inngår i ein akademisk praksis, der folk sine fortolkingar og meiningar har vorte redusert inn i ein akademisk form. Noko som skal gje meg sjølv ein sjanse til å tre inn i ein ny identitet, arkeolog. Kva fortel då kulturminna "oss" arkeologar ?

Mange arkeologar har sitt arbeid innan kulturminnevernet (jfr. kap. 4). Her har denne oppgåva synt oss at det finnast ei mengde med lokale meiningar, tolkingar, diskursar og kunnskap som av ulike grunnar ikkje har vore tekne hensyn til i den arkeologiske diskursen.. Med ei målsetjing om at det vitenskaplege kjeldemateriale og skal takast vare på som ein ressurs for både dagens og framtidens generasjonar, bør kulturminnevernet ta del i dei lokale meiningtilskrivningane og diskursane på ein slik måte at kulturminne og kulturmiljø vert verdsett og at fleire generasjonar får knytte sine meiningar til desse. Ein bør ta vare på og respektere dei ulike syn, blant anna dei som er knytt til jomsvikingslaget. Samstundes bør ein utfordre dei "nasjonal-militære" tilskrivningane som dominerar forteljninga om slaget i dag. Dette kan ein gjere ved blant anna å synleggjere desse nasjonale forteljningane og kvar dei kjem frå. Som fru Alving seier i innleiinga;

"Det er ikke bare det vi har arvet fra far og mor som går igjen i oss. Det er alle slags gamle avdøde meninger og alskens gammel avdød tro og slikt noe. Det er ikke

levende i oss; men det sitter i likevel, og vi kan ikke bli det kvitt” (Ibsen [1881] 1991:105).

Kapitla om jomsvikingslaget (kap.6) og om forteljingar knytt til Oshaugen (kap. 8) syner at alle slags meninger og alskens gammel tru går igjen. Blant desse kan ein og kjenne meiningar og forteljingar som var ”vitskapelege” for 50-200 år sidan. Aktørar innan kulturminnevernet kan oppleve at; ”Bare jeg tar en avis og leser i, er det liksom jeg så gjengangere smyge imellem linjene” (Ibsen [1881] 1991:105).

Gjengangarane er ikkje berre knytt til eldre vitskap eller tidlegare tider sin bruk av landskapet (jfr. kap. 8). Ein kan i diskursen kring Årets kulturminne i Ulstein (kap. 7) kjenne igjen argumentasjon som kulturminnevernet tidlegare har nytta. Dei som vil rive kulturminnet nytta ein argumentasjon som ein kjenner igjen frå byrjinga av 1900-talet med vekt på ”antikvarisk” verdi (ofte knytt til alder, plassering, mangfald, sjeldsyn og tilstand). Dei som vil verne kulturminnet nyttar same argumentasjon som kulturminnevernet legg meir vekt på i dag, d.v.s. at ein ser på kulturminna som delar av kulturelle prosessar, der den ”antikvariske” verdien spelar ei mindre rolle. I dette tilfelle vart Årets kulturminne i Ulstein rive ned før Kulturminneåret 1997 var omme.

Ein skal ikkje ha som mål å ” bli kvitt” lokale forteljingar, men heller gje folk eit mangfald av vitskapelege tolkingar som dei kan knyte til kulturminna. Dersom kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på som ein del av vår kulturarv og identitet bør dei som forvalter desse ressursane gje sine fortolkingar ut frå dagens forskning. Om folk vil gje kulturminna og kulturmiljøa ”sine” det same meiningsinnhaldet bør vere opp til ein sjølv. Kulturminna er fysiske leivningar med ei historie som kan gje ei påminning om eller ein sjanse til å oppleve og tenke over kulturelle prosessar. Kulturminne og miljøa dei inngår i, er ikkje berre eit vitskapeleg materiale, men og ein del av levande mennesker sine minne og stridsemner og bør forvaltast deretter.

Litteratur:

- Alvesson, M. og Sköldbberg, K. 1994 *Tolkning och reflektion. Vetenskapsfilosofi och kvalitativ metod*. Studentlitteratur. Lund
- Anderson, B. 1996 *Forestilte fellesskap. Refleksjoner omkring nasjonalismens opprinnelse og spredning*. Spartacus. Oslo
- Andersson, K. 1993a *Romartida guldsmede i Norden I Katalog Societas Archaeologica Upsaliensis*. Aun 17. Uppsala
- Andersson, K. 1993b *Romartida guldsmede i Norden II Fingerringar*. Societas Archaeologica Upsaliensis. Occasional papers in archaeology 6. Uppsala
- Andersson, K. 1995 *Romartida guldsmede i Norden III Övriga smycken, teknisk analys och verkstadsgrupper*. Aun 21. Uppsala
- Bauman, Z. 1996 Postmodernitet, identitet og moral. Vetlesen, A. J. (red.) 1996 *Nærhetsetikk*. Ad notam. Gyldendal. Oslo :122-138
- Bauman, Z. 1999 Postmodernity, or Living with Ambivalence. Elliott, A. (red.) 1999 *The Blackwell Reader in Contemporary social theory*. Blackwell. Oxford :363-376
- Bender, B. 1993 Stonehenge – Contested landscapes (medieval to present-day)
Bender, B. (red.) 1993 *Landscape Politics and Perspectives*. Berg. Oxford :245-279
- Bender, B. 1998 *Stonehenge: making space*. Berg. Oxford
- Bendixen, B. E. 1881 Iagttagelser paa en stipendiereise i Søndmøre 1880.
Antikvariske iagttagelser i Søndmøre, Hardanger, Vos og Sogn 1880. Avtrykk etter Aarsberetning 1880 frå Foreningen til Norske Fortidsminners Bevaring. Werner bogtrykkeri. Kristiania :1-46
- Bergsvik, K. A. 1988 Eva og Per Fett – to veteraner i vestnorsk arkeologi.
ARKEO 1988 nr. 1. Bergen :20-25
- Bergsvik, K. A. 1989 Anders Hagen – professor og samfunnsmenneske.
ARKEO 1989 nr. 1. Bergen :23-28
- Bertelsen, R., Hansen, L. I. og Olsen B. 1996 *Vern av faste kulturminner i skjæringen mellom tradisjon og modernitet*. Prosjektbeskrivelse. Upubl. Tromsø
- Bjørndal, M. 1909 *Intervju med Otto Jetmundson*. Handskrevne notat frå intervju. Upubl. Ulsteinvik

- Bjørndal, M. 1949 *Segn og tru. Folkeminne frå Møre*. Norsk folkeminnelag nr. 64. Oslo
- Bjåstad, I. 1970 Leia og landet. Eit topografisk oversyn. Bjåstad, I. (red.) 1970 *Soga Om Hareid og Ulstein. Den allmenne delen. Bind I*. Sogenemnda for Hareid og Ulstein. Ålesund :7-23
- Bjåstad, I. 1977 *Soga om Hareid og Ulstein. Bind II* Sogenemnda for Hareid og Ulstein. Sunnmørsposten trykkeri. Ålesund
- Bourdieu, P. 1977 *Outline of a theory of practice*. Cambridge University Press. Cambridge
- Bourdieu, P. 1984 *Homo academicus*. Minuit. Paris
- Bourdieu, P. 1995 *Distinksjonen. Ein sosiologisk kritikk av dømmekraften*. Pax forlag. Oslo.
- Bourdieu, P. 1996 I statens ånd Det byråkratiske feltets opprinnelse og struktur. Bourdieu, B. 1996 *Symbolisk makt Artikler i utvalg*. Pax. Oslo :48-77
- Bourdieu, P. 1998 *Om fjernsynet*. Gyldendal. Oslo
- Bourdieu, P. 1999 Structures, Habitus, Practices. Elliott, A. (red.) 1999 *The Blackwell Reader in Contemporary social theory*. Blackwell. Oxford :107-118
- Bourdieu, P. og Wacquant, L. 1993 *Den kritiske ettertanke. Grunnlag for samfunnsanalyse*. Det Norske Samlaget. Oslo.
- Brekke, M. 1996 *Merkverdige ting i naturleg orden. Ein presentasjon av Hans Strøms Fysisk og Oeconomisk Beskrivelse av Fogderiet Søndmør, (1762-66)* Hovudfagsoppgåve ved nordisk institutt. Universitetet i Bergen. Upubl. Bergen
- Burström, M. 1993 *Mångtydiga fornlämningar. En studie av innebörder som tillskrivits fasta fornlämningar i Österrekarne härad, Söderland*. Stockholm Archaeological Reports Nr. 27. Stockholm
- Burström, M. 1996a *Mångtydiga fornlämningar*. Burström, M., Winberg, B. og Zachrisson, T. 1996 *Fornlämningar og folkminnen*. Riksantikvarieämbetet. Stockholm :104-139
- Burström, M. 1996b Skalunda hög. Historier kring en hög. Holmström, E. (red.) 1996 *Mellan bronssköld och JAS-plan – glimtar av Lidköpingsbygdens historia*. Lidköping :78-92
- Burström, M. 1997 Disciplinating the Past. The Antiquarian striving for interpretative supremacy. *Current Swedish archaeology nr. 5 1997*. Stockholm :41-47

- Burström, M. 1999 Focusing on time. Disciplining archaeology in Sweden.
Gazin-Schwartz, A. og Holtorf, C. (red.) 1999 *Archaeology and folklore*.
Routledge. London :35-47
- Burström, M., Winberg, B. og Zachrisson, T. 1996 *Fornlämningar og folkminnen*.
Riksantikvarieämbetet. Stockholm
- Bø, O., Grambo, R., Hodne, B. og Hodne, Ø. 1995 *Norske segner*. Det Norske
Samlaget. Oslo.
- du Gay, P. 1997 Introduction. du Gay, P., Hall, S., Janes, L., Mackay, H. og Nengus,
K. (red.) 1997 *Doing cultural studies. The story of the Sony walkman* Sage.
London :1-5
- du Gay, P., Hall, S., Janes, L., Mackay, H. og Nengus, K. (red.) 1997 *Doing cultural
studies. The story of the Sony walkman*. Sage. London
- Eriksen, T. H. 1996 *Kampen om fortiden. Et essay om myter, identitet og politikk*.
Aschehoug. Argument. Oslo
- Eriksen, T. H. 1997 Identitet. Eriksen, T. H. (red.) 1997 *Flerkulturell forståelse*. Tano
Aschehoug. Oslo :34-52
- Ertresvaag, E. 1982 *Bergen bys historie Bind 3*. Universitetsforlaget. Bergen.
- Fasteland, A. 1981 Fornminne på Sunnmøre. Ulstein kommune. *Rapport om
topografisk-arkeologisk registrering for det økonomiske kartverket*. Bind 3.
Historisk museum. Bergen
- Fett, P. 1951 *Førhistoriske minne på Sunnmøre. Ulstein prestegjeld*. Universitetet i
Bergen. Historisk Museum. Bergen
- Fett, P. 1959 Namn på sunnmørske gravhaugar. *Tidskrift for Sunnmøre Historielag*.
35. årgang. Sunnmørsposten trykkeri. Ålesund :18-21
- Fett, E. 1970 Fyrste far etter menneske. Fornfunna frå steinalder til vikingtid.
Bjåstad (red.) 1970 *Soga om Hareid og Ulstein. Den allmenne delen. Bind I*.
Sogenemda for Hareid og Ulstein. Ålesund :41-123
- Feyerabend, P. 1987 *Farewell to Reason*. Verso. London
- Feyerabend, P. 1993 *Against Method*. Verso. London
- Fidjestøl, B. 1992 Soga om jomsvikingane etter Am 510 4to. Larsen, S. U. (red.) 1992
Soga om Jomsvikingane. Hareid historielag 1992. Årgang nr. 18. Hareid
:89-224
- Flaatten, E., Resvoll, H. og Aarvold, R. 1996 *Opinionens kjennskap og holdninger til
kulturminner* Kommentarrapport. Utarbeidet for Riksantikvaren og Statens
Informasjonstjeneste. Markeds- og Mediainstituttet (MMI). Oslo

- Forseth, L. (red.) 1998 *Historien om kulturminnestafetten. De frivillige kulturminneorganisasjoners hovedprosjekt i kulturminneåret 1997*. Oslo
- Fossåskaret, E. 1997 Ustrukturerte intervjuer med få informanter gir i seg selv ikke noen kvalitativ undersøkelse. Fossåskaret, E., Fuglestad, O. L. og Aase, T. H. (red.) 1997 *Metodisk feltarbeid. Produksjon og tolkning av kvalitative data*. Universitetsforlaget. Oslo :11-45
- Foucault, M. 1980 Two lectures. Gordon, C. (red.) 1980 *Power/Knowledge. Selected interwievs and other writings 1972-1977 by Michel Foucalt*. Harvester Wheatsheaf. London :78-108
- Furseth, M. 1992 *Jomsvikingslaget. Dana skeidar over havet styrte. Ei utgreiing og ein ny teori om det store Jomsvikingslaget*. Ørsta
- Gazin-Schwartz, A. og Holtorf, C. (red.) 1999 *Archaeology and folklore* Routledge. London
- Gellner, E. 1983 *Nations and Nationalism*. Oxford
- Gellner, E. 1998 *Nasjonalisme*. Spartacus. Oslo.
- Grammaticus, S. 1994 [1514] *Danmarks krønike*. Sesam. Viborg
- Griffin, K. og Pedersen, E. S. (red.) 1991 Fornminnevernet i 1990-årene. Norsk arkeologmøte i Stavanger 1990 *AmS-Rapport 6*. Arkeologisk museum i Stavanger. Stavanger
- Gundersen, F. 1996 Framveksten av den norske miljøbevegelsen. Strømsnes, K. og Selle, P. (red.) 1996 *Miljøvernpolitikk og miljøvernorganisering mot år 2000*. Tano. Aschehoug :37-81
- Guneriussen, W. 1996 *Aktør Handling Struktur. Grunnlagsproblemer i samfunnsvitenskapene*. Tano. Tromsø
- Gunnes, E. 1976 Rikssamling og kristning 800-1177. Mykland, K. (red.) 1976 *Norges historie*. Cappelen forlag. Oslo
- Gustafson, G. 1901 Den norske oldforskning; et tilbakeblik og et fremtidsprogram. *Aarsberetningen for 1901 fra Foreningen til norske Fortidsmindesmærkers Bevaring*. Oslo :1-25
- Hagen, A. 1997 *Gåten om kong Raknes grav. Hovedtrekk i norsk arkeologi* Cappelen Fakta. Oslo
- Hansen, L. I. og Olsen, B. 1997 Tradisjon og modernitet i kulturminnevernet *Ottar nr. 3 1997*. Tromsø Museum. Tromsø :38-47
- Hodder, I. 1982 *The present past: an introduction to anthropology for archaeologists*

Batsford. London

- Hodder, I. 1986 *Reading the past: current approaches to interpretation in Archaeology*. Cambridge University Press. Cambridge
- Holm, I. 1999 Clearance cairns. The farmers' and the archaeologists' views. Gazin-Schwartz, A. og Holtorf, C. (red.) 1999 *Archaeology and folklore*. Routledge. London :214-229
- Ibsen, H. 1991 [1881] Gengangere. Ibsen, I. 1991 *Samlede verker. Bind 2*. Det Norske Bokklubben. Gjøvik :91-118
- Ignatieff, M. 1994 *BLOOD AND BELONGING Journeys into the New Nationalism* Vintage. London
- Indrelid, S. 1984 Bronsealderens samfunn. Indrelid, S. og Larsen, S. U. (red.) 1984 *fra de første fotefar. Sunnmøres forhistorie*. Sunnmørspostens forlag. Ålesund :37-44
- Indrelid, S. 1994 Fornminnevern i kommunane. Kva lokalsamfunna sjølve kan gjera for å ta vare på minna om si eldste tid. *Fok-programmets skriftserie nr. 15* Noregs forskingsråd. Oslo
- Johansen, A. 1995 *Den store misforståelsen. «Kulturarv» og «nasjonal egenart» i Norgesreklame og politisk kultur. En advarsel*. Tiden Norsk Forlag. Oslo
- Johansen, A. 1996 Etterord. Anderson, B. 1996 *Forestilte Fellesskap*. Spartacus. Oslo :257-272
- Joleik, A 1992 [1910] Soga om Jomsvikingane etter Sth 7 4to. Larsen, S. U. (red.) 1992 *Soga om jomsvikingane*. Omarbeid versjon av tidlegare omsetjing. Hareid historielag 1992. Årgang nr. 18. Hareid : 33-88
- Keller, C. 1978 *Arkeologi – virkelighetsflukt eller samfunnsforming* Universitetsforlaget. Oslo
- Klüwer L. D. 1960 [1823] *Norske mindesmærker aftegnede paa en reise igjennem en deel af det Nordenfjeldske*. Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab i Trondhjem. Christiania. Faksimilutgåve. Foreningen Facsimilia Nidrosiensia. Trondheim
- Krogh, M. 1999 *Tradisjoner, landskap og folk. Om Kulturminner og –vern i Berlevåg* Hovudfagsoppgåve i arkeologi. Universitetet i Tromsø. Upubl. Tromsø
- Kvalsvik, B. 1993 Forord til den norske utgåva. Bourdieu, P. og Wacquant, L. 1993 *Den kritiske ettertanke. Grunnlag for samfunnsanalyse*. Det Norske Samlaget. Oslo : 7-21
- Larsen, S. U. 1984 Om å studere forhistorie. Indrelid, S. og Larsen, S. U. (red.) 1984

- fra de første fotefar. Sunnmøres forhistorie. Sunnmørspostens forlag. Ålesund :202-230*
- Larsen, S. U. 1988 Med 100 års mellomrom: to skuespill om slaget i Hjørungavåg. *Tidsskrift for Sunnmøre Historielag Årgang 64. Ålesund :141-150*
- Larsen, S. U. 1992 Innleiing. Larsen S.U. (red.) 1992 *Soga om Jomsvikingane Hareid Historielag. Årgang nr. 18. Hareid :9-32*
- Larsen, S. U. 1999 Teorier vokser frem fra sikker kunnskap. Hans Strøm som forsker og vitenskapsmann. Apelset, A. og Døssland, A. (red.) 1999 *Hans Strøm (1726-1797) eit usnitt frå norsk opplysningstid. Arbeidsrapport nr. 81. Høgskulen i Volda. Volda :71-85*
- Laxness, H. 1971 En islandsk roman om Danmark. Kronikk i *Politiken* 11.juli 1971. København
- Liavåg, J. 1986 Etterord. Waage, P. F. (red.) 1986 *Slaget ved Hjørungavåg år 986 Eit 1000-årsminne. Utgjeve på eige forlag. Hareid :67-73*
- Lidèn, H.-E. 1991 *Fra antikviteten til kulturminne. Trekk av kulturminnevernets historie i Norge. Universitetsforlaget. Bergen*
- Linge, P. E. 1992 *Gangerolv's mektige Møre ~ veien til Sigtuna og Birka. Sunnmørsposten Forlag. Ålesund*
- Lofland, J. 1971 *Analyzing social settings: a guide to qualitative observation and analysis. The Wadsworth series in analytical ethnography. Belmont*
- Lowenthal, D. 1990 Conclusion: archaeologists and others. Lowenthal, D. og Gathercola, P. (red.) 1990 *The politics of the past. Routledge. London :302-314*
- Lunden, K. 1986 Slaget ved Hjørungavåg – Dikting, historie, nasjonal myte. Foredrag ved 1000 års jubileet for slaget ved Hjørungavåg 15.08. 1986. Trykt i *Arbeiderbladet* 18. og 20. august 1986. Oslo. Også trykt i *Middelalderforum – Forum mediavale 13, 1986 hefte 3-4. (Oslo 1987). Oslo :86-96*
- Lunden, K. 1993 *Nasjon eller union ? Refleksjonar og røymsler. Det norske Samlaget. Oslo*
- Lyotard, J.-F. 1996 *Viden og det postmoderne samfunn. Slagmarks Skyttegravsserie. Århus*
- Lyotard, J.-F. 1999 The postmodern condition. Elliott, A. (red.) 1999 *The Blackwell reader in contemporary social theory. Blackwell. Oxford :317-326*
- Marøy Hansen, A. in prep. Undersøkelse på Osnes 1998. Bergen Sjøfartsmuseum. Bergen

- Meyer, S. 1999 Identitetsmakt i Norge. Meyer S. og Sirnes T. (red.) 1999 *Normalitet og identitetsmakt i Norge*. Makt- og demokratiutredningen 1998-2003. AdNotam Gyldendal. Oslo :9-28
- Munch, P. A. 1852 *Det norske Folks Historie*. Tønsbergs forlag. Christiania.
- Miller, D og Tilley C. (red.) 1984 *Ideology, power and prehistory*. Cambridge University Press. Cambridge
- Myhre, B. 1991 Kulturminnevern, forskning, ideologi og politikk. Griffin, K. og Pedersen, E. S. (red.) 1991 *Forminnevernet i 1990 årene*. Norsk arkeologmøte i Stavanger 1990. AmS-Rapport 6. Stavanger :25-35
- Myhre, L. N. 1994 *Arkeologi og politikk. En arkeo-politisk analyse av faghistoria i tida 1900-1960*. Varia nr. 26. Universitetets oldsaksamling. Oslo
- Myklebust, D. 1999 Utviklingen av kulturminnevernet i Norge gjennom 1900-tallet – Noen hovedtrekk og noen fremtidsvyer. *Årbok Foreningen til norske fortidsminnemerkeres bevaring*. Oslo :9-34
- Neuman, J. 1826 Bemærkninger paa en Reise i Søndmør og Nordfjord. *Budstikken. Et Ugeblad af statistikk oeconomic og historisk Indhold. Syvende Aargang. No. 8 til 11*. Grøndahl. Christiania :57-88
- Neuman, J. 1837 Oushaugen. *Urda, et norsk antiqvarisk-historisk tidsskrift* Første bind. Bergenske Musæum. Bergen :101-102
- Neuman, J. 1838 Antikvariske exkursioner paa Søndmør (Supplementer til mine Reisebemærkninger 1824 *Urda, et norsk antiqvarisk-historisk tidsskrift* Bergenske Musæum. Bergen :129-159
- Nørlund, P. 1948 *Trelleborg*. København.
- Olsen, B. 1990 Roland Barthes: From Sign to Text. Tilley, C. (red.) 1990 *Reading material culture*. Blackwell. Oxford :163-205
- Petersen, J. G. T. 1914 Overtro fra gravhaug. Olsen, M. (red.) 1914 *Maal og minne*. *Norske studier*. Bymaals-lagets forlag. Kristiania :106-112
- Pilskog, F. 1999 *Arkeologisk registrering på Osnes, Ulstein kommune*. Arkeologisk registrering i samband med planar for Møre og Romsdal fylkeskommune. Upubl. Molde
- Pramli, M. 1999 *Kulturminner i Harstad, mellom forskning, forvaltning og befolkning*. Stensilserie B nr. 58. Universitetet i Tromsø. Tromsø
- Pålshaugen, Ø. 1994 *Behersker vi kunsten å lese og skrive ? – Bemerkninger til Habermas Derrida-leskyre*. Del 1 av avhandling (dr.philos). Universitetet i Oslo. Arbeidsforskningsinstituttet. Oslo

- Ramus J. 1735 [1715] *Norriges Beskrivelse: hvorudi dette Riges Strekning, Beskaffenhed og Deeling udi visse Lehn, Biskopsdømmer ...: saavel som Indbyggernes Tilstand og Næring, tillige med ..., og til Slutning er hosføiet en Fortegnelse paa Dyr, Fugle, Fiske, Træer og Urter som findes i Norrige.* H.R. Majsts. og Univ. Bogtrykkerie. København
- Repstad, P. 1998 *Mellom nærhet og distanse : kvalitative metoder i samfunnsfag* Universitetsforlaget. Oslo
- Rinde, O. 1968 *Bondesamfunn og jordbruksnæring i ei kystbygd på Sunnmøre. Utviklinga i Ulstein i tidbolken 1860-1900* Hovudfagsoppgåve i historie. Universitetet i Bergen. Bergen
- Rygh, O. 1897 *Norske gaardsnavne: Oplysninger samlede til brug ved Matrikelens Revision.* Bind 13. Romsdals Amt. Fabritius. Kristiania
- Røssaak, E. 1998 *Det postmoderne og de intellektuelle. Essays og samtaler.* Spartacus. Oslo
- Schaanning, E. 1993a *Modernitetens oppløsning. Sentrale skikkelser i etterkrigstidens idèhistorie.* Spartacus. Oslo.
- Schaanning, E. 1993b *Kommunikative maktstrategier. Rapporter fra et tårn.* Spartacus. Oslo
- Schetelig, H. 1911 *Folketro om gravhauger.* Olsen, M. (red.) 1911 *Maal og minne. Norske studier.* Bymaals-lagets forlag. Kristiania :206-212
- Schøning, G. 1781 *Rigets Historie fra Kong Hagen Adelstein-Fostres Død til Kong Olaf Tryggvesøns Ankomst til Rigieringen.* Oslo
- Shanks M. og Tilley C. 1992 *Re-constructing archaeology: theory and practice.* 2. utg. Routledge. London
- Simonsen, A. 1998 *Evaluering av Kulturminneåret 1997. Revidert utgåve. SI rapport nr. 1998:1.* Statens informasjonstjeneste. Oslo
- Solli, B. 1996a *Narratives of Veøy. An Investigation into the Poetics and Scientifics of Archaeology.* Universitetets Oldsaksamlings Skrifter Nr. 19. Oslo
- Solli, B. 1996b *Fortiden er et annet sted. Norsk antropologisk tidsskrift. 7. årgang. Nr. 2.* Universitetsforlaget. Oslo :79-90
- Solli, B. 1997 *Ting og tid, fortellinger og identitet.* Brenna, B. og Fjeldstad, K. M. (red.) 1997 *Kollektive identiteter, ting og betydninger. Senter for teknologi og menneskelige verdier. TMV skriftserie nr. 24, 1997.* Oslo :163-179
- Solli, B. 2000 *Seks arkeologiske momenter foran et nytt årtusen. Frå haug ok heidni*

- nr. 1 2000. Tidsskrift for Rogalands arkeologiske forening. Stavanger :24-34
- Standal, R. 1997 Hans Strøm (1726-97). *Hans Strøm 1997 Annotations Boog over de Merkværdigheder som udi Syndmørs Fogderie forefindes indrette[t] Anno 1756*. Haram kulturhistoriske lag og Høgskulen i Volda. Volda : XI-XIII
- Steinnes, A. 1972 *AM 370 fol.: Jonas Andersson frå Skånevik om fornminne i Bergen bispedømme 1626*. Faksimile utgåve. Det norske språk- og litteraturselskap. Oslo
- Steinnes, S. 1991 *Landskapsendringar og landskapskvalitetar i ein bygdeby. Ein studie av Ulsteinvik på Sunnmøre*. Hovudfagsoppgåve i Geografi. Universitetet i Bergen. Upubl. Bergen
- Strøm, H. 1952 [1766] *Physisk og Oeconomisk Beskrivelse over fogderiet Søndmør, beliggende i Bergens Stift, i Norge. Anden Part*. Sørums Forlag. Oslo
- Strøm, H. 1997 *Annotations Boog over de Merkværdigheder som udi Syndmørs Fogderie forefindes indrette[t] Anno 1756*. Haram kulturhistoriske lag og Høgskulen i Volda. Volda
- Sturluson, S. 1995 *Norges kongesagaer. Bind I*. LibriArte. Oslo
- Svestad, A. 1995 *Oldsakenes orden. Om tilkomsten av arkeologi*. Universitetsforlaget. Oslo
- Tanderup, R. og Ebbesen, K. 1979 *Forhistoriens historie. Med vor ældste udgravningsberetning*. Wormiaianum. Århus
- Thesen, G. 1861 *Beskrivelse af Romsdals Amt*. Berntzens Bogtrykkeri. Christiania
- Thue, F. W. 1996 *Bergens Museum som humanistisk lærdomssentrum 1825-1946*. Roll-Hansen, N., Goksøyr, J., Irgens, L. M., Helle, K. B., Bertelsen, T. I., Lie, R. K., Nernæs, A., Selvig, K. A., Thue, F. W., Bagge, S. og Teigen, K. H. 1996 *Universitetet i Bergens historie Bind 2*. Bergen
- Torfæus, T. 1711 *Historia rerum norvegicarum*. Hafniæ
- Trøim, I 1999 *Arkeologisk forskning og det lovregulerte fornminnevernet. En studie av fornminnevernets utvikling i perioden 1905-1978*. Varia nr. 49. Universitetets Oldsaksamling. Oslo
- Utskiifting 1869 Dokument frå utskiftinga av Osnes i 1869. Upubl. Ulsteinvik
- Wacquant, L. 1993 *Innleiing*. Bourdieu, P. og Wacquant, L. 1993 *Den kritiske ettertanke. Grunnlag for samfunnsanalyse*. Det Norske Samlaget. Oslo :22-52
- Wadel, C. 1990 *Den samfunnsvitenskaplige konstruksjonen av virkeligheten*. Seek. Flekkefjord

- Wadel, C. 1991 *Feltarbeid i egen kultur en innføring i kvalitativt orientert samfunnsforskning*. Seek. Flekkefjord
- Wexelsen, E. 1975 Trekk fra fortidsvernets eldste historie i Norge.
Fra korrespondansen mellom J. C. Dahl og Anders Faye. Hinsch, L., Tschudi-Madsen, S. og Wexelsen, E. 1975 *Pionerer i arkitekturvern*. Foreningen til norske Fortidsminnemerkers Bevaring, Oslo
- Woodward, K. 1997 Introduction. Woodward, K. (red.) 1997 *Identity and Difference* New York :1-6
- Woodward, K. 1997 Concepts of identity and difference. Woodward, K. (red.) 1997 *Identity and Difference* New York: 8-50
- Waage, P. F. 1978 *Ulstein kyrkje gjennom tidene*. Hatlehols trykkeri. Ålesund
- Waage, P. F. 1986 Slaget ved Hjørungavåg. Waage, P. F. (red.) 1986 *Slaget ved Hjørungavåg år 986. Eit 1000-årsminne*. Utgjeve på eige forlag. Hareid :9-60
- Østerberg, D. 1999 *Det moderne. Et essay om Vestens kultur 1740-2000*. Gyldendal. Oslo
- Øvrelid, A. 1981 Slaget ved Hjørungavåg. *Tidsskrift for Sunnmøre Historielag Årgang 57*. Ålesund :17-39
- Aannestad, H. L. 1999 *Her haver det i Fortiden været et mærkelig Sted om bygdeboger og folketro*. Hovudfagsoppgåve i arkeologi. Universitetet i Tromsø. Upubl. Tromsø
- Aasen, I. 1996 [1878] Om sjeldsynte Dyr i Sjoen. Aasen, I. 1996 *Skrifter i samling II* Gyldendal. Oslo :211-217
- Offentlege utredingar og lovverk:**
- Innst. O. nr. 73 (1991-92) Innstilling frå kommunal- og miljøvernkomiteen om lov om endringer i lov av 9. juni 1978 nr. 50 kulturminner
- Innst. S. nr. 237 (1984-1985) Om Løyving til nasjonalmonumentet m.v. i samband med 1000 års-minnet om slaget ved Hjørungavåg i året 986
- Innst. S. nr. 135 (1987-88) Bygnings- og fornminnevernet
- Kommunesak nr. 140/77 1977 Vedtak om å skiping av ei 5 manns nemnd for 1000 års feiring av slaget i Hjørungavåg. Hareid kommunestyre. 20. oktober 1977. Hareid
- Lov om Fredning og Bevaring af Fortidslevninger 13. juli 1905

Lov om fornminne av 29. juni 1951

Lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50

Lov om kulturminne av 3.juli 1992 nr. 96

Lov om personregistre m.m. 1978 nr. 48

Lov om veivesenet 1851

Miljøverndepartementet 1989 *Rundskriv T-6/89*. Det kongelige
Miljøverndepartement. Oslo

NOU 1982 *Kulturminnevernet 1982:36*. Statens forvaltningsteneste. Oslo

NOU 1996 *Museum Mangfald, minne, møtestad 1996:7*. Statens forvaltningsteneste.
Oslo

Ot. prp. nr. 2 (1977-78) Om lov om personregistre m.m.

Ot.prp. nr. 51 (1991-92) Om lov om endringer i lov av 9. juni 1978 nr. 50 om
kulturminner

Stortingsmelding nr. 39 1986-87 Om bygnings- og fornminnevernet

Andre kjelder:

Dateringar:

Gulliksen, S. 2000 *Dateringsrapport. DF-3223* Laboratoriet for radiologisk datering.
NTNU. Trondheim

Dateringar: Osnes, Ulstein kommune.

Oppdragsgjevar: Møre og Romsdal fylkeskommune

<u>Prøve</u>	<u>Oppdragsgjevar si referanse</u>	<u>Materiale</u>	<u>Ukalibrert</u>	<u>Kalibrert alder</u>
T-14611	Prøve 1, struktur 3/30, sjakt 3	trekol, furu	1950 ± 80	BC30-AD140
T-14612	Prøve 11, 12, 13 lag 6, sjakt 14	trekol	1430 ± 75	AD570-AD665
T-14613	Prøve 9, 10 lag 3, sjakt 14	trekol	1480 ± 100	AD455-AD660
T-14614	Prøve 18, lag 2, sjakt 17	trekol, furu bjørk, hegg/rogn	2405 ± 100	BC760-390

Internett:

- Inett 1: <http://www.ulstein.kommune.no> Side 5
- Inett 2: <http://www.riksantikvaren.no/losblad/72.htm> Side 20
- Inett 3: <http://www.riksantikvaren.no/losblad/72.htm> Side 1 av 16 Side 20
- Inett 4: <http://www.ub.uib.no/avdeling/spes/godbit98/oktober.htm> Side 42
- Inett 5: <http://www.riksantikvaren.no/miljofor.html> Side 49
- Inett 6: <http://www.riksantikvaren.no/forvalt.html> Side 50
- Inett 7: <http://nsd.uib.no/personvern/katalog.html> Side 63
- Inett 8: <http://www.hareid.kommune.no/slaget/soga.htm> Side 66
- Inett 7: <http://www.hareid.kommune.no/images/hjvaagd.jpg> Side 78
- Inett 9: <http://www.hareid.kommune.no> Side 81
- Inett 10: <http://www.home.sol.no/~gjon/sjoen.htm> Side 86
- Inett 11: <http://www.hareid.kommune.no/slaget/soga.htm> Side 103
- Inett 12: <http://www.crosswinds.net/~jknutsen/fotoarkivet> Side 113
- Inett 13: <http://www.hareid.kommune.no/slaget> Side 137